

John Bjarne Jordal

Kartlegging av naturtyper i Smøla kommune



**Smøla kommune
2004**

Rapporten kan bestillast frå:

Smøla kommune
6570 Smøla
tlf. 71 54 04 00

Adressa til forfattaren:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45
epost: john.bjarne.jordal@sunndals.net

Denne rapporten kan refererast som:

Jordal, J. B., 2004: Kartlegging av naturtypar i Smøla kommune. Smøla kommune, rapport. 108 s. ISBN 82-994096-5-9.

Framsidedfoto:

Øvst t.v.: Hestøya ved Leirvika med utegangarsau, ein av mange gamle beiteholmar.

Øvst t.h.: Gul slimvokssopp, ein sopp knytt til gamle beitemarker på ytterkysten, arten har mange funn og nordgrense på Smøla.

Nedst t.v.: Engmarihand er ein av dei mange orkidéane som veks på rikmyrene i Skjølbergområdet.

Nedst t.h.: Skjergarden med mange vågar og brakkvasspollar er eit av særmerka ved Smøla. Brakkvasspollar med spesialiserte artar som skruehavgras og busttjønnaks har Smøla meir av enn resten av fylket.

Foto: John Bjarne Jordal ©

FØREORD

Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet. Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet.

Denne rapporten er laga av biolog John Bjarne Jordal på oppdrag av Smøla kommune. Rapporten er i hovudsak basert på samanstilling av kjent kunnskap. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Digitalisering av kartdelen av rapporten er utført av Miljøfaglig utredning AS v/ Helge Fjeldstad.

Arbeidet med rapporten er finansiert slik:

Tilskott frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:	kr. 35.000,-
Løyving frå Smøla kommune:	kr. 37.000,-
Samla kostnad:	kr. 72.000,-

Smøla kommune, den 29.03.2004.

Per Halse
næringskonsulent landbruk

INNHALD

SAMANDRAG	6
INNLEIING	11
BAKGRUNN.....	11
FORMÅL	11
ORDFORKLARINGAR	11
METODAR OG MATERIALE	13
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	13
AVGRENSING, VERDSETTING OG PRIORITERING	14
PRESENTASJON	16
NATURGRUNNLAG	17
LANDSKAP M.M.	17
KLIMA	17
GEOLOGI.....	17
LAUSMASSAR	18
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING	18
NATURTYPAR	20
HAVSTRAND/KYST.....	20
KULTURLANDSKAP	20
MYR.....	21
FERSKVATN.....	22
SKOG	23
RASMAR, BERG OG KANTKRATT	23
LOKALITETAR	24
1 VEIHMEN: INNVEIEN	24
2 HAUGØYA	24
3 MÅØYA (BRAKKVASSPOLL)	25
4 MÅØYA (FERSKVATN).....	25
5 HOPAVASSDRAGET: UTLØPET/HOPØYA	25
6 HOPAVASSDRAGET: HOPELVA.....	26
7 HOPAVASSDRAGET: LITLVATNET M.M.	26
8 HOPAVASSDRAGET: KORSVATNET	27
9 AUNVÅGEN: KVALPØYA, SØRLEGE DEL	27
10 AUNVÅGEN: KVALPØYA, VESTRE DEL	28
11 AUNVÅGEN: FLØTJØNNA.....	28
12 AUNVÅGEN (POLL)	29
13 VEGKANTAR VED AUNVÅGEN	29
14 TRETTØRDVATNET	29
15 GRUNNVÅGEN.....	30
16 DAM NORD FOR LANGÅSEN	30
17 LITLNESET VED KUØYA.....	31
18 LITLNESET, INDRE DEL	31
19 GRUNNVÅGEN, VESTRE DEL	32
20 MONSØYA.....	32
21 DYRNES: STORNESET	33
22 DYRNES: SPRANGØYA.....	33
23 DYRNES: VIKA	33
24 BRATTVÆR, BEITEMARKER V/KYRKJA	34
25 AUST FOR BRATTVÆR (STRANDENGER)	34
26 AUST FOR BRATTVÆR (POLL)	35
27 SKOMSØYVÅGEN, VED VEGEN.....	35
28 SKOMSØYVÅGEN, INDRE DEL	36
29 GAMLEVEGEN NORD FOR GJELBERG	36
36 KRÅKVIKVATNET NORD FOR GJELBERG	36
30 LEIRA (TJØNNØYSUNDET)	37

31 TJØNNØYA, SØRLEGE DEL	37
32 GJELBERGØYA, NORDVESTRE DEL	38
33 ODDEN	38
34 KORSHOLMEN	39
35 ØYER SØR FOR STEINSØYA	39
123 ERSNESET: OSTJØNNA	39
37 KLAKKAVÅGEN: INNER KLAKKAVATNET	40
38 FUGGELVÅGEN	40
39 RØKMYRANE OG JØSTØLMYRANE	41
40 RØKMYRANE OG HOLMVASSMYRANE	41
41 FUGGELVÅGELVA VEST FOR FUGGELVÅGVATNA	42
42 FUGGELVÅGELVA AUST FOR FUGGELVÅGVATNA	42
43 MYRER SØR FOR KJYSVATNET	43
44 TOPPMYRAN	43
45 PILSVATNET	43
46 SVARTVASSMYRA/KVITMJØLSOKNA	44
47 LITJVATNET VED BERGLI	44
48 HOPASINGMYRA	45
49 SVARTHAUGMYRA	45
50 KOLBERGMYRA	46
51 JØSTØLEN, BEITEMARK	46
59 JØSTØLEN: TJØNN VEST FOR KVERNAVATNET	46
52 JØSTØLØYA	47
53 JØA: BEITE NORDVEST FOR GARDANE	48
54 JØA: TJØNNER VEST FOR GARDANE	48
55 JØA: STEINNESBERGET	49
56 JØA: VED MØTUA	49
57 HALLARVIKA: FLØTJØNNA	50
58 SKJØLBERG: KVERNAVATNET	50
60 SKJØLBERG: BOLLVATNET	51
61 SKJØLBERG – MAURDALEN (KALKOMRÅDA)	51
62 SKJØLBERG (VEGKANT)	52
63 ELVEGARDEN	53
64 STRAUMEN: FLØTJØNNIN	53
65 STRAUMEN: EITJØNNA	54
66 STRAUMEN: LEIRVIKVÅGEN, VESTRE DEL	55
67 STRAUMEN: INNER KLOVÅGEN	55
68 STRAUMEN: YTTER KLOVÅGEN	55
69 LANGHAUGMYRA/HØLJEMYRA	56
70 RANGNES: SANDVATNET	56
71 RANGNES: SKARPGARDVÅGEN	57
72 RANGNES: RANGNESVATNET M.M.	57
73 RANGNES	58
74 RANGNES: VALEN (KALLARSUNDET)	58
75 ROSVOLLØYA: NORDSIDA	59
76 ROSVOLLØYA: ÅRAVATNET	59
77 ROSVOLLØYA: SINGSØYTJØRNA	60
78 ROSVOLLØYA: FLAKANESSET, SØRLEGE DEL	60
79 ROSVOLLØYA: FLAKANESSET, NORDLEGE DEL	61
80 ROSVOLLØYA: SØRVEST FOR KALVØYA	61
81 ROSVOLLØYA: BREIDNESET, NORDLEGE DEL	62
82 ROSVOLLØYA: BREIDNESET, AUSTLEGE DEL	62
83 ROSVOLLØYA: KVERNAVÅGEN, AUSTRE DEL	62
84 ROSVOLLØYA: KVERNAVÅGEN, VESTRE DEL	63
85 ROSVOLLØYA: FLASKA	63
86 ROSVOLLHAUGEN	64
87 ROSVOLL: FURØYA	64
88 HESTØYA V/KULI	65
89 KULI, SØRVESTRE DEL	65
90 KULI, NORDAUSTRE DEL	66
91 KULI: EIKESKOGEN	67
92 SØR-SMØLA: STORE SVELUNN	68
93 SØR-SMØLA: LITJ-SVELUNN	68
94 SØR-SMØLA: HOØYA	68

95 SØR-SMØLA: OLDERØYA	69
96 SØR-SMØLA: SVINØYA (STORSVINØYA).....	69
97 SØR-SMØLA: ARNØYA	70
98 SØR-SMØLA: STORE BLÅSVÆR	70
99 SØR-SMØLA: JOØYA	71
100 EDØYA: EDØYVALEN	71
101 EDØYA: NORDSIDA	72
102 EDØYA: KYRHAUGVATNA.....	72
103 HAVERØYA	73
104 SØRE KRONGELHOLMEN	74
105 HESTØYA V/LEIRVIK	74
106 VIKJELSØYA (FUGLØYA)	75
107 NORDRE VIKJELSHOLMEN.....	75
108 LAUVØYA	75
109 GLASØYA	76
110 INNERREMMINGEN	77
111 HELLDALSVATNET	77
112 NERDVIKA: SJØVÅGEN.....	77
113 GJERNES.....	78
114 LEBERGSTJØNNA (LEBESTJØNNA).....	79
115 ÅSTØYA	79
116 ÅNDALSVATNET	80
117 BREMNESKAGET	80
118 BREMNES: KOBVÅGEN (VASSDYA).....	80
119 VOLLSKAGET, VASSLIMYRA	81
120 AUREBEKKEN.....	81
121 KJEØYA	82
122 STORE FØLLINGEN.....	82
124 FROSTADHEIA: GÅSVATNET	83
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS	84
RAUDLISTEARTAR.....	86
GENERELT	86
SOPP.....	86
LAV.....	86
PLANTER.....	86
MOSAR	86
KRANSALGAR.....	86
VIRVELLAUSE DYR.....	86
FUNNOVERSIKT.....	87
KUNNSKAPSSTATUS.....	92
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAGET ETTER DETTE PROSJEKTET.....	92
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	92
KJELDER	93
GENERELL LITTERATUR.....	93
LITTERATUR SOM BERØRER SMØLA	93
ANDRE SKRIFTLEGE KJELDER, INTERNETT	105
MUNNLEGE KJELDER	106

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det i hovudsak bruka litteratur, databasar, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport. *Det er viktig å merka seg at denne undersøkinga ikkje omfattar vilt (virveldyr), og omtrent ikkje har omfatta feltarbeid (to dagar). Dette er derfor eit supplement til viltkartet, og eit reint skrivebordsprodukt. Ei ulempe med dette er at somme område har usikre områdeavgrensingar.*

Forhold til verneplanen for Smøla

Den føreliggjande rapporten er ingen verneplan, men ein database over viktige naturområde til bruk i lokal arealforvaltning, noko alle kommunar er pålagt å ha. Rapporten tek for seg AREALIS-tema "prioriterte naturtypar" og "planter" (her inngår raudlisteartar av planter, kransalgar, sopp, lav og mose). I AREALIS samletema "Biologisk mangfald" inngår også tema "Prioriterte viltområde", "Ferskvatn", "Marine område", "Verna vassdrag" m.m., som ikkje er omhandla i rapporten. Der det er avvik mellom den føreliggjande rapporten og verneplanen (Fylkesmannen 2003) skuldast dette ulikt utgangspunkt. Verneplanen omfattar dei fleste tema innanfor samletema "Biologisk mangfald", og tek også andre omsyn, som områdestorleik, arrondering, representativitet og politiske omsyn.

Naturgrunnlag

Dei ulike naturtypane i Smøla er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Smøla er havstrand, kulturlandskap, myr og ferskvatn. Smøla har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m.

Naturtypar i Smøla

Tabell 1. Verdifulle naturområde i Smøla fordelt på naturtypar og verdi. 67 av 124 lokalitetar er mosaikkområde, dvs. har meir enn ein naturtype. Her er rekna alle lokalitetar som inneheld naturtypen, uansett kor stor eller liten prosentdel naturtypen utgjer av lokaliteten. Verdsettinga kan da skuldast ein annan naturtype enn den det gjeld. Summering gjev dermed tal som er større enn talet på lokalitetar. Nedst er det vist reelt tal lokalitetar med verdi A, B og C.

A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
A	Myr (20 lok.)				
A02	Intakte høgmyrer	9	3		12
A05	Rikmyr	3	9		12
A06	Kjelde og kjeldebekk	1			1
B	Rasmark, berg og kantkratt (1 lok.)				
B01	Sørvendt berg og rasmark		1		1
D	Kulturlandskap (43 lok.)				
D01	Slåtteeenger		1		1
D03	Artsrike vegkantar	1	2		3
D04	Naturbeitemark	13	14	7	34

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
D07	Kystlynghei	12	7	5	24
D08	Kalkrike enger	6	1		7
E	Ferskvatn/ våtmark (42 lok.)				
E06	Viktige bekkedrag	1	8		9
E07	Kalksjøar	1	2		3
E08	Rike kulturlandskapssjøar	3	11	7	21
E09	Dammar		10	3	13
F	Skog (2 lok.)				
F01	Rik edellauvskog	1			1
F07	Gammal lauvskog			1	1
G	Havstrand/ kyst (43 lok.)				
G02	Undervassenger	2	22	9	33
G05	Strandeng og strandsump	1	20	4	25
G06	Tangvollar			1	1
G07	Brakkvassdelta		1		1
G08	Brakkvasspollar	2	18	9	29
G09	Kalkrike strandberg	2			2
Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori		28	66	30	124

Viktige lokalitetar i Smøla

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjevne nummer frå 1 og oppover.

Tabell 2. Prioriterte lokalitetar i Smøla. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter stigande lokalitetsnummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Det er ikkje inkludert viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl, rovfugl, eller yngleområde for oter), som ikkje inngår i metoden som denne rapporten er utarbeidd etter (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
1	Veiholmen: Innveien	Rik kulturlandskapssjø	C
2	Haugøya	Brakkvasspoll, undervassenger	C
3	Måøya (brakkvasspoll)	Brakkvasspoll, undervassenger	B
4	Måøya (ferskvatn)	Dammar	C
5	Hopavassdraget: utløpet/Hopøya	Brakkvassdelta, undervassenger, strandeng og strandsump, viktige bekkedrag	B
6	Hopavassdraget: Hopelva	Viktige bekkedrag	B
7	Hopavassdraget: Litlvatnet m.m.	Rik kulturlandskapssjø, viktige bekkedrag	B
8	Hopavassdraget: Korsvatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
9	Aunvågen: Kvalpøya, sørlege del	Dammar	B
10	Aunvågen: Kvalpøya, vestre del	Brakkvasspoll, undervassenger	C
11	Aunvågen: Fløtjønna	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, viktige bekkedrag	B
12	Aunvågen (poll)	Brakkvasspoll, undervassenger	C
13	Vegkantar ved Aunvågen	Artsrike vegkantar	A
14	Trettordvatnet	Rik kulturlandskapssjø, dammar	B
15	Grunnvågen	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump	B
16	Dam nord for Langåsen	Dammar	B
17	Litlneset ved Kuøya	Undervassenger, strandeng og strandsump	B
18	Litlneset, indre del	Strandeng og strandsump, undervassenger, artsrike vegkantar	B
19	Grunnvågen, vestre del	Rike kulturlandskapssjøar	B
20	Monsøya	Naturbeitemark, kystlynghei	B
21	Dyrnes: Storneset	Brakkvasspoll, undervassenger	B
22	Dyrnes: Sprangøya	Naturbeitemark	B
23	Dyrnes: Vika	Naturbeitemark, slåtteenger	B
24	Brattvær, beitemarker v/kyrkja	Naturbeitemark, kystlynghei	A
25	Aust for Brattvær (strandenger)	Strandeng og strandsump, dammar	B

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
26	Aust for Brattvær (poll)	Brakkvasspoll, undervassenger	C
27	Skomsøyvågen, ved vegen	Brakkvasspoll, undervassenger	B
28	Skomsøyvågen, indre del	Kalksjø, rikmyr	B
29	Gamlevegen nord for Gjelberg	Artsrike vegkantar, dammar	B
30	Leira (Tjønnsundet)	Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump	B
31	Tjønnoya, sørlege del	Brakkvasspollar, undervassenger, dammar	B
32	Gjelbergøya, nordvestre del	Brakkvasspoll, undervassenger	C
33	Odden	Naturbeitemark	C
34	Korsholmen	Naturbeitemark	C
35	Øyer sør for Steinsøya	Naturbeitemark, brakkvasspollar, undervassenger	B
36	Kråkvivatnet nord for Gjelberg	Dammar	C
37	Klakkavågen: Inner Klakkavatnet	Rik kulturlandskapssjø	B
38	Fuggelvågen	Strandeng og strandsump, undervassenger	B
39	Røkmyrane og Jøstølmyrane	Høgmyr	A
40	Røkmyrane og Holmvassmyrane	Høgmyr	A
41	Fuggelvågelta vest for Fuggelvågelta	Viktige bekkedrag	B
42	Fuggelvågelta aust for Fuggelvågelta	Viktige bekkedrag	B
43	Myrer sør for Kjysvatnet	Rikmyr, høgmyr	B
44	Toppmyran	Høgmyr	A
45	Pilsvatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
46	Svartvassmyra/Kvitmjølsokna	Høgmyr, rikmyr	A
47	Litjvatnet ved Bergli	Rik kulturlandskapssjø	B
48	Hopasingmyra	Høgmyr	A
49	Svarthaugmyra	Høgmyr	A
50	Kolbergmyra	Høgmyr	B
51	Jøstølen, beitemark	Naturbeitemark, kalkrike enger	A
52	Jøstøløya	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, kystlynghei, kalkrike enger, naturbeitemark	B
53	Jøa: beite nordvest for gardane	Naturbeitemark, kystlynghei, kalkrike enger	A
54	Jøa: tjønner vest for gardane	Rike kulturlandskapssjøar	A
55	Jøa: Steinnesberget	Naturbeitemark, kystlynghei	C
56	Jøa: ved Møtua	Brakkvasspoll, undervassenger, strand og strandsump	B
57	Hallarvika: Fløtjønna	Brakkvasspoll, undervassenger	B
58	Skjølberg: Kvernavatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
59	Jøstølen: tjønn vest for Kvernavatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
60	Skjølberg: Bollvatnet	Kalksjø, rikmyr	B
61	Skjølberg – Maurdalen (kalkområda)	Kalkrike enger, kystlynghei, kalksjøar, viktige bekkedrag, kjelde og kjeldebekk, høgmyr, rikmyr	A
62	Skjølberg (veggkant)	Artsrik vegkant	B
63	Elvegarden	Kalkrike enger, kalkrike strandberg	A
64	Straumen: Fløtjønning	Brakkvasspoll, undervassenger	A
65	Straumen: Eitjønna	Dammar, rikmyr	B
66	Straumen: Leirvikvågen, vestre del	Strandeng og strandsump	B
67	Straumen: Inner Klovaågen	Brakkvasspoll, strandeng og strandsump, undervassenger	B
68	Straumen: Ytter Klovaågen	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, rikmyr	B
69	Langhaugmyra/Høljemyra	Høgmyr, rikmyr	B
70	Rangnes: Sandvatnet	Rik kulturlandskapssjø	B
71	Rangnes: Skarpgardvågen	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, naturbeitemark	B
72	Rangnes: Rangnesvatnet m.m.	Rik kulturlandskapssjø, viktige bekkedrag	B
73	Rangnes	Naturbeitemark	B
74	Rangnes: Valen (Kallarsundet)	Naturbeitemark	C
75	Rosvolløya: nordsida	Strandeng og strandsump	B
76	Rosvolløya: Årvatnet	Rik kulturlandskapssjø, rikmyr	B
77	Rosvolløya: Singsøytjørna	Rik kulturlandskapssjø, rikmyr	B
78	Rosvolløya: Flakaneset, sørlege del	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, dammar	B
79	Rosvolløya: Flakaneset, nordlege del	Brakkvasspoll, undervassenger	C

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
80	Rosvolløya: sørvest for Kalvøya	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, rikmyr	B
81	Rosvolløya: Breidneset, nordre del	Brakkvasspoll, undervassenger	B
82	Rosvolløya: Breidneset, austre del	Dammar	C
83	Rosvolløya: Kvernavågen, austre del	Dammar	B
84	Rosvolløya: Kvernavågen, vestre del	Strandeng og strandsump	B
85	Rosvolløya: Flaska	Dammar, strandeng og strandsump	B
86	Rosvolløya: Rosvollhaugen	Gammal lauvskog	C
87	Rosvoll: Furøya	Kystlynghei, naturbeitemark	A
88	Hestøya v/Kuli	Naturbeitemark	B
89	Kuli, sørvestre del	Kystlynghei, naturbeitemark m.m.	A
90	Kuli, nordaustre del	Kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger, strandeng og strandsump	A
91	Kuli: eikeskogen	Rik edellauvskog	A
92	Sør-Smøla: Store Svelunn	Kystlynghei, naturbeitemark	A
93	Sør-Smøla: Litj-Svelunn	Naturbeitemark	C
94	Sør-Smøla: Høøya	Kystlynghei	B
95	Sør-Smøla: Olderøya	Kystlynghei	B
96	Sør-Smøla: Svinøya (Storsvinøya)	Naturbeitemark	A
97	Sør-Smøla: Arnøya	Naturbeitemark, kystlynghei	A
98	Sør-Smøla: Store Blåsvær	Naturbeitemark	B
99	Sør-Smøla: Joøya	Kystlynghei, naturbeitemark	C
100	Edøya: Edøyvalen	Strandeng og strandsump	B
101	Edøya: nordsida	Strandeng og strandsump, tangvollar	C
102	Edøya: Kyrhaugvatna	Rik kulturlandskapssjø, rikmyr	A
103	Haverøya	Kystlynghei, naturbeitemark, høgmyr	A
104	Søre Krongelholmen	Naturbeitemark	B
105	Hestøya v/Leirvik	Kystlynghei, naturbeitemark	A
106	Vikjelsøya (Fugløya)	Kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger, kalkrike strandberg, høgmyr	A
107	Nordre Vikjelholmen	Kystlynghei, naturbeitemark	C
108	Lauvøya	Kystlynghei, naturbeitemark	B
109	Glasøya	Naturbeitemark, kystlynghei	A
110	Innerremmingen	Kystlynghei, naturbeitemark	B
111	Helldalsvatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
112	Nerdvika: Sjøvågen	Brakkvasspoll, undervassenger	A
113	Gjernes	Naturbeitemark, brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, sørvendt berg og rasmark	B
114	Lebergstjønnna (Lebestjønnna)	Rik kulturlandskapssjø	A
115	Åstøya	Kystlynghei, naturbeitemark	B
116	Åndalsvatnet	Rik kulturlandskapssjø	B
117	Bremnesskaget	Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump	C
118	Bremnes: Kobbvågen (Vassdya)	Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump	C
119	Vollskaget, Vasslimyra	Rike kulturlandskapssjøar	B
120	Aurebekken	Viktige bekkedrag	B
121	Kjeøya	Kystlynghei	C
122	Store Føllingen	Kystlynghei	C
123	Ersneset: Ostjønnna	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump	C
124	Frostadheia: Gåsvatnet	Rik kulturlandskapssjø	C

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 125 funn av raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, sopp og virvellause dyr i Smøla. Desse er opplista og kommentert i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er ikkje tatt med (sorterer under viltkartlegging).

Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står mykje att å undersøkje på ferskvatn (stille og rennande), lynghei og myr, og relativt mykje på havstrand og naturbeitemark. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Smøla er også jamt over dårleg. Tema biologisk mangfald må også supplerast med oppdatering av vilt, og undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging og kartlegging av ferskvatn.

Litteratur

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Smøla i denne basen ga 601 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2004. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Formål

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Ordforklaringar

Beitemarkssopp: Grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauvskog: Skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Smøla er det hassel og sommareik som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Eutrof: Næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei rekkje næringskrevande artar.

Høgmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatn, og der torvopphoping gjer at høgaste punkta ligg inne på myra. Den vanlegaste myrtypen på Smøla kallast atlantisk høgmyr.

Indikatorart (signalart): Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør ein helst ha fleire indikatorartar.

Jordvassmyr: Myrtype der plantene får næring frå vatn som har vore i kontakt med mineraljord, til forskjell frå nedbørsmyr.

Kontinuitet: I økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Mesotrof: Ein mellomting mellom eutrof og oligotrof, svakt næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er litt påverka av næringsstilførsel. Det kjem da inn ei einskilde næringskrevande artar.

Naturbeitemark: Gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: I snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

Naturengplanter: Planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed ein parallell til beitemarkssoppane.

Nedbørsmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Nøkkelbiotop: Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Oligotrof: Næringsfattig, vert bruka om ferskvatn som ikkje er påverka av næringstilførsel.

Ombrotrof myr: Det same som nedbørsmyr, myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Oseanisk: Som har å gjera med kysten og havet. Vert bruka om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima.

Raudliste: Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Rikmyr: Jordvassmyr (sjå denne) med høg pH, ofte på grunn av lettforvitrelege basiske bergartar i grunnen. Kalksteinen på Skjølberg er eksempel på ein bergart som skapar rikmyr. I denne myrtypen finst ei rekkje orkidéar, andre planter, mosar og anna som trivst berre i myr med høg pH.

Signalart: vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

Tradisjonelt kulturlandskap: Dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: Artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

Undervasseng: Vegetasjon av planter som er neddykka i saltvatn eller brakkvatn, helst på stader med roleg vatn som i grunne vågar og avsnørte brakkvasspollar. På Smøla finst desse typane: ålegrasenger, havgrasenger, tjønnaksenger og kransalgeenger. I heilt salt vatn finn ein helst ålegras, av og til småhavgras. Dei andre typane finst berre i brakkvatn, som det er ein del av på Smøla i motsetnad til andre deler av fylket. Smøla er utan samanlikning den kommunen som har dei best utvikla, varierte og største undervassengene i fylket.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Generelt

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a). Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av ferskvassfisk eller marine område.

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbyrkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport.

Det er viktig å merka seg at denne undersøkinga ikkje omfattar vilt (virveldyr), og omtrent ikkje har omfatta feltarbeid. Dette er derfor eit supplement til viltkartet, og eit reint skrivebordsprodukt. Ei ulempe med dette er at somme område har usikre områdeavgrensingar.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Smøla. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og ligg på Fylkesmannens heimesider på Internett. Eit søk på Smøla i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Smøla, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap på Sør-Smøla
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, mange er kjent frå Smøla
Dolmen (1991)	Ferskvassbiologiske undersøkingar i Fuggelvågvasdraget
Fediuk (1975)	Geologisk kart over Smøla, målestokk 1:50 000.
Folkestad (1976a)	Skildrar naturkvalitetar i Smøla kommune
Folkestad (1998a)	Gjennomgang av registrerte biologiske data for Smøla med forslag til verneområde.
Fremstad m. fl. (1991)	Fagrapport kystlynghei, omtalar fleire lokalitetar
Fylkesmannen i MR (1988a)	Verneplanen for myr, omtalar myrer på Smøla
Fylkesmannen i MR Miljøvernadv. (1998a)	Naturbasen, utskrift for Smøla m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Smøla
Gaarder & Jordal (1996)	Rapport om verdifulle kulturlandskap på Sør-Smøla
Gaarder & Jordal (2000)	Rapport om verdifulle naturområde på Smøla med hovudvekt på havstrand og ferskvatn
Gaarder & Jordal (2001)	Funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Smøla
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Smøla
Holten m. fl. (1986b)	Fagrapport havstrand, omtalar fleire strandområde i Smøla
Jordal (1993)	Nemner mange soppfunn frå Smøla
Jordal & Sivertsen (1992), Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1997, 1998a, 1998c)	Nemner område og funn frå beitemark

Kjelde	Kommentar
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap i fylket inkl. Smøla
Melbye & Gaarder (2000)	Skildrar viktige verdiar i det varig verna Fuggelvågvasdraget.
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, og fleire på Smøla
Olsvik (1998)	Omtalar augnestikkarfaunaen i ei rekkje ferskvass- og myr-lokalitetar
Skogen (1971a)	Grundig botanisk skildring av eikelokaliteten på Kuli.

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter og kransalgar. Anders Langangen har sendt utskrift av alle sine kransalgedata frå fylket inkl. Smøla. Likeeins er det brukt egne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, kransalgar, regionalt sjeldne planter m.m.

Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Smøla. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka meir tid til dette.

Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen

I 1992-1999 har rapportforfattaren saman med Sigmund Sivertsen og Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997, 1998a). I 1996 var det eit eige prosjekt om kulturlandskapet på Sør-Smøla (Gaarder & Jordal 1996). I 1999 utførte dei same personane tilleggsregistreringar i samband med verneplanarbeidet på Smøla, med hovudvekt på havstrand og ferskvatn (Gaarder & Jordal 2000). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Smøla. Dette er sidan oppdatert fleire gonger. Hausten 2002 vart det halde eit nasjonalt kurs om beitemarkssopp på Smøla, med Elvegarden, Kuli og Haverøya som ekskursjonsområde. Under dette kurset vart det funne mange sjeldne beitemarkssopp. I samband med den føreliggjande rapporten er det utført 2 feltdagar sommaren 2003.

Avgrensing, verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigere å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. Kriteria for C - "lokalt viktig" er ikkje presentert i handboka. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Avvik frå DN-handboka i denne rapporten

Smøla er rik på ferskvatn. Ein del område med dammar og småtjønner har ein variert og interessant flora og er naturleg å kartleggja. Aktuelle naturtypar er Rike kulturlandskapsjøar, Dammar og Naturleg fisketome innsjøar og tjønner. I mange tilfelle burde sistnemnde naturtype vore nytta, men det er ofte uråd å vera sikker på at det ikkje finst stingsild. Ein har derfor nytta naturtypen Dammar i staden, og da ofte med verdsetting C (lokalt viktig). Dette er gjort sjølv om denne typen i hovudsak er tenkt nytta til dammar i kulturlandskapet.

Rapportforfatteren er usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner undertekna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar eller raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar eller raudlisteartar i lågare kategori
- C (lokalt viktig)** mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar, og ingen raudlisteartar (t. d. dårleg utvikla hasselkratt)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Desse inngår i verdsettinga av lokalitetar. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Ferskvatn: mindre vanlege vassplanter som hjartetjønna, trådtjønna, butt-tjønna, småvassoleie, stautpiggeknepp
Rikmyr: breiull, engstorr, loppstorr, brunskjene, jåblom, gulstorr, stortviblad, engmarihand, lappmarihand
Havstrand/brakkvatn: grusstorr, havstorr, ishavsstorr, bogestorr, småhavgras, skruehavgras, busttjønna, havbendel, saftmelde, salturt

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

Område med dårlege data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om er samla i kapitlet " Område med dårlege data eller usikker status ". Prosjektet hadde tronge rammer, og ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Lokalitetar som ikkje er prioriterte, er også kort omtala i det same kapitlet.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er undersøkt, men ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- lokaliteten er ikkje undersøkt, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

Forhold til verneplanen for Smøla

Den føreliggjande rapporten er ingen verneplan, men ein database over viktige naturområde til bruk i lokal arealforvaltning, noko alle kommunar er pålagt å ha. Rapporten tek for seg AREALIS-tema "prioriterte naturtypar" og "planter" (her inngår raudlisteartar av planter, kransalgar, sopp, lav og mose). I AREALIS samletema "Biologisk

mangfold” inngår også tema ”Prioriterte viltområde”, ”Ferskvatn”, ”Marine område”, ”Verna vassdrag” m.m., som ikkje er omhandla i rapporten. Der det er avvik mellom den føreliggjande rapporten og verneplanen (Fylkesmannen 2003) skuldast dette ulikt utgangspunkt. Verneplanen omfattar dei fleste tema innanfor samletema ”Biologisk mangfold”, og tek også andre omsyn, som områdestorleik, arrondering, representativitet og politiske omsyn.

Presentasjon

Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Siste kapitlet kjem med ei vurdering av kunnskapsstatus. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Smøla. Artslister for lokalitetar er ikkje tekne med, sidan desse i hovudsak er publisert i grunnlagsmaterialet.

Områdeskildringar

Dei einskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

Vegetasjonstypar

Inndeling av vegetasjonstypar følgjer Fremstad (1997) i grove trekk. Eit unntak er inndelinga av vegetasjon på nokre få havstrandlokalitetar. Holten m. fl. (1986a) nytta eit meir detaljert system, og ein har ikkje gjort forsøk på å konvertera desse til Fremstad sine typar.

Artsnamn

Namn på planter følgjer Elven m. fl. (1994). Latinske namn på sopp følgjer i hovudsak Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Namn på mosar følgjer Frisvoll m. fl. (1995). Namn på lav følgjer Krog m. fl. (1994) og Santesson (1993). Namn på fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart som er overlevert til kommunen, som så har sørget for å få dei digitalisert. Avgrensingane vert ikkje alltid så nøyaktige som ønskjeleg når dei er basert på eige minne og unøyaktige kjelder, og ein ikkje har høve til å sjekka dei i felt. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing.

NATURGRUNNLAG

Landskap m.m.

Smøla ligg på kysten i nordlege del av Møre og Romsdal fylke. Namnet Smøla seiest å tyda det oppsmuldra landskapet. Smøla har vore isfri i rundt 13000 år (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Havet sto da vesentleg høgare enn i dag (40-50 m høgare for 10000-11000 år sidan, Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3), og det var dermed berre nokre små skjer og holmar som stakk opp heilt i starten. I dag er Smøla å betrakta som ei einaste stor strandflate, der høgaste punktet ligg 70 m over havet, og gjennomsnittshøgda er 30 m. Fast-Smøla er ei øy omgjeve av rundt 6000 øyar og holmar i eit av dei største skjergardsområda i Norge. Arealet (landareal + ferskvatn) er oppgjeve til 275 km², noko som gjer Smøla til ein av dei mindre kommunane i fylket. Spennvidda i naturtypar er likevel betydeleg, med eit utal holmar og skjer, strandberg, strender, vågar og pollar, jordbrukslandskap, pyttar, dammar, innsjøar og vassdrag, myr, hei og utmarksbeite.

Tabell 4. Nokre geografiske data for Smøla kommune (Statistisk sentralbyrå 2001, www.smola.kommune.no)

Parameter	Verdi
Areal	275 km ²
Del av fylket sitt areal	1,8 %
Jordbruksareal	ca. 15 km ² (ca. 5 %)
Skogareal	0 km ² naturleg, ca. 5-6 km ² plantefelt (ca. 2%)
Myrareal	95 km ²
Ferskvatn	8299 stk (flest av kommunane i fylket, 9 km ²)
Strandline	1913 km
Høgaste punkt	70 m o. h. (Ramndalshaugen på Kuli)
Gjennomsnittshøgda	30 m o. h.
Talet på øyar	5847

Smøla har lengst strandline, flest ferskvatn, lågast gjennomsnittshøgda og flest øyar av kommunane i Møre og Romsdal.

Klima

Klimaet i Smøla er typisk kystprega. Eit oseanisk klima har milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. På Moldstad ligg temperaturen på -0,3°C som gjennomsnitt for januar, medan Skalmen fyr har +2,6°C. Gjennomsnittstemperatur for juli er i overkant av 12°C begge stader. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 900-1200 mm), hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå og Nasjonalatlas for Norge.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Smøla i perioden 1961 - 1990 i C
(http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1573.html?kommuner).

Nummer	Sted	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
65300	Skalmen Fyr	13	2,6	2,5	3,0	4,5	8,0	10,5	12,2	12,8	10,9	8,5	5,2	3,4	7,0
65370	Moldstad	30	-0,3	-0,1	1,3	3,7	8,1	10,8	12,3	12,8	9,6	6,9	2,7	0,9	5,7

Tabell 6. Nedbørnormalar for Smøla i perioden 1961 - 1990.
(http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1573.html?kommuner).

Nummer	Sted	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
65300	Skalmen Fyr	13	79	65	68	54	39	47	61	74	110	117	100	106	920
65370	Moldstad	30	106	85	79	64	49	59	78	89	139	148	125	134	1155

Geologi

Smøla har ein variert berggrunn med mange interessante trekk, og er mest som eit klassisk område å rekna når det gjeld geologisk utforsking. Heile 47 titlar er funne som omtalar geologi og lausmassar i kommunen. Dei første geofaglege publikasjonane eg har funne er Høltedahl (1914) som skildrar "Fossiler frå Smølen" og Reusch (1914) med "Nogen bidrag til Hitterens og Smølen's geologi". Deretter m. a. Carstens (1924) med "Der unterordovicische Vulkanismus auf Smølen", som handlar om vulkanske bergartar. Etter 1970 er talet på titlar stort. Ei av dei viktigaste kjeldene er eit

fargetrykt geologisk kart i målestokk 1:50 000 som dekkjer kartblad Smøla (Fediuk 1975), seinare har det også kome beskrivande tekst til (Fediuk & Siedlecki 1977). Sørøstre del av kommunen er dominert av yngre sedimentbergartar med konglomerat og sandstein. Dette dekkjer områda frå Solværet via Blåsvær/Arnøya, Kuli, Edøya, Storhaverøya, Lauvøya og til Glassøya. Ein eldre type konglomerat finst i ei stripe ved Helldalsvatnet og ei anna stripe ved Elvegarden. Svært interessant med tanke på plantelivet er kalkstein som finst i Skjølberg-Maurdalsområdet, og mindre flekker austover mot Leirvika og langs stranda av Vikjelsøya (Fuggeløya) og Hestøya ved Leirvika. Ein isolert førekomst (ikkje undersøkt) ligg på Store Føllingen på Nordaust-Smøla. Her har det vore funne ormetunge for over 100 år sidan (ei sjeldan, kalkkrevande bregne). Overalt gjev denne kalksteinen ein interessant og artsrik flora med mange sjeldne artar. Vidare førekjem basiske vulkanske bergartar i eit større område mellom Skjølberg og Leirvika, vestover mot Jøstølen, og eit område mellom Hellesfjord og Indre Roksvåg. Elles finst ei rekkje såkalla plutonske bergartar, truleg av kaledonsk opphav, som også dels gjev eit godt jordsmonn for plantene. Dei meir trivielle gneisbergartane som er så vanlege elles i fylket, utgjer mindre område på Smøla. Sjå elles litteraturlista for fleire kjelder.

Lausmassar

Den beste kjelda om lausmassane er "Møre og Romsdal fylke – kvartærgeologisk kart 1:250000" (B.A. Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer ein del innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Slik tynt jordsmonn dominerer i vestre del av kommunen. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Sentrale og austlege deler er dominert av eit tjukkare og varierande dekke av torv og myrjord (mest organisk materiale). Større marine strandavsetningar finst spreidd rundt heile kystlina av Smøla, med dei største områda på Edøya, Kuli, Straumen-Nerdvika, Skjølberg, Hellesfjord, Rokstad m.m. Strandflatene på djupast jord er i stor grad utnytt til jordbruksland. Det same gjeld deler av dei sentrale myrområda. Lausmasseførekommene som finst i dag på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene.

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Smøla høyrer her til region 40 Møre og Trøndelags kystregion, underregion 40a Møre og Trøndelags kyst nord til Follafjorden.

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Smøla tilhøyrer sørboreal sone. (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

- O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:
 - O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oseanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

O1. Svakt oseanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafør, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nettet og Rauma.

Vegetasjonen i Smøla tilhøyrer sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen m. fl. 1998, s. 126).

NATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast på Smøla, vert omtala nedanfor. For vidare detaljar kan ein sjå m.a. Folkestad (1998a).

Havstrand/kyst

Smøla er i utgangspunktet ei einaste stor strandflate som har stige sakte or havet etter istida. Smøla har som tidlegare vist den utan samanlikning lengste strandlina av kommunane i fylket. Der hav og land møtest, oppstår oftast ei smal stripe med tidevassone. Tilknytt denne tidevassona førekjem fleire prioriterte naturtypar som er godt representerte på Smøla: undervassenger, brakkvasspollar, og strandeng og strandsump. Andre typar er dårleg undersøkte eller lågt prioriterte som grunne straumar og tangvollar. Kalkrike strandberg finst m.a. på Vikjelsøya, men da som eit lite element i ein lokalitet dominert av andre naturtypar.

Brakkvasspollar

Brakkvasspollar er det mange av på Smøla, både naturlege og kunstige (nokre gonger danna ved at vegbygging har hemma vassutskiftinga). Typisk er ei trong opning som hemmar, dempar og forseinkar vassutskiftinga med havet utanfor. Heile tre av dei avgrensa lokalitetane ber namnet "Fløtjønna" – ei tjønn som floa går opp i. I tillegg er det gjerne tilførsel av ferskvatn frå landsida som gjer at vatnet får eit lågare saltinnhald. Mange artar er tilpassa å leva i roleg brakkvatn. I slike pollar finn ein ofte undervassenger, og det er stort overlapp mellom desse to typane på Smøla. Mest vanleg er ålegras og småhavgras. Dei mest interessante brakkvasspollane er slike som har store bestandar av skruhavgras, busttjønnaks m.m. Ein har funne nokre særleg interessante lokalitetar som t. d. Sjøvågen med grønkran og busttjønnaks, og Fløtjønnene (ved Straumen) med busttjønnaks og butt-tjønnaks. Faunaen og algevegetasjonen i desse pollane er ikkje undersøkt, og mykje står att å utforska.

Undervassenger

Undervassenger kan vera av fleire typar og førekjem ofte i brakkvasspollar (sjå ovanfor). I heilt salt vatn førekjem ålegras på sandbotn mange stader. Ålegrasenger er så vanlege på Smøla, at ein ikkje har satsa på å kartleggja dei. Dette krev omfattande utspørjing og kartlegging dels frå båt. Mange av desse er også viltlokalitetar, sidan svaner og grasender beitar på dei vinters tid. Elles finst småhavgrasenger på grunt vatn i pollar og beskytta vikar. Der ålegras førekjem saman med småhavgras, har ein gjerne avgrensa det. I pollar der ferskvasstilførselen fører til brakt vatn med vesentleg redusert saltinnhald får ein ofte bestandar av skruhavgras. Denne arten er sjeldan i fylket, og det meste av bestandane av denne planten finst nettopp i Smøla. Det er derfor lagt vekt på å få med dei lokalitetane ein kjenner av denne arten, medan lokalitetar med ålegras og småhavgras er lågare prioritert. Det kan vera aktuelt å undersøkje dette nærare i samband med ei eventuell kartlegging av marint biologisk mangfald. Undervassenger kan og vera av tjønnakstype med busttjønnaks og trådtjønnaks, eller av kranalgetype som i Sjøvågen.

Strandeng og strandsump

Strandenger og strandsumpar oppstår i flate strandområde med større avsetningar av finsediment. Smøla er ofte nokså kupert og knauset, og det er heller ikkje større vassdrag som fører med seg mykje finsediment. Derfor er det langt mellom dei større strandengområda. Nokre finst likevel, og strandengvegetasjon er velutvikla fleire stader. Den dekkjer likevel etter måten små areal på kvar lokalitet. I tillegg har ofte ein inkludert ein vegetasjonstype som Smøla har meir av enn andre kommunar i fylket, nemleg grusetete forstrender med salturt, saftmelde, havbendel m.m.

Kalkrike strandberg

Dette er ein svært sjeldan naturtype i fylket. På Vikjelsøya ved Leirvika finst to stader strandberg av kalkstein. Det same finst ved Elvegarden ved Skjølberg. Slike strandberg har innslag av mange kalkkrevande planter.

Kulturlandskap

Smøla har vore isfri i rundt 13000 år (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Havet sto da vesentleg høgare enn i dag (40-50 m høgare for 10000-11000 år sidan, Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3), og det var dermed ikkje mykje som stakk opp av Smøla heilt i starten. Funn frå steinalderen (m.a. Kuli) viser at tidlege jegerar også nytta Smøla som base etter kvart som landet steig or havet. Smøla har dermed ei lang busetnadshistorie. Funn frå Vestlandet viser at husdyrbruket har ei historie på rundt 4000-4500 år rundt Bergenskanten. Det er grunn til å tru at jordbruket på Smøla også er fleire tusen år gammalt. Gammalt kulturlandskap er ofte det mest artsrike. Dette synest å vera tilfelle også på Smøla, for mange område her er verkeleg artsrike.

Kystlynghei

Dei eldste kjende lyngheiområda på Vestlandet vart skapt av brenning for rundt 4300 år sidan (Kaland 1986). Brenning eller sviing av lynghei vert framleis utført på Smøla, m.a. på Kuli. Dette er ei gammal driftsform i kyststrok heilt frå Portugal til Lofoten. I våre dagar er det derimot attgroing som pregar dette landskapet. Frå Portugal til Sørvestlandet er lyngheiane i våre dagar også påverka av nitrogen-nedfall, som gjer at lyngen dels vert oppeten av lyngbladbiller, og dels utkonkurrert av grasartar som smyle og blåtopp. Det europeiske lyngheilandskapet har dermed sine siste intakte utpostar på Vestlandet og i Trøndelag. Her opplever ein også mykje attgroing. Det siste håpet for dette landskapet synest å vera drift med utegangarsau av gammalnorsk rase. Denne sauene kan gå ute og greia seg sjølv i snøfrie periodar, og et mykje lyng i vinterhalvåret. Det vil derfor vera viktig for framtida for lyngheiene at ein finn avsetnad for produkta frå utegangarsauen, og at ein finn ein balanse mellom dyrevernomsyn og tradisjonell driftsmåte. Det vil også vera viktig å finna ein måte å brenna lynghei på når dette er påkrevd, som vert akseptert av brannvernomsyn og samstundes er muleg å gjennomføra i praksis. Fremstad m. fl. (1991) skildra berre ein lokalitet i kommunen (sørvestre del av Kuli), men påpeikar at interessante område finst m.a. i Fuggelvågvasdraget (Fuggelvågvatna-Sandvatnet), og i området Daudmannshaugen-Dyrnestuva mellom Gjelberg og Dyrnes. Desse områda er ikkje avgrensa eller skildra nærare i NINA-rapporten, og derfor heller ikkje medtekne her.

Naturbeitemark

På litt djupare jord enn i dei skinnaste lyngheiene har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarker som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivt, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. På Smøla er det framleis store areal som er intakte, takk vere eit levande jordbruk med både sau og stadvis storfe. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i denne driftsmåten slik at mangfaldet som lever her vert teke vare på. Dette er ei komplisert oppgåve fordi det omfattar alt frå landbrukspolitikk og sosiologi til naturforvaltning.

Slåtteeenger

Tradisjonelle slåtteeenger med liten grad av jordarbeiding og gjødsling er sjeldne i dag. I artsinventar liknar desse på naturbeitemarkene. Ein kjenner til berre ein slik lokalitet, Vika ved Dyrnes (undersøkt i 1999). Denne lokaliteten hadde mange interessante og dels uvanlege artar som marinøkkel og bakkeveronika. Slike slåtteeenger er i dag svært sjeldne og det er særst interessant om noko av det siste kan verta teke vare på.

Kalkrike enger

Nokre av dei gamle naturbeitemarkene eller slåtteeengene ligg på kalkrik grunn, særleg i Skjølbergområdet mellom Straumen og Jøstølen. På kalkrik grunn kjem det inn ei rekkje plante- og soppartar som ikkje finst på kalkfattig mark, og ein har derfor velt å skilja ut ein eigen type som understrekar dei særne kvalitetane. Slike kalkrike enger er det framleis ein del av i dette området, men Skjølbergområdet er i betydeleg grad attgrodd eller i attgroing. Det er behov for skjøtsel i form av beiting over større område, og da helst av kalvar og ungdyr av storfe. Grunnen til dette er at området er særst rikt på orkidéar, og desse vert selektivt oppetne av sau. Alle tilgjengelege data viser at storfe kan leva saman med orkidéar og andre sjeldne artar i kalkrike område utan at artane vert utrydda, medan dette ikkje går så bra med andre dyreslag. Kalvar og ungdyr gjev mindre markslitasje og trakkaskader i vått ver enn tunge NRF-kyr og ammekyr.

Artsrike vegkantar

Vegkantar kan etter kvart få ein flora som liknar tradisjonelle slåtteeenger, og i mange distrikt er vegkantane siste tilfluktsstaden for einskilde sjeldne engartar. I Smøla finst fleire stader kalkrike vegkantar med sjeldne og konkurransesvake planteartar. Dette gjeld særleg strekninga Skjølberg-Jøstølen (for dårleg undersøkt), og eit område ved Aunvågen nær Hopen. Det førstnemnde området er einaste staden i Møre og Romsdal at det veks vårmure, og sistnemnde området er einaste intakte veksestaden for bleiksøte i fylket.

Myr

Myr kan dannast i eit fuktig og kjøleg klima der nedbøren er vesentleg større enn fordampinga. Vassmetting av jorda gjer oksygenutvekslinga dårleg og nedbrytinga går da så sakte at organisk materiale hopar seg opp og dannar torv. Smøla har store myrområde, og er truleg den viktigaste kommunen i fylket når det gjeld myr, og ein av dei viktigaste i landet når det gjeld oseaniske myrtypar. Myrene har i uminnelege tider vore utnytta til brensel ved at ein har spadd torv, tørka og brukt til fyring istaden for ved, som det er lite av i Smøla. Myrene er derfor oftast ikkje utan inngrep, men prosessen med myrdanning dekkjer etter kvart over gamle torvuttak. På 1900-talet har myrene vorte nytta til dyrking mange stader, og Smøla er særleg vorte kjent for å produsera gulrot. Myrtypar og verdifulle myrlokalitetar er skildra av Moen (1984) og Fylkesmannen i MR (1988a). Ein skiljer særleg mellom nedbørsmyr, der all næring kjem med

nedbøren, og jordvassmyr, der vatn i kontakt med mineraljord gjer næringstilgangen for plantene betre. Jordvassmyr deler ein inn etter ein pH-gradient slik at ein skiljer mellom fattigmyr, intermediaærmyr og rikmyr. Ein kan og dela inn etter terrengformer m.m., t.d. bakkemyr og planmyr. Nedanfor er nokre prioriterte typar etter DN (1999a) skildra.

Høgmyr

Høgmyr er ein type nedbørsmyr der det høgaste punktet ligg inne på myra. Desse er danna i flatt terreng ved at eit torvlag byggjer seg opp i høgda utan å verta brote ned. Langs kysten brukar ein ofte neminga atlantisk høgmyr, som gjerne er nokså flat og vid med mange "kuplar". På Smøla finst mange og store høgmyrer, noko som er sjeldan i låglandet lenger sør på Vestlandet. Røkmyrane, Toppmyrane og fleire andre område er skildra som velutvikla høgmyrer av Moen (1984). I Møre og Romsdal har Smøla dei største og mest velutvikla områda av denne truga naturtypen.

Rikmyr

Jordvassmyrer med høg pH kallast rikmyr. Slike myrer har ein særmerkt flora av planter og mosar. Skjølbergområdet har store areal av typen, som er sjeldan i Møre og Romsdal. Funn av ei rekkje sjeldne planter har gjort kalkområda ved Skjølberg til ein klassisk botanisk lokalitet i Norge. Utanom Smøla finst rikmyr i vårt fylke særleg på Nordmarka (Surnadal og Rindal) og elles spreidde småflekker i ein del andre kommunar.

Kjelde og kjeldebekk

Kjelder er stader der grunnvatnet kjem fram i dagen, også kalla oppkom. Intakte kjelder i låglandet reknast som ein truga vegetasjonstype. Særleg sjeldne er kjelder med høg pH, såkalla rik-kjelder. Slike finn ein i Skjølberg- og Maudalsområdet, som nemnt av m.a. Gaarder & Jordal (2000). Dei utgjer alltid små areal, og undersøkingane vart gjort før GPS-en si tid. Ein har derfor ikkje nøyaktig stadfesting for desse kjeldene, og dei inngår i større avgrensa område med rik hei og rikmyr.

Ferskvatn

Smøla er utruleg rikt på ferskvatn. I Møre og Romsdal er det synleg vel 24000 stilleståande ferskvassførekomstar på kart i målestokk 1:50 000. 8299 av desse vatna ligg i Smøla, dvs ein tredjedel av alle registrerte i fylket. Dei kommunane som kjem deretter er Sunndal med 2633 og Surnadal med 2238 vatn. 1425 av vatna i Smøla er over 1 dekar, medan 6874 er mindre. Gjennomsnittstorleiken på vatna i Smøla er berre 1,37 dekar, noko som er nest minst i fylket (etter Sandøy med 1,06 dekar). Når det gjeld rennande vatn, har Sunndal flest objekt (1 objekt=bekk/elvestrekning fram til samanløp med andre bekkar) med 4893, medan Smøla ligg eit stykke nede på lista med 1104 objekt (kjelde www.vanninfo.no). Mangfaldet knytt til ferskvatn i Smøla må seiast å vera etter måten dårleg kjent. Mykje av førekomstane er anten oligotrofe (næringsfattige) eller dystrofe (humustjønner), men ein god del har både betre pH og betre næringstilgang enn gjennomsnitt i fylket (kalksjøar og mesotrofe sjøar). Variasjonsbreidda i ferskvassfloraen er derfor stor på Smøla. Tilsvarande kunnskap om variasjonen i faunaen i ferskvatn er derimot mykje dårlegare (t.d. Olsvik 1998, Dolmen 1991).

Rike kulturlandskapssjøar

Med rike kulturlandskapssjøar meinest låglandsvatn i eller nært inntil kulturlandskapet med god næringstilgang og ein rik flora og fauna. Ein del av dei større vatna som i tillegg mottek avsig frå jordbruksområde høyrer hit. Næringskrevande artar som kjempepiggnopp, amerikamjølke, småtjønnaks og andemat finst fleire stader.

Kalksjøar

Kalksjøar er først og fremst lokalitetar med høg pH og høgt kalsium-innhald. Slike sjøar gjev grunnlag for ein særmerkt flora av m.a. planter og kransalgar. På Smøla finst fleire ferskvatn som kan truleg kan klassifiserast som kalksjøar ut frå floraen, dette gjeld særleg Skjølbergområdet. Ein er ikkje kjent med at det har vore utført vassanalysar i desse lokalitetane. Det er i dette området også funne sjøar med kransalgar som er inkrustert med kalk, eit godt kjenneteikn på ein kalksjø.

Viktige bekkedrag

På Smøla finst mange rolegflytande bekkar med m.a. rik flora av vassplanter. Fleire av dei som er undersøkte, er klassifisert som "viktige bekkedrag". Det står att å undersøkje svært mange lokalitetar før ein kan seia å ha oversikt over denne naturtypen.

Dammar

Mindre stilleståande ferskvatn med innslag av interessant flora og/eller insektfauna (t.d. augestikkarar) er skildra som dammar. I DN-handbok nr. 13 (DN1999a) er dammar helst definert som noko som tilhøyrer kulturlandskapet, og som skal verdsettast på grunnlag av faunaen. Ein del av dei dammane som finst på Smøla burde truleg vore klassifisert som

”Naturleg fisketomme innsjøar og tjønner”. Dette er nokså krevande, for da må ein kunne dokumentera at dei korkje har stingsild eller småaure. Dolmen (1991) har dokumentert at når ein leitar etter stingsild på Smøla, så finn ein den (Fuggelvågvasdraget). Berre ein svært liten del av dammane i Smøla er undersøkte. Her står svært mykje arbeid att, særleg når det gjeld ferskvassfaunaen.

Skog

Naturleg skog er det lite av på Smøla, sjølv om funn i myrene tyder på at det har vore annleis tidlegare ein del stader. I den nasjonale statistikken står Smøla oppført med 0 km² skog. Det er derimot 5-6 km² bartreplantingar av nyare dato (2% av arealet, www.smola.kommune.no). Slik skog er planta dei seinare tiåra, særleg av sitkagran m.fl. innførte bartreslag. Av naturleg skog er det litt lauvskog med bjørk, osp, rogn og hassel. Hassel førekjem mest på Kuli og ved Rosvoll prestegard. Mest interessant er det vesle feltet med sommareik på Kuli. Ein er ikkje sikker på historia til eika her, det kan ikkje utelukkast at den er innplanta t.d. i vikingetida. Likevel er dette i dag eit eikeholt med eit naturleg preg og ein del eiketilknytt artar. Temaet om opphavet til denne eika er drøfta av Skogen (1971a), og området er nærare omtala i skildringa av einskildlokalitetane. Ved Rosvollhaugen førekjem litt uventa gammal bjørkeskog til å vera på Smøla, med velutvikla lungeneversamfunn.

Rasmark, berg og kantkratt

Denne hovudnaturtypen forbind ein vel mest med indre dalstrok med bratte fjellsider. På Smøla førekjem berre små fragment av naturtypen ”sørvendte berg og rasmarker” som sørvendte knausar med tørketolande planter m.m. Den einaste avgrensa lokaliteten er Gjernes ved Sjøvågen. Her finst ned mot sjøen ein artsrik liten bergknaus med interessant flora som inngår i mosaikk med kulturlandskap og havstrandmiljø.

LOKALITETAR

Databasen over verdifulle naturområde i Smøla kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 124 lokalitetar. Dei fleste var kjent frå rapportar publisert dei siste 10 åra, men nokre av dei har også kome fram gjennom dette prosjektet. Etter lokalitetane kjem ei supplerande liste over område med dårlege data eller usikker status (tabell 7). Blant desse finst truleg lokalitetar som burde vore registrerte og avgrensa.

Lokalitetane er sorterte etter geografisk nærleik, frå Veiholmen, sørover Vest-Smøla, Inn-Smøla og Sør-Smøla, og så nordover Aust-Smøla til Hopen igjen. Dette fell i stor grad saman med stigande lokalitetsnummer. Følgjande forkortingar er nytta på personar: GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal.

1 Veiholmen: Innveien

Lokalitetsnummer:	1573-001
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 486 428
Høgd over havet:	ca. 2 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.21d)

Områdeskildring

Generelt: Området er overflatisk undersøkt. I ein liten pytt på nordre del av Innveien vart det funne mykje bukkeblad og kysttjønnaks (ikkje avgrensa). I det vesle tjønna litt lenger sør (MR 486 429) er det næringskrevande vegetasjon, truleg som følge av gjødsling frå kvilande måsefuglar.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2), litt kortskot- og sumpvegetasjon.

Kulturpåverknad: Området ligg rett ved busetnad og veg.

Artsfunn: Her var det litt av langskotplantene klovasshår, flotgras og tusenblad. I kantonene er det stadvis frodig sumpvegetasjon med myrhatt, slåttestorr, bekkeblom, grøftesoleie, mykje mjuksivaks og krypkvein, ryllsiv, myrmaure, trådsiv, andemat, myrmjølke, duskull, fjøresivaks og tjønngas. Lokaliteten har også funksjon for vassfugl.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

2 Haugøya

Lokalitetsnummer:	1573-002
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 500 405
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.21b)

Områdeskildring

Generelt: Det er undersøkt nokre pyttar og ein liten våg på austsida av vegen. Brakkvasspollen er avgrensa.

Vegetasjon: Undervasseng (U2a), langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2).

Kulturpåverknad: Liten, veg i vestkant.

Artsfunn: I vågen førekjem det noko småhavgras lengst inne. Ikkje avgrensa ferskvasslokalitetar: I ein liten pytt vaks det litt flotgras. En litt større dam hadde noko meir artsrik vassvegetasjon med hesterumpe, tusenblad, kysttjønnaks, bukkeblad, myrhatt, flotgras, duskull og flaskestorr.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

3 Måøya (brakkvasspoll)

Lokalitetsnummer:	1573-003
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 49 38
Høgd over havet:	0-4 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.20)

Områdeskildring

Generelt: Fleire av dei avsnørte, små brakkvassdammane verkar såpass påverka av havdønningene at dei vert for salte til at undervassenger kan førekoma. Eit unntak frå dette var ein brakkvassdam der det vaks både småhavgras og skruehavgras. Denne er avgrensa. Lokaliteten ligg utanfor det foreslåtte Aunvågen naturreservat.

Vegetasjon: I den avgrensa pollen var det velutvikla undervasseng av havgras-utforming (U2a).

Kulturpåverknad: Litt ilanddreve søppel.

Artsfunn: Sjø ovanfor. Skruehavgras er regionalt sjeldan.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er registrert undervassenger med bestandar av skruehavgras.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

4 Måøya (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1573-004
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 49 38
Høgd over havet:	0-4 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.20)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei nokså flat øy med ein del fattigmyr og lynghei. I tillegg finst ei rekkje dammar og vasspyttar. Det vil føra for langt å avgrensa einskildlokalitetar. Ferskvasslokalitetane utgjer berre ein mindre prosent av totalarealet innanfor det avgrensa området, som dels ligg innanfor, dels utanfor det foreslåtte Aunvågen naturreservat. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: Ferskvassdammane er stort sett nokså fattige og typiske for Smøla, med artar som bukkeblad, kysttjønna, myrhatt, duskull, flaskestorr og småblærerot. I ein liten dam er det noko betre utvikla flyteblad- og langskotvegetasjon med flotgras, tusenblad, klovasshår, småtjønna og hesterumpe. Ei lita tjønn hadde både litt flytebladvegetasjon med vanleg tjønna, nøkkerose og flotgras, tendensar til kortskotsamfunn med tjønngas og sumpvegetasjon i kantane med flaskestorr, bekkeblom, grøftsoleie, myrmjølke, trådstorr, sumpsvaks og myrmaure.

Kulturpåverknad: Liten utanom vegen og ilanddreve søppel.

Artsfunn: Sjø ovanfor. Småtjønna og tjønngas er regionalt uvanlege planteartar.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er registrert ei rekkje dammar/fisketome tjønner som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Sørlegaste del av lokaliteten inngår i forslag til Aunvågen naturreservat.

5 Hopavassdraget: utløpet/Hopøya

Lokalitetsnummer:	1573-005
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 515 375
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Brakkvassdelta, undervassenger, strandeng og strandsump, viktig bekkedrag
Prioritet:	B (viktig)

Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.22a)

Områdeskildring

Generelt: Utoen til Hopelva innanfor Hopøya vart undersøkt på nordsida av vegen. På vestsida av Hopøya var havstrandvegetasjonen stort sett berre strandberg, og ein fann berre sverdlilje av interesse.

Vegetasjon: Havstrandsamfunna er forholdsvis artsfattige og dårleg utvikla, men det er einiske førekomster av saltenger med m.a. saltsiv og småsivaks og brakkvassenger med fjøresivaks og pølstorr. A.O. Folkestad (pers. medd.) har registrert småhavgras her. Dei attgroande engene går dels over i sumpstrand med m.a. hanekam og jåblom. Elva renn nokså rolig nedanfor brua med einiske små kulpar og her er vegetasjonen ferskvasspåverka og tydeleg næringspåverka (eutrof).

Kulturpåverknad: Utløpsområdet til Hopelva noko prega av nærleiken til Hopen med naust og noko forsøpling. Området mellom Hopøya og vegen har vore ein del kulturpåverka tidlegare (truleg gamle slåtteenger og beitemarker), men er no i attgroing. I tillegg førekjem rester etter gamle veger/byggverk samt at det har blitt planta litt barte nær vegen.

Artsfunn: I dei minst saltvasspåverka delene av elva veks trådtjønnaks, rusttjønnaks, tusenblad, andemat, kantnøkkerose, sumpsivaks, mannasøtgras, grøftesoleie, klovasshår, elvesnelle og flotgras. Elveutløpet har viktig funksjon for vårmarksfugl.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit lite og måteleg artsrikt elveutløp, men med interessant vassplanteflora.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Inngår i forslaget til Hopavassdraget naturreservat.

6 Hopavassdraget: Hopelva

Lokalitetsnummer: 1573-006
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 510 365
Høgd over havet: 0-2 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Viktig bekkedrag
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Forureining, området er foreslått verna
Undersøkt/kjelder: 28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.22b)

Områdeskildring

Generelt: Nedanfor Litlvatnet er Hopelva undersøkt i nærområda til Litjvatnet og dei siste 200-300 metra ovanfor brua over riksvegen. Heile strekninga mellom riksvegen og utløpsosen frå Litjvatnet er avgrensa fordi ein går ut frå at kvalitetane er omlag dei same i dei mellomliggjande, ikkje undersøkte områda. Elva kan karakteriserast som viktig bekkedrag, eller stadvis meandrerande elv.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2), ulike utformingar av sumpvegetasjon og engsamfunn langs elvebreiddene.

Kulturpåverknad: Elva er lite kulturpåverka, med unntak av næringstilførsel frå område lenger opp i vassdraget.

Artsfunn: Det vart notert m.a. vanleg tjønnaks, rusttjønnaks, klovasshår, flotgras, og hesterumpe. Langs kantane var det innslag av flaskestorr, sumpsivaks, elvesnelle, myrhatt, bekkeblom, saftstjerneblom og grøftesoleie.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er del av eit nokså intakt kystvassdrag med ein del vassplanter og truleg andre verdiar som ikkje er dokumenterte.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten inngår i forslaget til Hopavassdraget naturreservat.

7 Hopavassdraget: Litlvatnet m.m.

Lokalitetsnummer: 1573-007
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 497 350
Høgd over havet: ca. 7-10 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Rik kulturlandskapsjø, viktig bekkedrag
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Forureining, området er foreslått verna
Undersøkt/kjelder: 28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.22c)

Områdeskildring

Generelt: Litlvatnet er ein del av Hopavassdraget, mellom Frostadheia og Hopen. I tillegg er det teke med i avgrensinga noko av vassdraget elles, m. a. Mellomvatnet og vassdraget opp til Korsvatnet. Mykje av denne øvre strekninga frå Mellomvatnet til Korsvatnet er betydeleg eutrofiert av næring frå Gåsvassbekken.

Vegetasjon: Litlvatnet er tydeleg noko næringspåverka og har litt flytebladsamfunn med flotgras, kantnøkkerose og vanleg tjønnaks, noko langskotvegetasjon med tusenblad og klovasshår. I tillegg var det stadvis frodig sumpvegetasjon med trådstorr, grøftesoleie, myrhatt, bekkeblom, elvesnelle, myrklegg, bukkeblad, myrmaure, myrmjølke, sumpsivaks, andemat og sumpkarse. I utløpsosen av Litlvatnet er det store kratt av øyrevier og her vart det også funne kjeldeurt, skjoldberar og rusttjønna. Mellomvatnet har liknande vegetasjon som Litlvatnet, men med noko meir flytebladvegetasjon med kantnøkkerose og vanleg tjønna. I elva oppstrøms Mellomvatnet fanst sumpar av piggknoppforming med kjempepiggnopp (O5e).

Kulturpåverknad: Relativt lite påverka av inngrep, men betydeleg næringstilførsel frå jordbruksområde lenger opp, særleg tydeleg frå Mellomvatnet til samløpet mellom Gåsvassbekken og Korsvatnet.

Artsfunn: Sjå ovanfor under vegetasjon. Strekninga frå Mellomvatnet til samløpet mellom Korsvatnet og Gåsvassbekken hadde nitrogenkrevande planter som kjempepiggnopp, amerikamjølke og frodig takrøyvvegetasjon. I fleire småpyttar mellom Aunvågen og Litlvatnet (ikkje avgrensa) vart det registrert typiske vass- og sumpplanter som kysttjønna, trådstorr, fjøresivaks, duskull, bukkeblad, kantnøkkerose, botnegras, krypsiv, vanleg tjønna, tusenblad og sumpblærerot.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er noko artsrike vatn og viktig bekkedrag i eit nokså intakt kystvassdrag, med nokre interessante vassplanter.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten inngår i forslaget til Hopavassdraget naturreservat.

8 Hopavassdraget: Korsvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-008
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 493 336
Høgde over havet:	9 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Forureining
Undersøkt/kjelder:	28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.22d)

Områdeskildring

Generelt: Korsvatnet er ein del av Hopavassdraget. Vatnet ligg ikkje i kulturlandskapet, men er truleg litt påverka av jordbruk lenger opp i vassdraget. Hovudintrykket frå Korsvatnet er eit nokså humusrikt, mesotroft til oligotroft vatn.

Vegetasjon: Det smale partiet av Korsvatnet rett ovanfor samløpet med Gåsvassbekken har mykje høgvaksen takrøyvvegetasjon (O5). I nordre og vestre deler av vatnet er det stadvis mindre belte med flytebladvegetasjon (P2) av kantnøkkerose og vanleg tjønna. Inst i den vestre vågen og i småsig innanfor førekjem m.a. kysttjønna, sumpblærerot, bukkeblad, trådstorr, flaskestorr, myrhatt og klovasshår. Innløpsosen i sørenden av vatnet vart ikkje oppsøkt, men såg ut til å ha ein del flytebladvegetasjon og noko sump- og myrvegetasjon.

Kulturpåverknad: Relativt lite påverka av inngrep, men noko næringstilførsel frå jordbruksområde lenger opp.

Artsfunn: Sjå ovanfor.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit noko artsrikt vatn i eit nokså intakt kystvassdrag, men tilfredsstillar truleg ikkje kriterier for B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten inngår i forslaget til Hopavassdraget naturreservat.

9 Aunvågen: Kvalpøya, sørlege del

Lokalitetsnummer:	1573-009
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 497 374
Høgde over havet:	ca. 1 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.19a)

Områdeskildring

Generelt: Det er undersøkt eit mindre vatn på sørsida av vegen. Dette er nokså grunt og vegetasjonsfattig. Det inngår i forslaget til Aunvågen naturreservat. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjonner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: Langskotvegetasjon (P1) m.m.

Kulturpåverknad: Liten, men lokaliteten ligg inntil vegen.

Artsfunn: I nordre del av det vesle vatnet vaks det sparsamt med sumpsivaks, krypsiv, hesterumpe og kransalgen skjørkrans.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein dam med m.a. kransalgen skjørkrans, som viser at det er potensiale også for andre, litt basekrevande artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten inngår i forslaget til Aunvågen naturreservat.

10 Aunvågen: Kvalpøya, vestre del

Lokalitetsnummer:	1573-010
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 493 376
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.19a)

Områdeskildring

Generelt: Det er undersøkt ein liten brakkvasspytt på vestre del av Kvalpøya der det vaks småhavgras.

Vegetasjon: Undervassenger (U2a).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Småhavgras er ingen vanleg art i Møre og Romsdal, men på Smøla er det mykje.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at ein liten brakkvassdam med småhavgras truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten inngår i forslaget til Aunvågen naturreservat.

11 Aunvågen: Fløtjønna

Lokalitetsnummer:	1573-011
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 498 370
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, viktige bekkedrag
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.19b), 13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. På strekinga frå Kvalpøya ned mot botnen av Aunvågen består havstrandvegetasjonen hovudsakeleg av fattige strandberg og små parti med tangvollar i vikene. Eitt unntak er brakkvasspollen Fløtjønna som er avgrensa. Vågen er berglendt og litt djup i midten med dårleg siktedjup.

Vegetasjon: Dette er ein brakkvasspoll med havgrasenger og ålegrasenger (U1, U2a), mest i indre deler. Her er det også fragment av saltenger (U5) og brakkvassenger (U7), ei lita tjønn, fattig til intermediær myr og ein tilførselsbekk.

Kulturpåverknad: Liten. Litt planta bartre rundt vågen.

Artsfunn: Ålegras og småhavgras vart påvist, og det er truleg potensiale for skruehavgras i indre deler. I strandengene vart det funne m. a. fjøresivaks, fjørekoll og knopparve. Innslag av blæretang, men også lysegrøn algesuppe som karakteriserer brakkvasspollane på Smøla.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein større brakkvasspoll med innslag av undervassenger, og i indre del også meir variert med strandenger, ferskvatn, intermediær myr og viktig bekkedrag.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Aunvågen naturreservat.

12 Aunvågen (poll)

Lokalitetsnummer:	1573-012
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 496 358
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.19c)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. Inne i Aunvågen vantar stort sett havstrandsamfunn, med unntak av ein brakkvasspoll inst i vågen, der det er mykje småhavgras.

Vegetasjon: Undervassenger av havgrasutforming (U2a).

Kulturpåverknad: Grustekt o.a. fysiske inngrep i strandsona.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av småhavgras.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det finst undervassenger med bestandar av småhavgras, men lite anna, noko som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten ligg like utanom forslaget til Aunvågen naturreservat.

13 Vegkantar ved Aunvågen

Lokalitetsnummer:	1573-013
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 496 358
Høgd over havet:	ca. 2-7 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrike vegkantar
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.19c)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. Tilknytt vegen nær Aunvågen er det ein del botanisk interessante førekomstar.

Vegetasjon: Basekrevande engvegetasjon. I tillegg finst noko kalkrike småpyttar med kransalgen skjørkrans.

Kulturpåverknad: Vegkanten er skapt av vegbygging.

Artsfunn: Langs og inntil vegen ut til oppdrettsanlegget (ikkje innteikna på ØK, ikkje avgrensa) vaks mykje vill-lin, og kattedot, dvergjamne og litt bittersøte. Langs hovudvegen førekjem det også ein del tilsvarande vegetasjon. Ved ein liten avkjørsel litt sørvest for Aunvågen (ikkje innteikna på ØK) vart det påvist *bleiksøte*, loppestorr, bogestorr og vill-lin. I eit lite vassig på sørsida av vegen vaks skjørkrans og småblærerot, og inntil var det rikmyrtendensar med breiull, engstorr og kornstorr. Langs vegen lenger nordaust førekjem *bleiksøte* saman med m.a. bittersøte og marinøkklar, og einskilde beitemarkssopp som kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*. Førekomstene av bittersøte og bleiksøte er dei einaste førekomstane som er funne på Smøla, og for bleiksøte kan dette vera dei sørlegaste som er intakt i Norge, og den einaste intakte lokaliteten som no er kjent i fylket, etter at arten er forsvunnen på Farstad i Fræna.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) mest på grunn av førekomstane av den regionalt sjeldne bleiksøta, ein konkurransesvak art som er avhengig av kalkrik sandjord. I tillegg var førekomstane av bittersøte, vill-lin, marinøkkel og skjørkrans interessante og verdifulle.

Skjøtsel og omsyn

Søteartane er avhengige av lysopen vegetasjon på kalkrik sand. Attgroing er uheldig, medan dei truleg vil tola førsiktige fysiske inngrep som ikkje fjernar eller flyttar store mengder masse, slik som grøfterensk langs vegen.

Kantslått er positivt og truleg nødvendig. Kransalgen skjørkrans er avhengig av kalkrike tjønner med relativt høg pH. Lokaliteten ligg like utanfor og i kanten til det føreslegne Aunvågen naturreservat.

14 Trettordvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-014
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 476-477 346-347

Høgd over havet:	ca. 1-5 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø, dammar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.18d)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. Nord for gardsbruket på austsida av Grundvågen ligg Trettordvatnet (MR 476 347) og fleire småpyttar. Eit grunt, lite vatn (Mellomvatnet, MR 477 346) på sørsida av føregåande vart også undersøkt. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: Langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2) m.m.

Kulturpåverknad: Vatna får truleg litt næring frå beitemarkene i sør, men verkar nokså næringsfattige og noko humuspåverka.

Artsfunn: Floraen er stort sett typisk med kantnøkkerose, flotgras, vanleg tjønnaks, klovasshår og tusenblad ute i Trettordvatnet og mannosøtgras, grøftesoleie, ryllsiv, hesterumpe og bekkeblom i kantsonene. I tillegg vart det gjort eit sparsamt funn av ei vass-soleie, mest sannsynleg småvass-soleie, som er regionalt svært sjeldan. I Mellomvatnet på sørsida av føregåande vart det registrert krypsiv, tusenblad, elvesnelle, grøftesoleie, myrhatt, botnegras og slåttestorr. Elles inneheld eit drikkevassstjønn på beitemarka nær garden flotgras, kysttjønna og tusenblad, og i ein utmarksveg rett aust for garden vart bogestorr funne (ikkje avgrensa).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er middels artsrike dammar/kulturlandskapssjøar med dels interessant flora, særleg da den sjeldne vass-soleia, som burde vore ettersøkt og artsbestemt sikkert.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

15 Grunnvågen

Lokalitetsnummer:	1573-015
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 475 340
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Kristiansen (1974a), Holten m.fl. (1986b), 07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.18c)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. Det avgrensa partiet gjeld indre deler av vågen mot vegen, inkludert partia mot gardsvegen på austsida av vågen. Området har også vore undersøkt tidlegare av Kristiansen (1974a) og Holten m.fl. (1986b).

Vegetasjon: I dammane og inst i vågen er det litt undervassenger (U1, U2a, U2d). Her førekjem både ålegras, småhavgras og tjønnaks-arter. Det vart i 1999 funne berre busttjønna, medan Kristiansen (1974a) registrerte trådtjønna. Elles førekjem noko brakkvassenger (U7) med artar som fjøresivaks, rustsivaks og pølstorr, og saltenger (U5) med saltsiv, bogestorr og fjøresaltgras. Det er også små parti med forstrender med saftmelde, salturt og havbendel (U3).

Kulturpåverknad: Det er tatt ut mykje grus (dels skjelsand) inst i vågen. Dette har skapt fleire små dammar, medan deler av havstrandmiljøa er vesentleg påverka. Dammane som ligg inntil gardsvegen er også prega av inngrep og verkar samtidig noko påverka av næringstilsg frå landbruket.

Artsfunn: Middels artsrikt med 62 artar (Holten m. fl. 1986b). Busttjønna og trådtjønna er regionalt uvanlege artar. Det same gjeld saftmelde, salturt, bogestorr og havbendel. Elles vart marinøkkel og vill-lin registrert i vegkanten (ikkje med i det avgrensa området).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av middels artsrike havstrandmiljø med nokre uvanlege artar som t.d. busttjønna.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

16 Dam nord for Langåsen

Lokalitetsnummer:	1573-016
Kartblad:	1321 I Smøla

UTM (EUREF 89): MR 480 345
Høgd over havet: ca. 7-8 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Dammar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder: Olsvik (1998, lok. 11)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. Lokaliteten er ein liten dam like aust for vegen nord for Langåsen, og i vassdraget som munnar ut ved Tretturdskaget. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: Myrtjønn med relativt lite vegetasjon (Hans Olsvik pers. medd.).

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Dammen og særleg nærliggjande bekke drag er levestad for ein sjeldan tegeart, *Velia caprai*. Dette er den nest nordlegaste lokaliteten som er kjend (den nordlegaste ligg på Hitra) (Olsvik 1998), og ein av 3 kjende lokalitetar i fylket (Olsvik 1991 og H. Olsvik pers. medd.).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dammen er leveområde for ein regionalt sjeldan insektart. Verdsettinga kan revurderast dersom arten viser seg å vera vanlegare enn ein trur pr. i dag.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

17 Litlneset ved Kuøya

Lokalitetsnummer: 1573-017
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 460 345
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep.
Undersøkt/kjelder: Holten m.fl. (1986b), 07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.18a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen. Innsida av Kuøya er undersøkt av Gaarder & Jordal (2000). Vågen nærast Litlneset er også undersøkt av Holten m.fl. (1986b).

Vegetasjon: Undervassenger med ålegras og småhavgras (U1, U2a). Det er ein del brakkvassenger og saltenger (U5, U7). Ut mot Kuøya er det ein del mudder- og grusflater med soner av havstrandmiljø mot land. Desse omfattar både saltenger, brakkvassenger og salturt- og bendel-forstrender (U3).

Kulturpåverknad: Litt fysiske inngrep.

Artsfunn: Forstrendene har nokså mykje saltbendel, og litt havbendel og salturt. Elles vart artar som bogestorr, pølstorr, fjørestorr og ishavsstorr registrert. A.O. Folkestad (pers. medd.) har også funne ein del skruhavgras på Litlneset.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla strandenger med eit middels artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

18 Litlneset, indre del

Lokalitetsnummer: 1573-018
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 460 345
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst, kulturlandskap
Naturtype: Strandeng og strandsump, undervassenger, artsrike vegkantar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Kristiansen (1974a), 07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.18a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Dyrnes og Hopen ved indre del av Einesvågen. Deler av lokaliteten er skildra av Kristiansen (1974a). Seinare er han undersøkt og avgrensa av Gaarder & Jordal (2000).

Vegetasjon: Undervassenger (U2a, U2d), saltenger (U4, U5), brakkvassenger (U7). Vågen vest for Litlneset inneheld noko undervassenger med ålegras og småhavgras, det er litt forstrand med salturt (U3), og saltenger og brakkvassenger, m.a. med fjørestorr og grusstorr.

Kulturpåverknad: Indre deler av Einesvågen har truleg hatt ei fin sonering frå saltvassmiljø i botnen av vågen til gradvis meir brakke miljø opp mot vegen. Dette er litt forstyrta av grusuttak, sjølv om desse også har skapt interessante miljø. Gardsvegen passerer gjennom lokaliteten.

Artsfunn: Sjå ovanfor under vegetasjon. I dammane skapt av grusuttak førekjem trådtjønnaks og småhavgras. A.O. Folkestad (pers. medd.) har også funne skruehavgras på Litlneset, uvisst kvar. Elles er det funne ei sveve av hårsveve-gruppa i vegkanten på skjelsand, den nokså sjeldne og raudlista svenskesvæva *Hieracium suecicum*.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla strandenger, litt undervassenger m.m.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

19 Grunnvågen, vestre del

Lokalitetsnummer:	1573-019
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 470 340
Høgd over havet:	ca. 2-3 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rike kulturlandskapssjøar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.18b)

Områdeskildring

Generelt: Gaarder & Jordal (2000) undersøkte eit par vatn og småpyttar som ligg mellom vegen ut til Einneset og Grundvågen. Desse er nokså humusrike, men verka samtidig noko næringsrike.

Vegetasjon: Vatna har ein del flytebladvegetasjon (P2) med kantnøkkerose, vanleg tjønnaks og flotgras. Langskotvegetasjonen (P1) er også normalt utvikla med klovasshår, hesterumpe, sumpblærerot, rusttjønnaks, trådtjønnaks og skjørkrans. I tillegg er tendensar til kortskotvegetasjon (P4) med funn av sylblad. I kantsonene opptre det stadvis rikeleg med bukkeblad, bekkeblom, grøftesoleie, mjuksivaks, myrmjølke, trådstorr, hanekam og andemat.

Kulturpåverknad: Vatna vert tilført ein del næring frå jordbruksareala på Einneset via ein bekk som kjem ned i sørvestenden. Lokaliteten grensar mot veg i sør.

Artsfunn: I ein småpytt mest nede ved det største vatnet veks trådtjønnaks, flotgras, småblærerot, bukkeblad, trådstorr, duskull, slåttestorr, krypsiv, myrklegg og skjørkrans. Ein annan liten pytt har førekomst av bukkeblad, flaskestorr, dystorr, krypsiv, andmat og myrhatt. Langs den forureina bekken vaks m.a. amerikamjølke.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik kulturlandskapssjø.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

20 Monsøya

Lokalitetsnummer:	1573-020
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 450 358
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	29.09.1997, Jordal & Gaarder (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Monsøya (Mongsøya på økonomisk kart) er eit konglomerat av holmar som ligg i skjergarden nordaust for Dynes.

Vegetasjon: Rundt husa er det noko grasmark med engkvein, kvitkløver og god mosedekning (frisk fattigeng, G4), medan mesteparten av vegetasjonen elles består av tørr og fuktig røsslynghei og fukthei.

Kulturpåverknad: Øya hadde busetnad fram til 1962-63 da ein familie med 9 born flytta bort. Huset står framleis. I 1997 gjekk nokre sauer her. Beitetrykket var svakt. Det har vore vanleg med 20-30 sauer (notat Per Halse).

Artsfunn: Det vart funne 35 planteartar, mellom desse 8 vanlege naturengplanter. Det vart funne 11 artar av grasmarkssopp, av desse berre 1 beitemarkssopp. Litt uventa var det å finna to artar av sjampinjong her ute.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er m.a. intakt kystlynghei.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med beiting også i framtida. Lokaliteten inngår i forslag til Monsøy naturreservat.

21 Dyrnes: Storneset

Lokalitetsnummer:	1573-021
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 444 346
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.17g)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein liten våg rett på nordsida av lokalvegen forbi Storneset nordaust for Dyrnes. A.O. Folkestad (pers. medd.) har også funne bust- eller trådtjønnaks i ein putt på sørsida av denne vegen nærare hovudvegen. Usikker avgrensing.

Vegetasjon: Undervassenger av tjønnaksutforming (U2d).

Kulturpåverknad: Dårlege data.

Artsfunn: Det mest interessante i denne vågen var førekomst av den regionalt sjeldne brakkvassplanten busttjønnaks.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av brakkvasspoll og undervassenger med den regionalt uvanlege arten busttjønnaks.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

22 Dyrnes: Sprangøya

Lokalitetsnummer:	1573-022
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 432 345
Høgd over havet:	0-8 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	30.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.17e)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei lita, i stor grad graskledd øy som vert beita av sau.

Vegetasjon: Noko av vegetasjonen har eit litt nitrofilt preg.

Kulturpåverknad: Beitetrykket verka nokså godt. Det har vore vanleg med 10 sauer (notat Per Halse).

Artsfunn: Det førekjem spreidd med naturengplanter, og i alt vart det registrert 10 slike artar. Av spesiell interesse er funn av kamgras, som vaks sparsamt inntil stien/vegen opp til huset på øya. Arten har få funn frå Møre og Romsdal. Elles vart det funne bogestorr og langs stien også bakkeveronika, som også er ein regionalt sjeldan art.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er intakte naturbeitemarkar med fleire regionalt sjeldne artar. Truleg er her også potensiale for beitemarkssopp (ikkje undersøkt).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

23 Dyrnes: Vika

Lokalitetsnummer:	1573-023
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 439 341
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteenger, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)

Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 30.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.17f)

Områdeskildring

Generelt: Ein undersøkte her engsamfunna på eit mindre bruk der vegen ut mot Storneset svingar av. Usikker avgrensing.

Vegetasjon: Friske fattigenger (G4).

Kulturpåverknad: Engene verka til dels lite gjødsla, har stort innslag av naturengplanter, og vert framleis bruka på tradisjonelt vis ved slått med ljà og to-hjula slåmaskin og beite vår og haust av sau.

Artsfunn: I alt vart det registrert 21 naturengplanter på engene, deriblant kravfulle og interessante artar som marinøkkel (fleire stader i til dels gode bestander), bakkeveronika, vårskrinneblom og markfrytle. Potensialet for kravfulle og truabeitemarkssopp er god, men dårlege forhold under besøket var årsak til at ein berre fann brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er intakte naturbeitemarkar og slåtteeingar med interessante og dels sjeldne artar. Betre undersøkingar vil kunne gje grunnlag for å setta verdien høgare, særleg fordi dette er den einaste tradisjonelle slåtteeinga ein framleis kjenner til frå Smøla.

Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskjeleg at slåtten og beitinga held fram.

24 Brattvær, beitemarker v/kyrkja

Lokalitetsnummer: 1573-024
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 485 191
Høgd over havet: 0-9 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 22.10.1996, Jordal & Gaarder (1997, 1998a) 26.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Brattvær kyrkje ligg på Vest-Smøla sørvest for Dyrnes. Det ligg ein del udyrka naturbeitemarkar både sørover og vestover frå kyrkja. Avgrensinga er noko usikker.

Vegetasjon: Vegetasjonen i området består av tørr og fuktig røsslynghei (H1, H3) og nokså mykje engkveindominert grasmark (G4).

Kulturpåverknad: Beitemarkene var i god hevd og vart beita av sauer. Innanfor det avgrensa området finst ei hytte og fråflytta småbruk.

Artsfunn: Det vart funne 46 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter (berre vanlege artar). Det vart funne 35 artar av grasmarkssopp, av desse 19 beitemarkssopp (32 artspoeng). Her kan nemnast raudlisteartane bronseraudskivesopp *Entoloma formosum*, spissvokssopp *Hygrocybe persistens*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* og gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V). Elles vart det funne sumpraudskivesopp *Entoloma turbidum*. Lokaliteten er eit godt eksempel på triviell flora og vegetasjon kombinert med artsrik flora av beitemarkssopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla beitemarker og intakte kystlyngheier med fleire raudlisteartar, blant desse ein i kategori sårbar. Her finst truleg ein større artsrikdom enn det som vart påvist ved dette besøket.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er verdfull og det er viktig at han vert beita også i framtida.

25 Aust for Brattvær (strandenger)

Lokalitetsnummer: 1573-025
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 422 313
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst, ferskvatn/våtmark
Naturtype: Strandeng og strandsump, dammar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Kristiansen (1974a), 02.07.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.17d)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på austsida av riksvegen i indre del av vågen aust for Skarpnæs og Aukan. Dette er eit lite landhevingssystem med noko havstrandenger sør for kyrkjegarden.

Vegetasjon: Havstrandengene består hovudsakeleg av brakkvassenger (U7) med artar som rustsivaks, fjøresivaks og fjørestorr. Ovanfor desse er det eit parti med meir ferskvasspåverka sumpparti. Her veks m.a. hesterumpe, kysttjønnaks, botnegras og trådtjønnaks.

Kulturpåverknad: Den gamle vegen kryssar lokaliteten. I nedkant grenser lokaliteten til den nye vegen (ikkje innteikna på ØK).

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Kristiansen (1974a) nemner også trådtjønnaks i bekken og bogestorr og vill-lin på skjelsand (usikkert om dette gjeld lokalitet 25 eller 26).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) fordi det er velutvikla strandenger og strandsumpar med overgangar frå brakkvassenger til nokså ferskt vatn.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

26 Aust for Brattvær (poll)

Lokalitetsnummer:	1573-026
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 422 311
Høgde over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.07.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.17d)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein liten poll som har vorte avsnørt av riksvegen.

Vegetasjon: I den avsnørte pollen vaks mykje ålegras og truleg førekjem det også havgras (småhavgras eller skruehavgras) (U1, U2).

Kulturpåverknad: Pollen er skapt av redusert vassutskifting som følgje av riksvegen.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at ålegrasenger er ein utbreidd vegetasjonstype på Smøla.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

27 Skomsøyvågen, ved vegen

Lokalitetsnummer:	1573-027
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 412 296
Høgde over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.17c)

Områdeskildring

Generelt: Her er det undersøkt og avgrensa ein liten poll avsnørt av riksvegen like sør for staden der vegen kryssar Skomsøyvågen. Tilgrensande område i indre deler av Skomsøyvågen er for salte til å innehalda undervassenger og vågen er stort sett omgjeven av berglendt mark som gav dårleg grunnlag for andre havstrandmiljø. Berre flekkvis vart det funne små parti med driftvollar, saltenger og forstrender. Forstrandmiljøa inneheld artar som saltbendel, salturt og saftmelde (ikkje avgrensa).

Vegetasjon: Undervassenger av havgrasutforming, dels med ålegras (U1, U2a).

Kulturpåverknad: Vegen har truleg bremsa vassutskiftinga og gjort vatnet meir brakt. Brakt vatn gjev betre tilhøve for t.d. skruehavgraset.

Artsfunn: Pollen er nokså begrodd med algar, men har også mykje småhavgras, skruehavgras og ålegras. Skruehavgras er ein regionalt sjeldan art der dei viktigaste bestandane i fylket ligg på Smøla.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av velutvikla undervassenger med den regionalt sjeldne brakkvassarten skruehavgras.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå ytterlegare fysiske inngrep.

28 Skomsøyvågen, indre del

Lokalitetsnummer:	1573-028
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 421 293
Høgd over havet:	1 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Kalksjø, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.07.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.17c)

Områdeskildring

Generelt: Sør for Skomsøyvågen, i den vesle dalen over mot Gjelbergvatnet, ligg ei lita tjønn som må vera ein del påverka av kalkrik skjelsand. I tillegg inneheld dei omliggjande myrene parti med kalkkrevande vegetasjon.

Vegetasjon: Langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2), middelsrik fastmattemyr (M2).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: I vatnet veks ein del skjørkrans, saman med krypsiv, småblærerot, bukkeblad og kysttjønnaks. De myrlendte partia inntil vatnet har innslag av kravfull vegetasjon med artar som svartopp, loppestorr, engstorr og særbustorr.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit lite parti med rikmyr, og ein svakt utvikla kalksjø.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

29 Gamlevegen nord for Gjelberg

Lokalitetsnummer:	1573-029
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 413-415, 280-285
Høgd over havet:	ca. 10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Artsrike vegkantar, dammar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (attgroing, fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.17b)

Områdeskildring

Generelt: Det er undersøkt eit par små tjønнар, pyttar og vegkantar langs gamlevegen. På austsida av veggen (og sumpparti på vestsida av veggen), ligg eit mindre tjønn som tydeleg er noko kalkpåverka og har ein forholdsvis artsrik vegetasjon. Det er og registrert artsrike vegkantar langs gamlevegen. Avgrensinga er litt usikker.

Vegetasjon: I den mindre tjønna aust for veggen er det noko flytbladvegetasjon med kantnøkkerose og kysttjønnaks, litt langskotvegetasjon med tusenblad, og forholdsvis rik sumpvegetasjon med m.a. elvesnelle, bukkeblad og grøftesoleie.

Kulturpåverknad: Gammel veg.

Artsfunn: I tjønna på austsida og dei fuktigaste sumppartia langs veggen veks det stadvis ein del skjørkrans. I tillegg førekjem ein del rikmyrsplanter, særleg inntil veggen, som svartopp, engstorr, loppestorr, vill-lin, bjønnbrodd, særbustorr, hårstorr og trådstorr. I vegkantane eit stykke sørover mot Gjelberg er det flekkvis noko kalkrik vegetasjon (skjelsandpåverka?). Dels er det fuktengartar og dels tørrbakkeartar. Ein fann fleire stader kattefot, småengkall, svartopp, vill-lin, dvergjamne, hårstorr og blåstorr. På ein stad (MR 415 280) fanst det også sparsamt med bakkesøte.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av varierte ferskvassmiljø og vegkantar med innslag av regionalt uvanlege og kravfulle artar (skjørkrans, vill-lin, blåstorr, bakkesøte), og den truga vegetasjonstypen blåstorr-engstorr-eng.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i ferskvassmiljøa. Vegkantane bør ikkje gro att, derfor bør området beitast.

36 Kråkvikvatnet nord for Gjelberg

Lokalitetsnummer:	1573-036
Kartblad:	1321 I Smøla

UTM (EUREF 89): MR 412 288
Høgd over havet: ca. 10 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Dammar
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder: 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av. lok. 4.17b)

Områdeskildring

Generelt: Kråkvikvatnet ligg på vestsida av gamlevegen mellom Gjelberg og Skomsøyvågen.

Vegetasjon: Det vart registrert litt flytebladsamfunn (P2) med kantnøkkerose, vanleg tjønnaks og flotgras. I tillegg opptrer langskotvegetasjon (P1) med rusttjønna (cf.) og tusenblad, og kortskotvegetasjon (P4) med botnegras.

Kulturpåverknad: Liten. Gammel veg i nærleiken.

Artsfunn: I strandsona av vatnet førekjem det sparsamt med m.a. trådstorr, krypsiv, grøftsoleie, ryllsiv, flaskestorr, bukkeblad, myrhatt, myrsaulauk, fjøresivaks, kornstorr, mjuksivaks, og sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata*.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

30 Leira (Tjønnoysundet)

Lokalitetsnummer: 1573-030
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 403 275
Høgd over havet: 0 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1998a), Gaarder & Jordal (2000, lok. 4.16c)

Områdeskildring

Generelt: Leira er ein våg som er avgrensa av veg på begge sider og dermed har fått redusert vassutskifting og brakt miljø. I tillegg førekjem det også på sørsida av riksvegen i søraust ein grunn våg med ålegrasenger.

Vegetasjon: Undervassenger med mykje småhavgras, skruhavgras og ålegras (U1, U2a). Elles er det lite havstrandvegetasjon i vågen som vegen har avsnørt.

Kulturpåverknad: Vegen kryssar vågen to stader og bremsar vassutskiftinga. Dette gjev truleg eit tilstrekkeleg brakt miljø for skruhavgraset.

Artsfunn: I sjølve den avsnørte vågen var det også mykje av desse ålegras og småhavgras, i tillegg til noko skruhavgras (regionalt sjeldan, men stadvis vanleg på Smøla). Sør for riksvegen i søraust var det også ålegras og småhavgras. Knopparve og vill-lin vart funne i strandengene. Funksjon som beiteområde for ender og dels songsvaner vinters tid.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein brakkvasspoll med m.a. skruhavgras, som er ein regionalt sjeldan brakkvassart.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

31 Tjønnoya, sørlege del

Lokalitetsnummer: 1573-031
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 402 272
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst, ferskvatn/våtmark
Naturtype: Brakkvasspollar, undervassenger, dammar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.16d og f)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på sørlege del av Tjønnøya og inneheld eit kompleks av brakkvass- og ferskvassdammar med eit saltinnhald som truleg varierer noko med årstid og vertilhøve. Det er og ein del mudderflater og litt innslag av havstrandmiljø.

Vegetasjon: I pollar, smådammar og gruntvassparti her førekjem nokså velutvikla undervassenger med ålegras, skruhavgras og småhavgras (U1, U2a). I tillegg er det tendensar til forstrender med havbendel (U3c). Elles er det berre små flekker av saltenger med saltsiv (U5a). Ei ferskvasstjønn har eit nokså eutroft preg (næring helst tilført med fugl eller dyr) og her veks i vestkant m.a. andemat, småtjønnaks, klovasshår, tusenblad og amerikamjølke. I ein liten putt nær vegen førekjem skjørkrans. I tillegg vart rusttjønnaks funne i ein av dammane.

Kulturpåverknad: På nordsida av lokaliteten ligg vegen til Steinsøya og nokre bustadhus. På austsida ligg vegen til Gjeldbergøya som har avsnørt ein av pollane. På vestsida går veg til sjøbuer på sørvestspissen av Tjønnøya.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Skruhavgras er ein regionalt sjeldan art, som i fylket har sine viktigaste veksestader her på Smøla. Skjørkrans, småtjønnaks og andemat er og uvanlege.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av velutvikla brakkvasspollar med undervassenger som m.a. inneheld den regionalt sjeldne arten skruhavgras.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

32 Gjelbergøya, nordvestre del

Lokalitetsnummer:	1573-032
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 402 269
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.16e)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein liten, smal våg som ligg på vestsida av gardsvegen på nordsida av Gjelbergøya.

Vegetasjon: I sjølve vågen var det undervassenger med store mengder småhavgras, og noko ålegras (U1, U2a). Elles er det innslag av strandberg og brakkvasspoller. Desse vart ikkje nærare undersøkt, men hadde eit nitrofilt preg og innslag av små tangvollar.

Kulturpåverknad: Grensar til gardsveg i aust.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

33 Odden

Lokalitetsnummer:	1573-033
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 382 258
Høgd over havet:	5 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.11.1995, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei flat, middels stor øy på nordsida av Olsøysvaet, eit stykke vest for Ersnes.

Vegetasjon: Vegetasjonen indikerer kalkfattige forhold (frisk fattigeng, G4).

Kulturpåverknad: Øya har tidlegare vore eit stort og viktig fiskevær, men berre einskilde hustufter står no att. Øya var grasdominert og beitetrykket av sau var brukbart ved besøket. Det er vanleg med 20 sauer (notat Per Halse). Øya bar også litt preg av god nitrogentilgang, anten p.g.a. tidlegare gjødsling eller tilførsel frå sjøfugl. Dette er mest utprega nær hustuftene, medan det andre stader finst parti prega av mager mark.

Artsfunn: Under besøket vart dei to vanlege beitemarkssoppene kritt vokssopp og seig vokssopp funne, saman med dei vanlege grasmarksartane sitronkragesopp, okergul grynhatt og spiss fleinsopp (dårleg datagrunnlag).

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er naturbeitemarker som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B. Sidan lokaliteten først vart undersøkt etter at frosten var komen, bør han undersøkast betre.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida. Lokaliteten bør undersøkast betre.

34 Korsholmen

Lokalitetsnummer:	1573-034
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 385 262
Høgde over havet:	5 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.11.1995, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Øya ligg inntil Odden, og er av omtrent same storleik.

Vegetasjon: Det er noko lynchhei. Grasmarka nærast garden verka noko nitrofil, medan det er parti med mager, lite gjødsle grasmark (G4) på vestre og sentrale deler av øya.

Kulturpåverknad: Eit småbruk ligg på austsida av øya. Øya hadde slik som Odden ein del grasmark med eit nokså godt beitetrykk av sau. Det er vanleg med 20 sauer (notat Per Halse).

Artsfunn: Under besøket vart det berre funne grasmarksartar som sitronkragesopp og spiss fleinsopp (dårleg datagrunnlag).

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er naturbeitemarker som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B. Sidan lokaliteten først vart undersøkt etter at frosten var komen, bør han undersøkast betre.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida. Lokaliteten bør undersøkast betre.

35 Øyer sør for Steinsøya

Lokalitetsnummer:	1573-035
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 396 265
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, havstrand/kyst
Naturtype:	Naturbeitemark, brakkvasspollar, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing.
Undersøkt/kjelder:	07.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.16g)

Områdeskildring

Generelt: eit par øyer sør for Steinsøya er bunde saman med Fast-Smøla med gangbruer. Naturbeitemark utgjer størstedelen av arealar (utanom berg), brakkvasspollar utgjer ein forholdsvis liten del.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4). Det er fleire poller på øya som vert påverka av havdønningar og høg flo. I tre av desse vaks det skruhavgras og ålegras. Elles forekom det lite saltenger og annan havstrandvegetasjon på øya.

Kulturpåverknad: Desse øyane vart beita noko av sau.

Artsfunn: Det vart funne engvokssopp *Hygrocybe pratensis* og brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*. I tillegg fanst torvkøllsopp *Clavaria argillacea* på øya. Skruhavgras er ein regionalt sjeldan art, som i fylket har sine viktigaste veksestader her på Smøla.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av velutvikla brakkvasspollar med undervassenger som m.a. inneheld den regionalt sjeldne arten skruhavgras. Dessutan naturbeitemarker med nokre beitemarkssoppar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beitinga bør halda fram.

123 Ersneset: Ostjønna

Lokalitetsnummer:	1573-123
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 415 265

Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.1999, Gaarder & Jordal (2000, lok. 4.16a)

Områdeskildring

Generelt: Ostjønna med tilhøyrande brakkvasstjønner er eit lite poll-system vest for vegen til Ersneset like sør for Nystua.

Vegetasjon: Undervassenger med småhavgras (U2a). Elles er det litt havstrandvegetasjon. Rundt pollane var det innslag av brakkvassenger som vert gjødsla av grågå og sau. Elles er det berre fragmentariske innslag av strandenger, med førekomst av saltarve i nedre deler av saltengene ein stad.

Kulturpåverknad: Lokalveg i austkant av lokaliteten. Beiting av sau.

Artsfunn: Sjå ovanfor.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) fordi lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

37 Klakkavågen: Inner Klakkavatnet

Lokalitetsnummer:	1573-037
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 461 283
Høgd over havet:	9,5 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Kristiansen (1974a), 06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.15a)

Områdeskildring

Generelt: Inner Klakkavatnet ligg på nordsida av riksvegen nord for Fuggelvågen. I tillegg er den delen som ligg på sørsida av vegen også tatt med i avgrensinga. Partiet nærast vegen er undersøkt.

Vegetasjon: Taktør-sivakssump (O5a, O5d) m.m.

Kulturpåverknad: Riksveg i sørkant av lokaliteten.

Artsfunn: Av størst interesse her var ein mindre bestand med sjøsvaks og taktør. Elles verka vassplantefloraen nokså ordinær. I vegkanten var det indikasjoner på noko kalkrik grunn med artar som blåstorr og vill-lin.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten har bestandar av taktør og sjøsvaks som indikerer noko rikare tilhøve. Førekomstane av blåstorr og vill-lin langs vegkanten indikerer baserike tilhøve.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

38 Fuggelvågen

Lokalitetsnummer:	1573-038
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 465 280
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holten m.fl. (1986b), (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.14a), Melby & Gaarder (2000)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein liten våg i vika rett på sørsida av utløpet til Fuggelvågelva. Lokaliteten har ikkje mykje havstrender, men inneheld fleire av dei typiske havstrandsamfunna for Smøla med einskilde uvanlege artar. Det er nokså smale, men tydelege soneringer frå sjøen og opp på fastmarka. Elveutløpet til sjølve Fuggelvågvasdraget såg ut til å ha lite havstrandmiljø med brå overgang til saltvatn og er ikkje avgrensa.

Vegetasjon: Undervassenger førekjem med litt ålegrasenger (U1 på djupere vatn ute i vågen og havgrasenger (U2a, truleg med småhavgras) i smådammar inst i vågen. Det er små flekker med forstrandpanner (av vanleg

strandkjempe/strandkryp-utforming, U3d) og forstrandenger (med taesaltgras, U6a). Saltsivenger (med raudsvingel og saltsiv, U5) finst det ein del av, og det er mindre parti med brakkvassenger (U7, med fjøresivaks, pølstor og rustsivaks). Det er også tendensar til sumpstrand. Havstrandmiljøa går over i lynghei, som hovudsakeleg er fattig, men med lokalt urterike parti ned mot sjøen.

Kulturpåverknad: Det er lite inngrep i vågen, med unntak av ein enkel veg ned til sjøen på nordsida.

Artsfunn: Av mindre vanlege artar kan nemnas saftstjerneblom og bogestorr. Det vart og funne markfrytle i kantsoner. Sjå elles under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert havstrandmiljø med m.a. fleire typar strandeng og strandsump.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

39 Røkmyrane og Jøstølmyrane

Lokalitetsnummer:	1573-039
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 45-46, 26-27
Høgde over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Inngår i føreslått reservat
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984) lok. 51, Folkestad (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit større myrområde vest for riksvegen mellom Skjølbergvågen og Fuggelvågen. Myrene strekkjer seg vestover mot Kvernavatnet ved Jøstølen. Moen (1984) skildrar myrene som nedbørsmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52).

Vegetasjon: 80-90% ombrotrof tuvevegetasjon (J2). Elles tjønner og bekker, og rundt desse fattigmyr (K3/K4). Torvull er dominerande i feltskiktet, med klokkelyng, røsslyng, krekling, molte og rome som vanlege artar.

Kulturpåverknad: Nokre torvuttak avmerka på økonomisk kart. Utanfor det avgrensa området dyrka parti mot vegen i aust. Plantingar og grøfting i SV.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen. Arnfinn Skogen har gjort funn av den regionalt sjeldne dikesoldogg nord for Jøstølen, kanskje innanfor det avgrensa området.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte og velutvikla høgmyrer over 50 dekar.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fysiske inngrep. Størstedelen av lokaliteten inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

40 Røkmyrane og Holmvassmyrane

Lokalitetsnummer:	1573-040
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 47-49, 26-27
Høgde over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Dyrking o.a. fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984) lok. 50, Folkestad (1998a), Melby & Gaarder (2000)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit større myrområde aust for riksvegen mellom Skjølbergvågen og Fuggelvågen. Moen (1984) skildrar myrene som store samanhengande kompleks av nedbørsmyr, i hovudsak høgmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52), med unntak av parti som er oppdyrka etter 1984 (slik det går fram av tilgjengelege kart).

Vegetasjon: 80-90% ombrotrof tuvevegetasjon (J2). Elles tjønner og bekker, og rundt desse fattigmyr (K3/K4). Torvull og røsslyng er dominerande i feltskiktet, med klokkelyng, krekling, molte, bjønnskjegg og rome som vanlege artar.

Kulturpåverknad: Nokre torvuttak avmerka på økonomisk kart. Røkmyrene skal ha brent ca. 1930. Vest mot vegen (ikkje avgrensa) er det dyrka parti. Grøfting i søraustlege del.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen. Tjønner med soleinøkkerose finst. Førekomstar av ulike våtmarkstilknytt fuglar.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte og velutvikla høgmyrer over 50 dekar.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fysiske inngrep. Nordlege del av lokaliteten inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

41 Fuggelvågvelva vest for Fuggelvågvatna

Lokalitetsnummer:	1573-041
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 475 282
Høgd over havet:	ca. 2-8 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Viktig bekkedrag
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.14b)

Områdeskildring

Generelt: Fuggelvågvassdraget er varig verna og tidlegare føreligg fleire undersøkingar frå vassdraget, som Dolmen (1991) for ferskvassmiljøa og Loen (1991) om fuglefaunaen. I tillegg kjem Folkestad (1998a) og Melby & Gaarder (2000) sine omtaler av vassdraget og nedbørfeltet. Mellom vegen som går på sørsida av Fast-Smøla og Fuggelvågvatna ligg ei elvestrekning som er avgrensa som viktig bekkedrag.

Vegetasjon: Elva meandrerer dels roleg og går dels i små stryk, i ein grunn liten dal. Langs elva var det smale og usamanhengande belte med høgstaudevegetasjon og einskilde stader rik lynghei. Lokalt førekjem også kratt med øyrevier og vassdraget likner påfallande mykje på små vassdrag i lågalpin sone på snaufjellet.

Kulturpåverknad: Med unntak av eit par små plantingar av gran og sitkagran i nedre deler er området utan inngrep.

Artsfunn: Typiske artar langs elva var kvitmaure, enghumleblom, fuglevikke, mjødurt, småengkall og vendelrot, medan lækjevintergrøn vart funne sparsamt. Sjå elles under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit intakt og velutvikla bekkedrag med interessant vass-, sump- og myrflora. Kystvassdrag er sjeldan så lite påverka som Fuggelvågvassdraget.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at vassdraget får vera utan fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten er ein del av eit verna vassdrag og inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

42 Fuggelvågvelva aust for Fuggelvågvatna

Lokalitetsnummer:	1573-042
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 495 285
Høgd over havet:	ca. 8-18 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Viktig bekkedrag
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.14b)

Områdeskildring

Generelt: For generell omtale av Fuggelvågvassdraget sjå under lokalitet 41 ovanfor. Mellom Fuggelvågvatna og Sandvatnet ligg ei elvestrekning som er avgrensa som viktig bekkedrag.

Vegetasjon: Elva meandrerer dels roleg og går dels i små stryk, i ein grunn liten dal. Langs elva var det smale og usamanhengande belte med høgstaudevegetasjon og einskilde stader rik lynghei. Lokalt førekjem også kratt med øyrevier og vassdraget likner påfallande mykje på små vassdrag i lågalpin sone på snaufjellet.

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Typiske artar langs elva var kvitmaure, enghumleblom, fuglevikke, mjødurt, småengkall og vendelrot, medan legevintergrøn og blåstorr vart funne sparsamt. Sjå elles under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit intakt og velutvikla bekkedrag med interessant vass-, sump- og myrflora og innslag av den truga vegetasjonstypen blåstorrang. Kystvassdrag er sjeldan så lite påverka som Fuggelvågvassdraget.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at vassdraget får vera utan fysiske inngrep og forureining. Lokaliteten er ein del av eit verna vassdrag og inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

43 Myrer sør for Kjysvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-043
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 51 28
Høgd over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr, høgmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.14c)

Områdeskildring

Generelt: Fuggelvågvasdraget ligg sentralt på Smøla og store deler av nedbørfeltet består av myr i mosaikk med lynghei. Den avgrensa lokaliteten ligg på sørsida av Kjysvatnet.

Vegetasjon: Myrområda er hovudsakeleg nedbørsmyrer. Flekkvis på sørsida av Kjysvatnet er det innslag av rikare myrparti, og her vart fleire indikatorartar på mellomrik og ekstremrik fastmattemyr funne (M2, M3).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Det vart funne m.a. engmarihand, engstorr, breiull og brunskjene. Sistnemnde er indikator på ekstremrik myr.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er rikmyrer og høgmyr som kvar for seg utgjer noko areal, truleg under 50 dekar rikmyr, tal for høgmyr er usikkert. Det kan også argumenterast for verdi A.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fysiske inngrep. Lokaliteten er ein del av eit verna vassdrag og inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

44 Toppmyran

Lokalitetsnummer:	1573-044
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 48-52, 29-30
Høgd over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984) lok. 52, Folkestad (1998a), Melby & Gaarder (2000)

Områdeskildring

Generelt: Moen (1984) skildrar myrene som store samanhengande kompleks av nedbørsmyr, i hovudsak atlantisk høgmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52). For fleire detaljar: sjå kjeldene.

Vegetasjon: 80-90% ombrotrof tuvevegetasjon (J2). Torvull er dominerande i feltskiktet og reinlavartar i botnskiktet, med røsslyng, klokkelyng, krekling og molte som vanlege artar.

Kulturpåverknad: Mesteparten av det som er avgrensa er lite påverka.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen. Gode bestandar av våtmarkstilknytt fugleartar.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte og velutvikla høgmyrer over 50 dekar. Dette er det største og mest velutvikla av høgmyrene på Smøla, og ei av dei viktigaste i Norge av denne typen.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep. Lokaliteten er ein del av eit verna vassdrag og inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

45 Pilsvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-045
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 500 306
Høgd over havet:	ca. 25 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)

Mulege truslar: Inngår i føreslege naturreservat
Undersøkt/kjelder: 28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.23a)

Områdeskildring

Generelt: Vestre del av Pilsvatnet omtrent til Pilstua vart undersøkt i 1999 ved bruk av båt og dregg. Vatnet er humusrikt med siktedjup på under 1 m.

Vegetasjon: I deler av vatnet er flytebladvegetasjonen (P2) velutvikla med kantnøkkerose, vanleg tjønnaks og noko flotgras. Det er lokalt ein del langskotvegetasjon (P1), særleg med tusenblad og klovasshår, men også noko rusttjønnaaks og sparsamt med småtjønnaaks.

Kulturpåverknad: Ein del algevekst indikerer at vatnet er noko påverka av næringstilsig frå landbruket.

Artsfunn: Smøtjønnaaks er ein regionalt uvanleg art. Elles vart det funne litt grøftesoleie, bukkeblad, andemat, amerikamjølke og bekkestjerneblom i sumpparti langs vatnet, særleg i vestenden.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B. Småtjønnaaks er ein regionalt uvanleg art.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep. Området inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

46 Svartvassmyra/Kvitmjølsokna

Lokalitetsnummer: 1573-046
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 52-53, 27-28
Høgde over havet: ca. 20 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Høgmyr, rikmyr
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: Moen (1984) lok 53, Folkestad (1998a), Dolmen (1991), Olsvik (1998), Melby & Gaarder (2000)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg søraust for Toppmyrane. Moen (1984) skildrar myrene som nedbørsmyr, i hovudsak atlantisk høgmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52). For fleire detaljar: sjå kjeldene.

Vegetasjon: Størstedelen er ombrotrof tuvevegetasjon (J2). Elles tjonner og bekker, og rundt desse finst fattigmyr (K3/K4). I dei ombrotrofe partia er torvull dominerande i feltskiktet og reinlavartar i botnskiktet, med røsslyng, klokkeling, krekling og molte som vanlege artar. Flaskestorrsumpar (O3b) inngår. I aust finst rik fastmattemyr (M2).

Kulturpåverknad: Mesteparten av det som er avgrensa er lite påverka. Avgrensa mot veg i aust. Kraftlinje i austkant.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen. Kvitmyrak er vanleg i høljene. Takrøyr finst mange stader. I aust finst rikmyr med engstorr, breiull, bjønnbrodd og brunmosar. Elles inngår trådstorr og flaskestorr i intermediære parti. Gode bestandar av våtmarkstilknytt fuglearter. Av augestikkarar er det i området påvist stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, brun augestikkar *Aeshna grandis*, fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata* og svart haustlibelle *Sympetrum danae* (Olsvik 1998 lok. 3, 4 og 25).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte og velutvikla høgmyrer over 50 dekar. Variasjon med intermediær og rik myr er også positivt.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep. Lokaliteten er ein del av eit verna vassdrag og inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

47 Litjvatnet ved Bergli

Lokalitetsnummer: 1573-047
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 545 305
Høgde over havet: ca. 20 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Rik kulturlandskapssjø
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Inngår i føreslege naturreservat
Undersøkt/kjelder: Fylkesmannen i MR (1998a, naturbasen), Melby & Gaarder (2000)

Områdeskildring

Generelt: Litjvatnet veg Bergli ligg i austre og inndre del av Fuggelvågvasdraget.

Vegetasjon: Dette er eit vegetasjonsrikt vatn med frodige sivbelte.

Kulturpåverknad: Dårlege data.

Artsfunn: Dårlege data. Skal ifølgje Naturbasen ha innslag av meir sjeldne planter (ikkje oppgjeve). Hekkelokalitet for ender, og raste- og beiteplass for vassfugl.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten truleg har takrør eller sjøsivaksvegetasjon. Lokaliteten er tidlegare gjeve nasjonal verdi i Naturbasen og Melby & Gaarder (2000).

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep. Lokaliteten er ein del av eit verna vassdrag og inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

48 Hopasingmyra

Lokalitetsnummer:	1573-048
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 50, 32-33
Høgd over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984) lok 55, Folkestad (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg vest for Frostadheia, mellom vegen, Gåsvassbekken og Korsvatnet. Moen (1984) skildrar myrene som nedbørsmyr, i hovudsak atlantisk høgmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52). For fleire detaljar: sjå kjeldene.

Vegetasjon: Størstedelen er ombrotrof tuvevegetasjon (J2), mindre areal med mjukmatte og lausbotn (J4). Torvull dominerande i feltskiktet og reinlavartar i botnskiktet, med røsslyng som stadvis dominerande, dessutan dvergbjørk, klokkeløng, krekling, rundsoldogg, rypebær, tettegras og molte som vanlege artar.

Kulturpåverknad: Mesteparten av det som er avgrensa er lite påverka. Grensar til veg i søraust.

Artsfunn: For det meste triviell flora. I tjonner inngår den regionalt uvanlege soleinøkkerosa, dessutan flaskestorr, bukkeblad og kvit nøkkerose.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte og velutvikla høgmyrer over 50 dekar.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep. Området inngår i forslaget til Hopavassdraget naturreservat.

49 Svarthaugmyra

Lokalitetsnummer:	1573-049
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 52-53, 27-28
Høgd over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984) lok. 56, Folkestad (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg aust for Litjvatnet og Mellomvatnet i Hopavassdraget. Moen (1984) skildrar myrene som nedbørsmyr, i hovudsak atlantisk høgmyr og planmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52). For fleire detaljar: sjå kjeldene.

Vegetasjon: Størstedelen er ombrotrof tuvevegetasjon (J2).

Kulturpåverknad: Mesteparten av det som er avgrensa er lite påverka, med unntak av litt torvtekt i nordlege del.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte og velutvikla høgmyrer over 50 dekar.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep. Området inngår i forslaget til Hopavassdraget naturreservat.

50 Kolbergmyra

Lokalitetsnummer: 1573-050
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 52-53, 27-28
Høgd over havet: ca. 20 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Høgmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Moen (1984) lok. 57, Folkestad (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg nær vegen mellom Dyrnes og Hopen, søraust for Tretturdsaket og nord for Langåsen. Moen (1984) skildrar myra som kvelva nedbørsmyr, i hovudsak atlantisk høgmyr. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52), men vatna i nord er utelett pga. inngrep. For fleire detaljar: sjå kjeldene.

Vegetasjon: Størstedelen er ombrotrof tuvevegetasjon (J2) med mykje heigråmose i botnen.

Kulturpåverknad: Etter 1984 er Kolbergvatnet regulert, og det er teke sambandsgrøft til småtjønner i sør.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei i Smølasamanheng mindre høgmyr (ca. 100 dekar) med nokre inngrep. Myra har framleis kvalitetar som naturtype. Myra er gjeve verdi 3 av Moen (1984).

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teken vare på utan fleire fysiske inngrep.

51 Jøstølen, beitemark

Lokalitetsnummer: 1573-051
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 453 257
Høgd over havet: ca. 0-5 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark, kalkrike enger
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 27.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.13a), 26.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Mellom vegen til gardsbruka og vågen ligg eit lite område med velhevda beitemark like vest for vegen over til Jøa.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) i mosaikk med basekrevande engvegetasjon, m.a. den truga vegetasjonstypen engstorr-blåstorreng (G11).

Kulturpåverknad: Godt beita av sau.

Artsfunn: eit uvanleg stort tal naturengplanter førekjem (33 artar, og ei seterplante), deriblant fleire uvanlege og kravfulle artar. På nokre små flekker ned mot vågen er det innslag av nokså tørre engsamfunn med artar som lodnerublom, rundbelg, bakkeveronika, gjeldkarve, kattedot og flekkmyr. Dei kalkrike, dels noko fuktige partia inneheld m.a. blåstorr, engstorr, hårstorr, loppestorr, jåblom og vill-lin. I tillegg førekjem artar som markfrytle, sylarve, marinøkkel og hårsveve. Kalkrike tørre og vekselfuktige enger er ein sjeldan naturtype på kysten av Møre og Romsdal, og dette er ein av dei best utvikla førekomstene som er registrert. Av beitemarkssopp vart det funne 4 artar, m.a. raudlistearten spissvokssopp *Hygrocybe persistens* (dårleg undersøkt).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av velutvikla naturbeitemark med eit svært høgt tal naturengplanter og ein truga vegetasjonstype. I tillegg har lokaliteten truleg stort potensiale for raudlista beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at beitinga held fram.

59 Jøstølen: tjønn vest for Kvernavatnet

Lokalitetsnummer: 1573-059
Kartblad: 1321 I Smøla

UTM (EUREF 89):	MR 444 267
Høgde over havet:	2 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	12.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg vest for Kvernavatnet ved sørenden av ein smal våg (ikkje avgrensa) nord for Jøstølen. Vatnet er undersøkt for vassplanter frå kanten. Dette er eit mesotroft vatn.

Vegetasjon: Flytebladsamfunnet omfatta mest kantnøkkerose og andemat (P2). I tillegg var det noko langskotvegetasjon med blærerot og småtjønnsaks (P1). Langs kantane var det dels myrvegetasjon, lynghei og noko sumpvegetasjon med artar som bukkeblad, flaskestorr, elvesnelle, sumpsivaks og amerikamjølke (O3).

Kulturpåverknad: Truleg liten. Artsmangfaldet tyder på litt næringstilførsel men kjelde er uviss.

Artsfunn: Sjå ovanfor under vegetasjon. Tjønna er dårleg undersøkt, men har regionalt uvanlege artar som småtjønnsaks og andemat.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller krava til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

52 Jøstøløya

Lokalitetsnummer:	1573-052
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 45-46, 25
Høgde over havet:	0-12 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, kulturlandskap
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, kystlynghei, kalkrike enger, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep (føreslege naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	20.09.1995 (Gaarder & Jordal 1996, Jordal & Gaarder 1997), 26.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.13b)

Områdeskildring

Generelt: Jøstøløya er eigentleg ei halvøy i forhold til fast-Smøla, og ligg mellom Jøa og Skjølbergvågen. På Jøstøløya er det både kulturlandskap med lynghei (dels kalkrik), naturbeitemark og ein del havstrandmiljø knytt til vågane. Vågen nærast Jøstølen (Valen) er ein vestvendt brakkvasspoll avsnørt av veggen (MR 456 258). På den austvendte delen av Jøstøløya ligg tre litt større vågssystem med nokså gode soneringer frå ferskvassmiljø, via brakkvass-system til svakt eksponerte havstrender. Den nordlegaste heiter Smalsundet, dei to andre har ikkje namn på ØK.

Vegetasjon: Øya er dominert av beita kystlynghei og myr, men m.a. i vest er det einiske små naturbeitemarker med frisk fattigeng (G4), særleg ned mot sjøen. I Valen på vestsida av veggen er det små parti med saltsiveng og forstrand med saftmelde og salturt. I den avsnørte, austlege delen av Valen er det undervassenger (havgrasutforming, U2a) med ein del skruehavgras og litt ålegras. I den midtre, vestvende vågen (MR 454 255) som er avsnørt av veggen vart berre småhavgras registrert. Elles er det lite havstrandvegetasjon på den delen av øya som drenerer mot vest. På austsida av vågen opp mot veggen ved Eidet (der Jøstøløya "heng fast" i Fast-Smøla) er det stadvis innslag av noko kalkrik hei/vekselfuktig kalkeng (H2b/G11) med blåstorr. Slik blåstorrang er ein truga og beiteavhengig vegetasjonstype. I små, humusrike småpyttar førekjem flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2) med typiske artar som bukkeblad, kysttjønnsaks og småblærerot. Indre deler av dei austvende vågane har ein del brakkvassenger (U7), særleg med fjøresivaks, men også ein del med rustsivaks og småsivaks og i heilt indre deler litt pølstorr. Saltenger (U5) førekjem fleire stader mot aust, i første rekkje med saltsiv, men også med innslag av m.a. bogestorr. De ytre, noko meir eksponerte grusstrendene har nokså velutvikla forstrand-samfunn med ein del saftmelde og litt havbendel, saltbendel og salturt (U3). I indre deler av dei to nordlegaste, austvende vågene (Smalsundet og vest for Sutøyklakken) førekjem undervassenger med ålegras og havgras (småhavgras og/eller skruehavgras). Heiene og myrpartia på austre del av øya er i all hovudsak fattige, men på små flekker vart kravfulle artar som vill-lin, rundbelg, breiull og hårstorr funne. Desse indikerer kalkrik hei (H2b) eller vekselfuktig kalkeng (G11) slik som ved Eidet.

Kulturpåverknad: Veg over til Jøa, moderat sauebeite. Eit hus på vestsida av øya.

Artsfunn: Ei rekkje artar er omtala under vegetasjon. Ved Eidet i kalkengene vaks blåstorr, loppestorr, engmarihand, vill-lin og veikveronika (i fuktige sig). Av størst interesse blant beitemarkssoppene var den hensynskrevande arten russelærvokssopp, elles vart det funne seig vokssopp og gul vokssopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein stor og variert lokalitet med undervasseng med begge havgrasartane, og innslag av den truga vegetasjonstypen blåstorr-eng. Vidare intakt naturbeitemark med

nokre interessante indikatorartar og ein raudlisteart i lågare kategori. Øya er mangelfullt undersøkt, og betre undersøkingar kan gje grunnlag for høgare verdi.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er viktig at beitinga held fram. Det meste av lokaliteten er ein del av forslaget til Jøa naturreservat.

53 Jøa: beite nordvest for gardane

Lokalitetsnummer:	1573-053
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 440 253
Høgde over havet:	1-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei, kalkrike enger
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.07.1995, 20.09.1995, 13.10.1995, 23.10.1996, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997, 1998a)

Områdeskildring

Generelt: Jøa er ei av dei største øyane på sørsida av Smøla. Det meste av øya består av lynghei og myr, men på nordsida ligg eit par gardsbruk med litt dyrka mark inntil. Områda vert beita av sau og har eit godt beitetrykk. Artsmangfaldet av karplanter er nokså stort, med mange naturengartar og soppartar som dels er kalkkrevande. Avgrensinga er litt usikker, særleg i søraust mot gardane.

Vegetasjon: Det avgrensa området er litt grasdominert, grunnlendt beitemark like nordvest for garden.

Kulturpåverknad: Beitemarkene ber preg av å ha vore brent, og er no dominert av gras og urter. Sau beiter i området.

Artsfunn: Det vart funne 20 naturengplanter, noko som er eit middels høgt tal i fylkessamanheng. Mellom desse var gjeldkarve, kjertelaugnetrøst, loppestorr, småengkall og vill-lin. Det vart elles funne rundskolm og sylvlarve. Det er til no funne 29 artar av beitemarkssopp. Dette er nokså høge tal. Det er funne m. a. røykkøllesopp *Clavaria fumosa* og gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* som begge er oppført som sårbare på raudlista, vidare musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata*, bleik engvokssopp *Hygrocybe pratensis* var. *pallida*, og rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum*. Gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* vart funnen her som ny for Norge i 1995 og attfunnen i 1996. Røykkøllesopp var første funn i Møre og Romsdal, begge dei sistnemnde er kalkkrevande.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit kalkrikt og artsrikt område med mange sjeldne og raudlista artar, m.a. tre i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig med framhald av beitinga. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

54 Jøa: tjonner vest for gardane

Lokalitetsnummer:	1573-054
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 429-438 247-251
Høgde over havet:	ca. 2 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rike kulturlandskapsjøar
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep, forsøpling)
Undersøkt/kjelder:	30.06.1999, (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.13c)

Områdeskildring

Generelt: Dette er to smale tjonner (utan namn på ØK) som ligg i ei lita kløft berre ubetydeleg over havflata, litt vest for gardsbruka på Jøa. Vatna er truleg berre svakt påverka av næringstilsig frå landbruket, men er truleg naturleg mesotrofe, kanskje som følge av innslag av kalkrik grunn og marine avsetningar. Vassplantefloraen i dei er derfor artsrik med førekomst av fleire regionalt sjeldne artar. Dei er truleg også litt saltpåverka avhengig av årstid og vertilhøve. Vatna har steinbotn som er lokalt kraftig begrodd med alger. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjonner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2), kortskotvegetasjon i vatn (P4).

Kulturpåverknad: Beiting og sauegjerde ved tjønnene.

Artsfunn: Flytebladsamfunnet omfattar vanlege artar som flotgras, kantnøkkerose, vanleg tjønnaks og kysttjønnaks. Av langskotplanter førekjem typiske artar som tusenblad og sjeldne artar som hjartetjønnaks, trådtjønnaks og småvasssoleie (svært sjeldan i fylket). Også kortskotvegetasjonen er nokså artsrik og interessant med forutan botnegras både

evjebrodd, stivt brasmegras og sylblad. I kantsonene og grunne parti veks m.a. mjuksivaks, mannasøtgras, fjøresivaks, dystorr, grøftesoleie og belte med myrhatt og bukkeblad.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein uvanleg velutvikla og artsrik lokalitet når det gjeld vassplanter, ein av dei mest artsrike som er kjent på Smøla og på Nordmøre i det heile. Ein har derfor sett verdien til A etter ei regional vurdering, men under litt tvil.

Skjøtsel og omsyn

Tjønnene bør få vera mest muleg urørte av fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

55 Jøa: Steinnesberget

Lokalitetsnummer:	1573-055
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 432 246
Høgd over havet:	ca. 15-29 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.07.1995, 13.10.1995, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: I motsetning til beitemarkene nær garden, er Steinnesberget prega av sur, næringsfattig berggrunn og noko nitrofile forhold (truleg som følge av gjødsling frå sjøfugl).

Vegetasjon: Grunnlendt beitemark med med fuktig og frisk fattigeng, og bergflate/bergknaus (G1, G4, F3) like nordvest for garden og på knauser ute i lyngheiane lenger mot vest og sør.

Kulturpåverknad: Sau beiter i området.

Artsfunn: Floraen er fattig og triviell, men den sørlege og noko sjeldne, oseaniske plantearten sylarve førekjem. I alt er 12 artar naturengplanter funne. Soppfloraen er prega av dei nitrofile og grunnlendte tilhøva, og berre to vanlege beitemarkssopp - kjeglevokssopp og bleikgrøn kragesopp - vart funne. I tillegg fanst fleire andre uvanlege grasmarkssopp, som prakthette og lillabrun ridderhatt.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er intakt naturbeitemark med nokre interessante artar, men kanskje ikkje nok til å gje verdi B.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig med framhaldande beiting. Lokaliteten inngår i forslag til Sør-Smøla landskapsvernområde.

56 Jøa: ved Møtua

Lokalitetsnummer:	1573-056
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 43 23
Høgd over havet:	ca. 0-5 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strand og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	30.06.1999, (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.13d)

Områdeskildring

Generelt: Undersøkingsområdet omfatta her i første rekkje vågar nordøst, aust, sør, vest og nordvest for Møtua. Det avgrensa området ligg nord og aust for Møtua. Eventuelle havstrand- og ferskvassmiljø heilt sør på Jøa, ut mot Breddøya og i nordaust mot austre del av Litlstraumen, vart ikkje oppsøkt, men særleg dei austvendte vågane lenger sør kan ut frå kartet ha potensiale som brakkvasspollar.

Vegetasjon: I indre deler av vågene er det lokalt brakke undervassenger med trådtjønnaks og busttjønnaks (U2d), og litt meir saltvasspåverka undervassenger med ålegras og havgras (småhavgras og/eller skruehavgras, U1, U2a). Havgras vart funne fleire stader og truleg førekjem begge artane i området. Det er berre mindre areal med strandenger, men mindre parti med saltenger og brakkvassenger (U5, U7) førekjem, med innslag av m.a. pølstorr. Det er også mindre område av forstrender med saftmelde, salturt og havbendel (U3a,b,c). Elles vart også ishavsstorr funne ved eit enkelt tilfelle. Heilandskapet i tilgrensande område er ein mosaikk av fattig hei, fattigmyr og nedbørsmyr. I tillegg finst det fleire små og middels store vatn med sparsam og oligotrof vassplantevegetasjon, som kantnøkkerose, vanleg tjønnaks, hesterumpe, flotgras, tusenblad og klovasshår.

Kulturpåverknad: Området er ubetydeleg påverka av inngrep. Det er moderat med utmarksbeite av sau i området og hist og her finst restar etter gamle steingarder.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert havstrandområde med undervassenger, strandenger og forstrender. Lokaliteten er del av eit stort og intakt skjergardsområde.

Skjøtsel og omsyn

Området inngår i forslaget til Jøa naturreservat. Beiting er positivt for naturverdiane.

57 Hallarvika: Fløtjønna

Lokalitetsnummer:	1573-057
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 49-50 24
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.07.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.10)

Områdeskildring

Generelt: Ved Hallarvika på sørsida av Skjølbergvågen ligg det eit landhevingskompleks dominert av ein nokså stor brakkvasspoll med tilhøyrande sumpområde.

Vegetasjon: Pollen er grunn og har tjønnaks-undervasseng (U2d) med ein del busttjønna, og meir sparsamt med trådtjønna og krypsiv. Innanfor er det ei sone med brakkvassenger (U7) med mykje fjøresivaks, litt strandkryp og pølstorr og lokalt fjøresaulauk og saltsiv. Deretter følger brakkvassumper/fuktenger (U8) med artar som flekkmarihand, jåblom og hanekam. Innanfor pollen ligg parti med sump og pølvegetasjon prega av liten saltvasspåverknad. Her veks det mykje flaskestorr, bukkeblad og fjøresivaks. Lokalt er det også noko kysttjønna, tusenblad og skjørkrans. En liten putt som ligg mellom pollen og den dyrka marka ber noko preg av næringstilførsel. Her veks m.a. andmat, hesterumpe, kysttjønna, klovasshår, pølstorr og myrhatt.

Kulturpåverknad: Sjølve pollen med tilhøyrande miljø er i all hovudsak intakt.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Busttjønna er ein regionalt sjeldan art som i Møre og Romsdal har sine viktigaste førekomster på Smøla. Trådtjønna er også uvanleg.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein brakkvasspoll med undervassenger av tjønnautforming med busttjønna, noko som er regionalt uvanleg.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

58 Skjølberg: Kvernavatnet

Lokalitetsnummer:	1573-058
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 497 248
Høgde over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	27.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.12a), Olsvik (1998)

Områdeskildring

Generelt: Vatnet er undersøkt for vassplanter ved bruk av båt og dregg, og elles sjekka for augestikkarar. Dette er eit nokså ordinært, noko dystroft vatn utan merkbar påverknad av dei nærliggjande kalkfelta.

Vegetasjon: Flytebladsamfunnet omfatta dei typiske artane kantnøkkerose, vanleg tjønna og flotgras (P2). I tillegg var det noko langskotvegetasjon med klovasshår og tusenblad (P1). Kortsotvegetasjonen var nokså dårleg utvikla og ein fann berre ein del botnegras (P4). Langs kantane var det dels myrvegetasjon, lynghei og noko sumpvegetasjon med artar som bukkeblad, flaskestorr, mannasøtgras, myrhatt og myrklegg (O3).

Kulturpåverknad: Liten, riksveg i nærleiken.

Artsfunn: Sjå ovanfor under vegetasjon. Elles er det påvist 5 augestikkarartar (raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, kystvassnymfe *Ischnura elegans* og fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata*) (Olsvik 1998).

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar krava til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

60 Skjølberg: Bollvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-060
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 500 257
Høgd over havet:	14,5 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Kalksjø, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (foreslått naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	01.07.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.12b)

Områdeskildring

Generelt: Vatnet vart berre undersøkt frå kantane. Vatnet er smalt, langstrakt og truleg nokså grunt. Det ligg i vestkanten av det store kalkfeltet, noko vegetasjonen i og inntil vatnet ber litt preg av. Truleg er vatnet svakt mesotroft (middels næringsrikt), i motsetnad til dei fleste andre større vatn inne på Smøla som er oligotrofe/dystrofe. Det kan vera tvil om ein skal kalla Bollvatnet ein svakt utvikla kalksjø (med skjørkrans) eller ein rik kulturlandskapssjø, men det siste kling ikkje særleg godt. Næringa kjem truleg mest frå berggrunnen.

Vegetasjon: Fattig vegetasjon dominerer langs kantane, men det er også innslag av kalkkrevande myrplanter i strandsona som kvitkurle, loppesorr, engstorr, svarttopp og fjelltistel (M2). Ute i vatnet er det noko flytebladvegetasjon (P2) med flotgras, kantnøkkerose og vanleg tjønnaks. I tillegg førekjem noko langskotvegetasjon (P1) med tusenblad, klovasshår, trådtjønna og småblærerot. Kortskotvegetasjonen (P4) verkar ikkje spesielt godt utvikla, men det vart funne noko botnegras og litt skjørkrans. I vestenden er det derimot større belte med takrør-sivaks-sump der både takrør og sjøsivaks var dominante (O5).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein svakt utvikla kalksjø med noko rikmyr rundt.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som påverkar dei hydrologiske tilhøva. Området ligg innanfor forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

61 Skjølberg – Maurdalen (kalkområda)

Lokalitetsnummer:	1573-061
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 49-53, 24-27
Høgd over havet:	ca. 5-30 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Kalkrike enger, kystlynghei, kalksjøar, viktige bekkedrag, kjelde og kjeldebekk, høgmyr, rikmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, inngrep (størstedelen er foreslått som reservat)
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984), 07.07.1995, 18.09.1995 Jordal & Gaarder (1997), 01.07.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.12c-f), Gaarder (2001a)

Områdeskildring

Generelt: Mellom Skjølberg og Elvegarden i sør og Svartvatnet i nord ligg eit stort område med mykje kalkstein og andre baserike bergartar (Fediuk 1975, Fediuk & Siedlecki 1977). Nærast Skjølberg og Elvegarden ligg det område med vekselvis grunnlendte bergknauser, gamle, attgroande grasenger og myrdrag på kalkstein. *Myrområda* omfattar dei middels rike og ekstremrike kalkmyrene nord for Skjølberg. Viktige delområde er partia rundt og nord for Valmyrrabben og Høgåsen, frå Bollvatnet og mot nordaust over søre og nordre Sjøåsen, og sør og vest for Maurdalstjørna. Elles finst innslag av høgmyr og kjelder. Ferskvassmiljøa består delvis av det ein kan karakterisera som kalksjøar, med innslag av inkrusterte kranstalgar ein stad. Maurdalsbekken kan karakteriserast som eit viktig bekkedrag.

Vegetasjon: Nær Skjølberg og Elvegarden er det innslag av ulike *baserike enger* i attgroing, frå tørre, via friske til vekselfuktige (truleg element av både G6, G7 og G11). Engstorr-blåstorreng (G11) er ein truga vegetasjonstype.

Kalkrike lyngheitypar (H2b, H3h) finst på Valmyrrabben, nordaust for Høgåsen, nordsida av Maurdalstjørna og nordre Sjøåsen. I tillegg finst kalkrik hei i mosaikk med myr nordover frå Torshaugen mot Svartvatnet. Av desse tre felta er truleg Valmyrrabben den mest artsrike, sannsynlegvis som følge av at husdyrbeitinga her har pågått lengst og vore mest

omfattande. Nordsida av Maurdalen skiljer seg ut ved å ha ein del søreksponert ope kalkfjell. Det er elles og innslag av noko mellomrik og fattig lynghei i området, men totalt dekker kalkheiene truleg fleire hundre dekar. Mange stader førekjem *bergknaus* og *bergflate* (F3) i heia. *Myrområda* består mest av rikmyr. Spesielt rike fastmattemyrer (M2/M3a) ligg nær Valmyrrabben og Høgåsen, medan dei best utvikla rike mjukmattemyrene (M4) opptre mellom nørdr Sjøåsen og Torshaug. Forutan kalkmyrene er det også noko nedbørsmyr (J2/J3) og fattigmyr (K2, K3, K4) innanfor dette området, på stader der det ikkje er kalkfjell i grunnen eller myrvegetasjonen ikkje lenger har kontakt med det kalkrike grunnvatnet. I tillegg finst små areal med kjelder og kjeldebekkar med rik vegetasjon (N2) og rike sig (N3). Ei rikkjelde vart m.a. funne nær Svartvatnet ved MR 515 270. Låglandskjelde reknast som ein truga vegetasjonstype.

Ferskvassvegetasjon: Maurdalstjønnna hadde flytebladvegetasjon (P2) med kantnøkkerose og vanleg tjønnaks, medan langskotvegetasjon (P1) særleg hadde tusenblad og blærerot-arter. I tillegg var det mindre parti med takrør-sivaks-sump med både takrør og sjøsivaks (O5). I strandkantane fanst artar som elvesnelle, trådstorr, flaskestorr, bukkeblad og krypsiv (O3). Spreidd innanfor det store kalkområdet ligg det mange småpyttar og vassig, der Maurdalsbekken og småtjønnene på Sjøåsen er nokre av dei viktigste. Ein dam oppe på Valmyrrabben (MR 502 248) dekkjer berre ca 5m². Han hadde påfallande klart vatn og botnen var dekt av kransalgen skjørkrans inkrustert med kalk. Putten kan truleg med andre ord betraktast som ein liten kransalgesjø (*Chara*-sjø). Ein annan dam som låg nord for Bollvatnet (MR 500 258) hadde og mykje skjørkrans. Ei tjønn på nordre Sjøåsen hadde både innslag av flytebladvegetasjon med kantnøkkerose og vanleg tjønnaks, langskotvegetasjon med klovasshår og grasstjønnaks, kortskotvegetasjon med botnegras og skjørkrans og litt takrørsump.

Kulturpåverknad: Dei mest verdifulle kalkmyrene låg truleg i området ned mot vegen ved Skjølberg (A. Skogen pers. medd.), men vart dyrka opp på 70-tallet (ikkje avgrensa). Store deler av området har vore beita tidlegare. Steingjerde mellom Høgåsen og Valmyrrabben. Parti mot Skjølberg har vore beita av ungdyr i seinare tid. Tidlegare gruvedrift (Helenagruva). Truleg torvuttak somme stader. Planting av innførte bartre er m.a. utført i Maurdalen sørvest for Torshaug og parti på sørsida av Høgåsen. Nordlege (indre) del av området er i det heile lite påverka.

Artsfunn: *Bergknausane* og dei kalkrike *engene* i sør har ein svært rik flora av karplanter, m.a. er det registrert 24 artar naturengplanter og seterplanter. Av interessante artar er m.a. brudespore, engstorr, blåstorr, grov nattfiol, murburkne (ved Maurdalstjønnna) og kvitkurle (raudlisteart). Området har også einskilte glye-lav knytt til kalkstein, m.a. krusglye og fingerglye. I *kalkheiane* er det ofte eit stort innslag av høgstaudeartar og artar knytt til kalkberg. Typiske høgstaudeartar er enghumleblom og mjødukt. Elles opptre m.a. kvitmaure, blåstorr, bleikstorr og meir sparsamt orkideane kvitkurle, vårmarihand og stortviblad. På stader med tynnere jorddekke og direkte på kalken veks artar som raudflangre, brudespore, rundbelg, vill-lin og hårstorr. Lokalt og sjeldant vart også bregnene murburkne (på Valmyrrabben) og taggbregne (på Nørdr Sjøåsen) funne. Dei *kalkrike myrene* er karakterisert av eit stort tal kravfulle karplanter, og fleire regionalt sjeldne artar som brunskjene og lappmarihand. Særleg førstnemnde kan mange stader utgjera eit markert innslag i vegetasjonen. Forutan lappmarihand opptre fleire andre fjellplanter vanleg i rikmyrene, som fjellfrøstjerne, trillingsiv og bjønnbrodd. Typiske artar for kystnære rikmyrer var engstorr og loppestorr. Elles førekjem typiske rikmyrsartar som engmarihand og breiull vanleg. Blodmarihand er funne ved Maurdalstjønnna og nord for Bollvatnet. Purpurmarihand (raudlista) skal og vera funnen, men er ikkje påvist etter 1971. I mjukmattemyr og lausbotnmyr ved nørdr Sjøåsen fanst engmarihand, blystorr og brunmyrak. Trillingsiv var typisk for opne, delvis vegetasjonsfrie, minerotrofe flekker i myrene. I rikkjeldene vaks m.a. gulsildre, blåstorr, engstorr, kvitkurle, bjønnbrodd, trillingsiv, dvergjamne, fjellfrøstjerne, tettegras, loppestorr og svarttopp. Truleg veks også andre sjeldne fjellplanter som linnmjølke og fjellsnelle på slike stader, jfr. Skogen (1970). I *ferskvatn* forekom kransalgen skjørkrans talrikt over heile området. I Maurdalsbekken vaks det m.a. noko skjørkrans, grøftesoleie og småblærerot. Sjå også ovanfor under vegetasjon. Kvasstorr er funne i ein bekk ved Skjølberg i 1957 av Olav Gjærevoll, dette er ein svært sjeldan art i fylket.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er rikmyrområde over 50 dekar, og eit svært artsrikt område med fleire truga vegetasjonstypar. M2 er noko truga (VU), M3 er sterkt eller akutt truga (EN/CR), M4 er noko eller sterkt truga (VU/EN), låglandskjelde er sterkt truga (EN), m.m.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting av storfe, helst ungdyr. Elles bør området skånast mest muleg mot fysiske inngrep. Innplanta bartre bør fjernast. Mesteparten av lokaliteten ligg innanfor forslaget til Midt-Smøla naturreservat.

62 Skjølberg (vegkant)

Lokalitetsnummer:	1573-062
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 515 247
Høgd over havet:	ca. 2-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik vegkant
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Gaarder (2001a)

Områdeskilddring

Generelt: Aust for garden Skjølberg er det eit kalkrikt parti langs vegen med artsrik flora knytt til vegkant og berget i vegskjeringa.

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg, baserik utforming (F2c), bergknaus og bergflate (F3), kalkrike engtypar (G7/G11).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er skapt av vegen, der konkurransesvake og kalkkrevande planter knytt til eng og berg har innvandra.

Artsfunn: Lokaliteten har mange kalkkrevande planter, m.a. einaste veksestaden i fylket for den sjeldne plantearten vårmure.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er kalkrike berg og kalkrik vegkant med interessant flora, m.a. ein regionalt sjeldan art som vårmure.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle anna enn at store fysiske inngrep kan fjerna livsgrunnlaget for plantene.

63 Elvegarden

Lokalitetsnummer: 1573-063

Kartblad: 1321 I Smøla

UTM (EUREF 89): MR 512-515 246

Høgde over havet: 10 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap, havstrand/kyst

Naturtype: Kalkrike enger, kalkrike strandberg

Prioritet: A (svært viktig)

Mulege truslar: Attgroing

Undersøkt/kjelder: 06.10.1993, 07.07.1995, 13.10.1995, 30.09.1997, Aksdal (1994), Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1993, 1998a, 1998c), 27.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000), 27.09.2002, GGa, JBJ m. fl. (kurs om beitemarkssopp)

Områdeskildring

Generelt: Beitemark ved veien vest for Elvegarden på Sør-Smøla. Ut frå geologisk kart over Smøla går det fram at beitet ligg på kalkstein. Beitemarker på kalkstein er eit nokså sjeldan fenomen i vårt fylke, og som kulturlandskapselement er det truleg i sterk tilbakegang over heile landet. Til dette kulturlandskapselementet høyrer ein del kalkkrevande soppantar som er nokså uvanlege. Berga ned mot sjøen består også av kalkstein, og vert klassifisert som kalkrike strandberg, ein elles sjeldan naturtype i fylket.

Vegetasjon: Innslag av ulike baserike enger, frå tørre, via friske til vekselfuktige (truleg element av både G6, G7 og G11). I tillegg førekjem bergknaus og bergflate (F3).

Kulturpåverknad: Beitet vert brukt til storfe, er nokså flatt og grunnlendt, ikkje gjødsla (kjelde: Odd Jorulv Skjølberg). Det ser ut til å vera i god hevd. Det er planta innførte bartre i austre del.

Artsfunn: Området er svært artsrikt og minst 30 artar av naturengplanter er påvist, noko som gjer lokaliteten til ein av dei 2-3 mest artsrike i fylket. Fleire av artane er nokså sjeldne eller uvanlege på kysten, som hårstorr, fjellfrøstjerne, brudespore og raudflangre. Av spesiell interesse er likevel funn av orkidéen kvitkurl (truleg låglandsarten), ein art som er i sterk tilbakegang og rekna for sårbar i Norge. Av kalkindikatorer blant karplantene kan elles nemnast loppestorr, blåstorr, engstorr, vill-lin, murburkne, gulsildre, flekkmure, jåblom, lodnerublom og rundskolm. Det vart også funne dunhavre, fagerperikum, markfrytle og sandarve. Det er funne ei rekkje artar av beitemarkssopp, dels raudlisteartar. Blant desse kan nemnast følgjande kalkindikatorar: russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea*, gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, mjølrandskivesopp *Entoloma prunuloides* og duftraudskivesopp *E. ameides*. Elles raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta*, ramneraudskivesopp *Entoloma corvinum*, bronseraudskivesopp *E. formosum*, *E. griseocyanum*, *E. pseudocoelestinum*. Utanom beitemarkssoppene er det grunn til å nemna funn av fagerhette *Mycena adonis*.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein svært artsrik lokalitet i god hevd, med dei regionalt sjeldne naturtypene kalkrike enger og kalkrike strandberg, mange raudlisteartar, naturengplanter, beitemarkssopp, og ei rekkje kalkindikatorar.

Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig at beitinga held fram. Beitet bør ikkje gjødslast. Innførte treslag bør ikkje få spreie seg, men helst fjernast.

64 Straumen: Fløtjønnin

Lokalitetsnummer: 1573-064

Kartblad: 1321 I Smøla

UTM (EUREF 89): MR 520 240

Høgde over havet: 0-1 m

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Kristiansen (1974a), 27.06. og 30.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.11), Olsvik (1998, lok. 18)

Områdeskildring

Generelt: Fløtjønna er to grunne (under 1 m djupe), frodige brakkvasstjønner som berre er skilt med eit smalt sund. En liten bekk renn ut frå vatna til botnen av Skjølbergvågen. Siktedjupet i tjønna er svært dårleg (under 0,5 m). Vatna er ein svært viktig lokalitet for beitande våtmarksfugl (Folkestad 1998a). Naturtypeavgrensinga har mindre avvik frå forslaget til naturreservat.

Vegetasjon: Tjønnaks-undervasseng (U2d), men stadvis såpass lite salt at deler kanskje kan reknast som langskotvegetasjon (P1). Indre deler av Skjølbergvågen har innslag av noko forstrandsamfunn med ein god del salturt og saltbendel og meir sparsamt med saftmelde og saltarve (U3a, U3b, U3c). Det er også noko saltenger (U5) med saltsiv og brakkvassenger (U7) med rustsivaks, pølstorr og fjøresivaks.

Kulturpåverknad: Bortsett frå litt fylling i kantsona einskilde stader langs vegen er dei lite påverka av inngrep og ligg i eit landskap med attgroande lynghei og beitemark. Lokaliteten er svakt påverka av næringstilsig frå jordbruksmark i nord, men hovudårsaka til den store biologiske produksjonen er truleg naturleg.

Artsfunn: Fløtjønna har tidlegare vore dominert av skruhavgras (Folkestad 1998a), men denne arten vart ikkje attfunnen under vårt besøk og har kanskje forsvunne. Derimot dominerer den sjeldne *butt-tjønnaks* heilt i det sørlegaste vatnet og er også talrik i det nordre vatnet (opprinneleg bestemt til broddtjønnaks av A. O. Folkestad og Gaarder & Jordal 2000, men ombestemt av Reidar Elven, Botanisk museum, Oslo i 2003). Dette er einaste lokaliteten med denne arten i fylket. Lokalt førekjem noko busttjønnaks, og arten vart påvist her alt på 1890-tallet av R.T. Nissen (jfr. belegg ved Botanisk museum i Oslo). I kantsonene til vatna og langs utløpsbekken er det stadvis frodig sumpvegetasjon med artar som andmat, dikeminneblom, bekkestjerneblom, saftstjerneblom, sumpkarse, havstorr og fjøresivaks. Elles er det påvist 1 augestikkarart (kystvassnymfe *Ischnura elegans*) (Olsvik 1998). Svært viktig fuglelokalitet.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla brakkvasspoll med den sjeldne vegetasjonstypen tjønnaksutforming av undervasseng, den einaste lokaliteten i fylket for den sjeldne vassplanten *butt-tjønnaks*, dessutan kjem dei faunistiske verdiane i tillegg (jfr. Folkestad 1998a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forstyrning av fuglane. Lokaliteten er foreslått som naturreservat.

65 Straumen: Eitjønna

Lokalitetsnummer:	1573-065
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 527 236
Høgd over havet:	3-4 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Dammar, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt/kjelder:	06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.8e) Olsvik (1998, lok. 17)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit lite vatn som ligg på eidet mellom Leirvikvågen og Fløtjønna. Det er ikkje spesielt vegetasjonsrikt, men vegetasjonen ber delvis preg av å vera i kontakt med kalkrik grunn. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: Vatnet har både flytebladvegetasjon (P2) med flotgras og vanleg tjønnaks, langskotvegetasjon (P1) med tusenblad og trådtjønnaks og kortskotvegetasjon (P4) med botnegras, skjørkrans og fjøresivaks. I kantsona opp mot vegen til Fredly er det eit lite rikmyrssig (M2/N3) med artar som engstorr, svarttopp, loppestorr og særsturr.

Kulturpåverknad: Vatnet verkar lite påverka av inngrep.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Elles er det påvist 4 augestikkarartar (raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, kystvassnymfe *Ischnura elegans* og fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata*) (Olsvik 1998).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med innslag av rikmyr, og elles eit visst artsmangfald av både planter, kransalgar (skjørkrans) og augestikkarar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

66 Straumen: Leirvikvågen, vestre del

Lokalitetsnummer:	1573-066
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 529 236
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.8d)

Områdeskildring

Generelt: Strandberg med sparsam vegetasjon og lynchhei dominerer inntil Leirvikvågen, men indre deler av vågen har også litt meir velutvikla havstrandenger.

Vegetasjon: Av størst interesse er forstrendene som har betydelege bestandar av både saftmelde, salturt og havbendel (U3a/U3b/U3c). I tillegg er det også mindre parti med saltenger og brakkvassenger (U5, U7) med artar som saltsiv, rustsivaks, strandkryp, fjørestorr, fjøresaltgras og fjøresivaks. Også havstorr vart påvist sparsamt i vågen (brakkvassump, U8c). Saltengene går delvis over i kalkrik hei i svak attgroing med artar som blåstorr, jåblom, myrklegg og kjeldeurt (H2b).

Kulturpåverknad: Området er lite påverka av inngrep, men er nok prega av beiting.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er mindre areal med strandenger og godt utvikla forstrender. Dette er ein av dei beste enkeltlokalitetane for salin/brakk forstrand (U3a/U3b/U3c) som er påvist på Smøla. Elles er kalkrik hei ein sjeldan og sterkt truga, kulturbetinga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Området bør beitast.

67 Straumen: Inner Klovågen

Lokalitetsnummer:	1573-067
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 544 233
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump, brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Kristiansen (1974a), 30.06. og 06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.8c)

Områdeskildring

Generelt: Sør for Storstraumen som dannar utløpet av Leirvikvågen, er det eit lågt eid med litt havstrand- og brakkvassvegetasjon mellom Leirvikvågen og sjøen.

Vegetasjon: Det er ei nokså fin sonering frå saltenger mot Leirvikvågen, via brakkvassamfunn over mot tilnærma ferskvassmiljø inst. Saltenger med saltsiv førekjem sparsamt, medan brakkvassenger med pølstorr, fjøresivaks, fjøresauløk og rustsivaks er vanlegare. På vestsida av riksvegen opptrer undervassenger med småhavgras, medan det på austsida av vegen er meir ferskvasspåverka med mindre småhavgras og innslag av trådtjønnaks. Heilt inst opptrer m.a. hesterumpe, tjønnaks og flaskestorr. I tillegg er det innslag av rik strandsumpvegetasjon med overgangar mot rikmyr med artar som loppestorr, myrsaulauk, jåblom, myrklegg, kystmyrklegg, enghumbleblom, hanekam og særbustorr.

Kulturpåverknad: Riksvegen går over eidet og avskjer dei indre delene av systemet.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla strandenger (brakkvassenger) og strandsumpar med innslag av undervasseng.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, og forureining.

68 Straumen: Ytter Klovågen

Lokalitetsnummer:	1573-068
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 546 228
Høgd over havet:	0-1 m

Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, myr
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein brakkvasspoll som ligg like aust for Straumen og sør for utløpet av Leirvikvågen. Pollen er halvveges stengt mot sjøen av eit trengt og grunt sund med ein liten bergknaus i midten. Lenger inn, om lag midt i vågen, er det også ein grunn terskel, som truleg gjer vatnet mindre salt innanfor.

Vegetasjon: Undervassenger med ålegras, småhavgras og skruhavgras (U1, U2a). Ein del saltenger (U5) og brakkvassenger (U7) som gjerne er 2-20 m breie, med saltsiv, fjøresivaks, rustsivaks fjøresauløk og gåsemure. Også ein del forstrand med havbendel, strandstjerne og strandkryp (U3). Overgangar mot rikmyr og kalkrik hei i nordaustre del av lokaliteten (MR 5466 2294) med m.a. fjellfrøstjerne, enghumbleblom, loppestorr.

Kulturpåverknad: Innplanta bartre i stranda på vestsida

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Skruhavgras er regionalt sjeldan, men har gode førekomstar på Smøla.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla brakkvasspoll med undervassenger der skruhavgras inngår med gode bestandar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

69 Langhaugmyra/Høljemyra

Lokalitetsnummer:	1573-069
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 50-51, 22-23
Høgd over havet:	ca. 10-20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Høgmyr, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Moen (1984) lok 54, Folkestad (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg sør for indre del av Skjølbergvågen og nord for vegen til Rangnes. Moen (1984) skildrar myrene som plan nedbørsmyr og atlantisk høgmyr med opptil ein halv meter høge tuver. Avgrensa om lag som Moen (1984 s. 52). For fleire detaljar: sjå kjeldene.

Vegetasjon: Størstedelen er ombrotrof tuvevegetasjon (J2). Elles finst fattigmyr (K3/K4), særleg i kantane, og litt flaskestorrump (O3b). I dei ombrotrofe partia er torvull og røsslyng dominerande i feltskiktet og gråmose og reinlavartar i botnskiktet.

Kulturpåverknad: Mykje grøfta i vestre del, grensar mot dyrking i aust.

Artsfunn: Stort sett vanlege og typiske artar for naturtypen. Det er oppgjeve heistorr, engstorr, heisiv m.m.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er høgmyrer med ein del inngrep.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep.

70 Rangnes: Sandvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-070
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 513 226
Høgd over havet:	3 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.9a)

Områdeskildring

Generelt: Sandvatnet er eit middels stort vatn som ligg like over havnivå, men som i dag truleg er lite påverka av saltvatn.

Vegetasjon: Spesielt dei vestre delene har noko flytebladvegetasjon (P2) med artar som kantnøkkerose og vanleg tjønnaks. Langskotvegetasjon (P1) førekjem spreidd, med artar som klovasshår, tusenblad, mannasøtgras, småblærerot og krypsiv. Medan vatnet går over i myrvegetasjon (L4/O3) med m.a. flaskestorr og bukkeblad i vestre del, er det grusstrand i aust. Her er det innslag av kortskotstrand (O1, truga vegetasjonstype) med artar som botnegras, tjønngras, evjesoleie og evjebrodd. Det er også fragment av baserike enger (G11?) med artar som grønstorr, hanekam, kjeldeurt, sumpkarse, amerikamjølke, dikeminneblom og fjelltistel.

Kulturpåverknad: Det er utgrave ein liten kanal ned mot sjøen og vatnet er truleg senka noko. Elles er det lite prega av inngrep. Det går husdyr inntil deler av vatnet og det ligg eit par mindre jorde nær ved, men vatnet er truleg svakt påverka av næringstilsg.

Artsfunn: I austre del opptre uvanlege artar som mattglattkrans (kransalge), hjartetjønnaks og trådtjønnaks. Disse tilhører den truga vegetasjonstypen P1b, og er regionalt uvanlege. Sjå elles under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit baserikt (skjelsandpåverka) vatn med eit stort artsmangfald. Det kan også argumenterast for verdi A.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

71 Rangnes: Skarpgardvågen

Lokalitetsnummer:	1573-071
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 506 226
Høgd over havet:	ca. 0-3 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, kulturlandskap
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holten m.fl. (1986b), 28.06.1999, 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.9b)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Gullbøen og garden Rangnes. Dette er ein middels stor, nokså avsnørt våg.

Lokaliteten vart også oppsøkt av Holten m.fl. (1986b) og dei omtaler m.a. saltarve herfra.

Vegetasjon: Berre sørsida av vågen er undersøkt og i vågen er det nokså velutvikla undervassenger med både ålegras, småhavgras og skruehavgras (U1, U2a). Begge havgras-artane førekjem også i ein liten putt på sørsida av vegen (MR 504 225). Flekkvis har vågen forstrender med både havbendel, saftmelde, salturt og saltbendel (U3a, U3b, U3c), og små parti med brakkvassenger (U7) med artar som rustsivaks og fjøresivaks. Saltenger (U5) med saltsiv opptre sparsamt. I sørvestre del mellom vågen og vegen til Rangnes ligg små fine naturbeitemarker med frisk fattigeng (G4). *Kulturpåverknad:* Vegen som går over utløpet har innsnevra vågen litt. Elles beiter storfe rundt vågen. Samla sett er lokaliteten lite prega av inngrep.

Artsfunn: Sjå ovanfor under vegetasjon. Holten m.fl. (1986b) omtaler m.a. saltarve og bogestorr. Beitemarkene rundt vegen på sørsida av vågen er stadvis nokså artsrike. Einskilde beitemarkssopp som kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, snøkvit vokssopp *H. virginea*, gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata* og bleikgrøn kragesopp *Stropharia albocyanea* er funne her (Gaarder & Jordal 1996, lok. 16-Rangnes). I tillegg vart det registrert ein del naturengplanter, mellom anna marinøkkel, jordnøtt og karve.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla undervassenger (m.a. med den regionalt uvanlege skruehavgras), strandengmiljø og nokre beitemarkssopp og naturengplanter, m.a. marinøkkel.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beitinga bør halda fram.

72 Rangnes: Rangnesvatnet m.m.

Lokalitetsnummer:	1573-072
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 503 227-233
Høgd over havet:	1-4 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø, viktig bekkedrag
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.9c&d)

Områdeskildring

Generelt: Rangnesvatnet er langsmalt og har ein del myr- og sumpvegetasjon i nordkant. Det er omgjeve av lynghei. Berre den sørlegaste delen er undersøkt. I den avgrensa lokaliteten er det teke med vassdraget nedanfor ned til driftsvegen som kryssar bekken like ovanfor Skarpgardvågen. Nedre del mot driftsvegen er truleg litt regulert og er kalla Kvernavatnet på M711-kartet. Sjølv om dette er nokså små og påverka ferskvassmiljø er vassplantefloraen forholdsvis artsrik og omfattar fleire uvanlege artar.

Vegetasjon: Rangnesvatnet: Langs kanten er det eit smalt belte med elvesnelle-flaskestorrsump (O3), medan det er litt flytbladvegetasjon (P2) ute i vatnet. Kvernavatnet: Langskotvegetasjonen (P1) omfattar m.a. grastjønnaks, trådtjønnaks, rusttjønnaks, klovasshår, tusenblad og hesterumpe. Elles førekjem flyteblad- og kortskotvegetasjon (P2, O1/P4) og sump- og myrvegetasjon.

Kulturpåverknad: Bekken nedanfor Rangnesvatnet er påverka av fysiske inngrep med kanalisering og masseuttak, og Kvernavatnet er regulert.

Artsfunn: Av artar i Rangnesvatnet vart det funne tjønngras, flotgras, elvesnelle, kantnøkkerose, småblærerot, mannasøtgras, grøftsoleie og rusttjønnaks. Krysninga mellom hjartetjønnaks og grastjønnaks vart funnen i Kvernavatnet (denne hybriden er tidlegare ikkje funnen i fylket jfr. Elven m. fl. 1994). Av flytebladplanter førekjem kantnøkkerose, flotgras og vanleg tjønnaks. Det er også fragmentarisk innslag av kortskotsvegetasjon, truleg med evjebrodd. I kantsoner og på eng- og myrparti inntil veks m.a. mannasøtgras, elvesnelle, dikeminneblom, grøftsoleie og fjøresivaks. Sjå også under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er kulturlandskapssjøar og bekkedrag med velutvikla ferskvassflora med fleire regionalt uvanlege artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

73 Rangnes

Lokalitetsnummer:	1573-073
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 486-495, 222-225
Høgde over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.11.1995, 22.10.1996, 07.09.1999, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Rangnes ligg nokre kilometer vest for Straumen. Naturbeitemarker i området ved gardane og noko vestover er undersøkte. Avgrensinga er nokså usikker.

Vegetasjon: Vegetasjonen er naturbeitemark med innslag av røsslynghei, fukthei, sumpar, strandenger, myrflekke og grunnlendt berg.

Kulturpåverknad: Området er beita av sau og storfe.

Artsfunn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Blant desse var hårsvæve. Det vart funne 12 artar av beitemarkssopp. Av desse kan nemnast skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* og russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriaceus* (begge DC=omsynskrevande). Det vart elles funne kritt vokssopp, kjeglevokssopp, gul småfingersopp og bleikgrøn kragesopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er intakte naturbeitemarker med eit middels artsmangfald, og to raudlisteartar i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

74 Rangnes: Valen (Kallarsundet)

Lokalitetsnummer:	1573-074
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 522 221
Høgde over havet:	5-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	21.09.92, 19.09.1995 (Jordal & Sivertsen 1992, Gaarder & Jordal 1996, Jordal & Gaarder 1997)

Områdeskildring

Generelt: Sør for Gullbøen, på vestsida av riksvegen mot sjøen, og på nordsida av Kallarsundet, ligg eit beitemarksområde der ein mindre del er undersøkt og avgrensa. Avgrensinga er usikker.

Vegetasjon: Kalkfattig fukteng, større strandområde med knausar.

Kulturpåverknad: Beita av sau og storfe. Området har preg av at det meste truleg har vore gjødsla litt, og at beiterykket var noko lågt. Status for området i dag er ukjent.

Artsfunn: 11 artar naturengplanter vart funne, alle vanlege artar, elles 14 artar av grasmarkssopp, m.a. tre artar småkøllesopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein lokalitet som truleg ikkje fyller krava til B.

Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast.

75 Rosvolløya: nordsida

Lokalitetsnummer:	1573-075
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 520 218
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holten m.fl. (1986b), 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6j)

Områdeskildring

Generelt: På nordsida av Rosvolløya ved vegkrysset (aust for Kalvøya) ligg det eit par småputtar og små havstrandmiljø på vestsida av vegen ut mot Rosvoll prestegard. Det finst og eit lite havstrandparti med eit par grunne dammar der det vaks trådtjønna. Området mellom den nye riksvegen og vegen til Rosvoll vart også oppsøkt av Holten m.fl. (1986b). På sørsida av denne vågen ligg litt strandenger.

Vegetasjon: Mellom vegane har Holten m.fl. (1986b) identifisert følgjande typar: Salin og brakk forstrand/panne, saftmelde-utforming (U3b), strandstjerneutforming (U3d) og salturt-utforming (U3a), fjøresaltgraseng (U4a), saltenger (U5), brakkvassenger (U7a) og fleirårig tangvoll (V2). I strandsump/tjønner vest for vegane: m.a. langskottvegetasjon og piggnoppsump (P1, O5).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er delvis påverka av dei to vegane og tilhøyrande inngrep.

Artsfunn: M.a. stautpiggnopp i ein liten ferskvassdam (strandsump) inntil vegen. Dette er en regional sjeldan art som tidlegare berre er kjent frå eit par lokaliteter lenger sør og aust i fylket. Trådtjønna er også interessant (regionalt uvanleg). Holten m.fl. (1986b) fann m.a. saftmelde. Sjå og under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla og artsrik strandeng og –sump-miljø med ein regionalt sjeldan art (stautpiggnopp).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Den delen av lokaliteten som ligg vest for vegen til Rosvoll fell innanfor forslaget til Rosvoll naturreservat.

76 Rosvolløya: Åravatnet

Lokalitetsnummer:	1573-076
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 520 212
Høgd over havet:	ca. 3 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.5b)

Områdeskildring

Generelt: Dette vatnet ligg på finkorna sediment og vegetasjonen er noko prega av skjelsandhaldig grunn.

Vegetasjon: Særleg i vest er det relativt store areal med rik sumpvegetasjon som gradvis går over i intermediaær myr og fattigmyr.

Kulturpåverknad: Vatnet har truleg vorte seinka tidlegare og no står ein grunn vasspegel att med ein del sumpparti rundt.

Artsfunn: I vatnet førekjem m.a. litt trådtjønnaks, grastjønnaks, botnegras, flotgras, hesterumpe og kantnøkkerose. Rundt utløpsbekken er miljøet dels noko kalkrikt og her vart det m.a. funne sparsamt med engmarihand, engstorr og skjørkrans og kanskje nebbstorr, og meir vanlege artar som kysttjønnaks, elvesnelle og myrklegg. Sump- og myrområdet i vest har m.a. innslag av gulstorr og særbustorr og småblærerot i dei fuktigaste partia. Elles vart sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata* også funne i rik myrvegetasjon her.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er innslag av rikmyr, og eit i hovudsak oligotroft vatn, men med 3 artar tjønnaks som kan seiast å vera ei noko artsfattig utforming av den truga vegetasjonstypen langskotvegetasjon. Den dels kravfulle vegetasjonen og relativt store areal med nokså rik sump- og myr-vegetasjon gjer området noko uvanleg i regional samanheng.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

77 Rosvolløya: Singsøytjørna

Lokalitetsnummer:	1573-077
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 525 209
Høgd over havet:	ca. 3 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Olsvik (1998), 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.5a)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit nokså lite vatn, der vegetasjonen gjev inntrykk av eit intermediaært preg.

Vegetasjon: Det er mest fattigmyr rundt, men også litt intermediaer til rik myr. I vatnet var det litt både av flytebladvegetasjon med vanleg tjønnaks og flotgras, langskotvegetasjon med tusenblad, rusttjønnaks og grastjønnaks, og kortskotvegetasjon med botnegras.

Kulturpåverknad: Lokaliteten verka lite påverka av inngrep, men har truleg vore beita. Riksvegen passerer i nærleiken.

Artsfunn: M.a. vart noko kravfulle artar som engmarihand (ikkje sikkert bestemt), myrklegg, enghumleblom og sumpsvivaks funne. Elles er det påvist 5 augestikkarartar (raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, kystvassnymfe *Ischnura elegans* og fireflekkliblelle *Libellula quadrimaculata*) (Olsvik 1998).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er innslag av rikmyr, dessutan eit vatn med 3 artar tjønnaks.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

78 Rosvolløya: Flakaneset, sørlege del

Lokalitetsnummer:	1573-078
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 492-500 205-207
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng/strandsump, dammar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6c-d)

Områdeskildring

Generelt: Ute på neset her er det fleire mindre havstrandmiljø og også m.a. fleire ferskvasspyttar. I vestlege del av lokaliteten ligg eit lite system med 3 basseng (MR 493 206). Innanfor desse bassenga ligg det 3 dammar som berre er svakt saltvasspåverka (MR 495 206). I ein liten pytt litt lenger nord (MR 497 206) var saltvasspåverknaden ikkje merkbar.

Vegetasjon: Havgras-undervasseng (U2a), øvre salteng (U5), brakkvasseng (U7), langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2). I den vestre pollen veks det småhavgras og i dei to vestlegaste bassenga i pollen er saltvasspåverknaden så stor at det også er noko tang. I tillegg førekjem det litt saltenger i nærleiken med saltsiv, og brakkvassenger med fjøresivaks. Den austlegaste vågen (MR 498 206) har velutvikla undervassenger (U2a), og både ålegras, skruhavgras og småhavgras førekjem i nokså store mengder, og i tillegg er det litt tang. Elles er det eit nokså breitt belte med beita

strandenger rundt vågen, med både saltenger og brakkvassenger (U5, U7). Registrerte artar i salt- og brakkvassengene var m.a. rustsivaks, fjøresivaks, saltsiv og knopparve.

Kulturpåverknad: Liten i dag, tidlegare truleg beita.

Artsfunn: I ferskvassdammane ved MR 495 206: m.a. krypsiv, myrhatt, sumpsivaks, hesterumpe, pølstorr, kysttjønnaks, flotgras, trådtjønnaks (i midtre dam) og tusenblad (i øvre dam). Liten ferskvasspytt MR 497 206: kysttjønnaks, bukkeblad, småblærerot, tusenblad, myrhatt, lyssiv og småpiggnopp. For sistnemnde art var dette einaste funnet på Smøla. Sjå elles ovanfor under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten har velutvikla havstrandmiljø, undervassenger med m.a. skruehavgras (regionalt sjeldan) og varierte strandeng og strandsumpmiljø med gradvise overgangar til ferskvatn.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

79 Rosvolløya: Flakaneset, nordlege del

Lokalitetsnummer:	1573-079
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 493 208
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, del av lok. 4.6c)

Områdeskildring

Generelt: På nordlege del av Flakaneset ligg ein våg som truleg vert oversvømt ved høg flo. I vågen er det ein del tang, men også litt småhavgras. Ved terskelen veks m.a. havbendel.

Vegetasjon: Havgras-undervasseng (U2a), forstrand med havbendel (U3c).

Kulturpåverknad: Liten i dag, tidlegare truleg beita.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

80 Rosvolløya: sørvest for Kalvøya

Lokalitetsnummer:	1573-080
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 508 216
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, myr, ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6i)

Områdeskildring

Generelt: På Rosvolløya, sørvest for Kalvøya, ligg eit velutvikla lite landhevingskompleks med 4-5 små brakkvasstjøenner og sumpområde på rekkje opp frå sjøen.

Vegetasjon: Inst er det reine ferskvassumpar med artar som mannasøtgras og krypsiv (P3). Nedanfor kjem ein dam som også er omtrent utan saltvasspåverknad. Her veks ein del artar som indikerer intermediære og dels rike forhold, som myrklegg, jåblom, loppetorr, fjøresaulauk, småsivaks og særbustorr (rikmyr M2/M4). Den største dammen har truleg svak saltvasspåverknad. Her førekjem det noko busttjønnaks og trådtjønnaks i vatnet (havgras/tjønnaks-undervasseng, tjønnaksutforming, U2d). I kantsone opptre brakkvassartar som rustsivaks og fjøresivaks saman med m.a. jåblom, myrsaulauk, småsivaks og loppetorr (brakkvasseng/intermediær fastmattemyr, U7/L2). Ytst kjem ein liten putt som tydeleg er noko saltvasspåverka. Her førekjem hovudsakeleg einskilde artar knytt til saltenger og brakkvassenger som saltsiv, krypkvein, fjøresivaks og pølstorr (U5, U7). I vågen utanfor dette landhevingsssystemet er det fleire stader små flekker med saltenger, og litt forstrender med artar som salturt og havbendel (U3).

Kulturpåverknad: Liten, truleg beita tidlegare.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla strandenger og undervassenger med fin sonering frå salt via brakt til ferskt vatn, slik som særmerkt for Smøla.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

81 Rosvolløya: Breidneset, nordlege del

Lokalitetsnummer:	1573-081
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 499-500 212-213
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6h)

Områdeskildring

Generelt: Breidneset vert mest delt i to av ein våg som skjer seg inn frå aust. Flo under besøket medførte at registreringene der vart ufullstendige.

Vegetasjon: Det finst undervassenger (U1, U2a) i vågen. Vågen er i stor grad omgjeven av fastmark og bert berg, og det er lite saltenger og brakkvassenger, men inst er det fragment av brakkvassenger (U7). På vestsida av eit lite eid i indre deler av vågen (MR 499 212) er det små parti med saltenger (U5) og brakkvassenger med artar som pølstorr, fjøresaulauk, saltsiv, myrsaulauk og sumpshivaks.

Kulturpåverknad: Liten, truleg beita tidlegare.

Artsfunn: Vågen inneheld både ålegras og havgras (skruehavgras og/eller småhavgras).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

82 Rosvolløya: Breidneset, austlege del

Lokalitetsnummer:	1573-082
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 505 213
Høgd over havet:	7,5 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6g)

Områdeskildring

Generelt: På sørlegaste, indre deler av Breidneset ligg det eit par små myrtjønner. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: M.a. langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2). Den austre tjønna (MR 505 213) er den største og rikaste. Ho er omgjeven av ein del tuvet fattigmyr og inneheld kantnøkkerose, vanleg tjønnaks, bukkeblad og myrhatt.

Kulturpåverknad: Liten, truleg beita tidlegare.

Artsfunn: Sjå ovanfor.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

83 Rosvolløya: Kvernavågen, austre del

Lokalitetsnummer:	1573-083
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 505 207
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Dammar

Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6f)

Områdeskildring

Generelt: Like på austsida av Kvernavågen ligg eit smalt lite vatn som drenerer ut i botnen av vågen. Tjønna er delvis omgjeven av myr og delvis av fastmark og berg. Ho har noko dystroft preg, men vatnet ligg truleg delvis på finkorna lausmassar og har truleg tilsig som gjev det eit litt meir rikt preg. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: I austkant er det noko intermedier myr og sump med artar som myrhatt, elvesnelle, trådstorr, flaskestorr og duskull (L2, L4). Langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2).

Kulturpåverknad: Liten, truleg beita tidlegare.

Artsfunn: Grastjønnaks er vanleg i vatnet. I tillegg førekjem tusenblad, småblærerot og bukkeblad. I tillegg vart det funne sparsamt med kransalgearten skjørkrans i ein liten innløpsbekk.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit intakt og rikt vass- og myrsystem med interessante artar som skjørkrans og grastjønnaks.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

84 Rosvolløya: Kvernavågen, vestre del

Lokalitetsnummer: 1573-084
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 503 207
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Strandeng og strandsump
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6e)

Områdeskildring

Generelt: Indre, austre deler av Kvernavågen har mindre parti med havstrandmiljø. Lokaliteten har ei noko usikker avgrensing.

Vegetasjon: Hovudsakeleg dreier det seg om saltenger (U5) med artar som saltsiv, strandkjempe, fjørekoll og strandkryp, men det er også tendensar til forstrender med salturt (U3a). Brakkvass-sump med havsivaks (U8b) vart også funne, dette er ein sjeldan vegetasjonstype.

Kulturpåverknad: Liten, truleg beita tidlegare.

Artsfunn: I tillegg til artane nemnt ovanfor vart det funne eit lite bestand av den regionalt sjeldne arten havsivaks i eit elles ordinært havstrandmiljø.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av strandenger med ein regionalt sjeldan planteart og tilhøyrande vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

85 Rosvolløya: Flaska

Lokalitetsnummer: 1573-085
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 500 200
Høgd over havet: ca. 0-6 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, havstrand/kyst
Naturtype: Dammar, strandeng og strandsump
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 08.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.6b)

Områdeskildring

Generelt: Vågssystema på sørsida av Flaska-halvøya vantar undervassenger. Det same gjeld også vågen på nordsida av halvøya med 3 tjønner (dels svakt saltvasspåverka) med tilhøyrande sumpområde: MR 500 205, MR 500 204-5 og MR 500 203. Ein kunne og nytta naturtypen "Naturleg fisketome innsjøar og tjønner", men ein er usikker på om det finst småfisk, t.d. stingsild.

Vegetasjon: I den svakt saltvasspåverka tjønna ved MR 500 205 er det velutvikla brakkvassenger (U7) med store belte av både pølstorr (dei største førekomstane som er funne på Smøla av arten) og fjøresivaks. I tillegg førekjem artar som bukkeblad, myrhatt og grøftesoleie. Elles fanst langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Vatna er nokså tydeleg påverka av næringstilførsel frå sjøen, men har hovudsakeleg ferskvassvegetasjon med m.a. trådtjønnaks, hesterumpe, krypsiv, tusenblad, grastjønnaks, sumpsivaks og flotgras. Ved MR 500 204-5 førekjem artar som pølstorr, trådtjønnaks, hesterumpe, småblærerot. Litt sør for dette er det ei anna langstrekt rein myrtjønn (MR 500 203) med fattigare, dystrof vegetasjon. Forutan litt tusenblad, bukkeblad og flotgras veks det her mest torvmosar i vatnet.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er varierte havstrand- og sumpmiljø med intakte soneringar frå saltvatn til ferskvatn og myr.

Skjøtsel og omsyn

Ingen særskilte utanom å unngå fysiske inngrep. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

86 Rosvolløya: Rosvollhaugen

Lokalitetsnummer:	1573-086
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 505 202
Høgde over havet:	ca. 25-30 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal lauvskog
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	29.02.2004, GGa

Områdeskildring

Generelt: Austsida av Rosvollhaugen har litt gammal bjørkeskog, påfallande gammal skog til å vera på Smøla.

Vegetasjon: Bjørkeskog med m.a. selje og rogn. I andre deler av området er det sett, men ikkje registrert hasselskog.

Kulturpåverknad: Liten i dag.

Artsfunn: På trea fanst godt utvikla lungeneversamfunn med skrubbenever, lungenever, fleire vrenge-artar og ubestemt strylav. Dei austvende bergveggen har potensiale for fuktkevande lav og mosar. Floraen er ikkje registrert.

Observasjon av gråspett i månadsskiftet februar/mars.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei dårleg utvikla utforming av gammal bjørkeskog, men elles truleg den einaste staden det finst slik skog på Smøla. Området ved Rosvoll bør undersøkast nærare.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og hogst. Lokaliteten inngår dels i forslaget til Rosvoll naturreservat.

87 Rosvoll: Furøya

Lokalitetsnummer:	1573-087
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 516 204
Høgde over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	13.10.1995, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997, 1998c) 27.09.2002, JBJ m.fl.

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei lita ubebodd øy inntil Rosvoll.

Vegetasjon: Dominans av lynghei og myr, men det er også innslag av noko grasmark. Vegetasjonen var prega av kalkfattige forhold.

Kulturpåverknad: Det beiter sau på øya, og beitetrykket verka godt ved besøka. Det har vore vanleg med 35 sauer (notat Per Halse).

Artsfunn: Det er funne 17 artar beitemarkssopp, med totalt 30 artspoeng. Mest interessante art var den sårbare raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima*, som vart funne eit par stader. I tillegg vart også dei hensynskrevande artane russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea*, raudskivevokssopp *H. quieta* og musserongvokssopp *H. fornicata* påvist. I 2002 vart det funne *Entoloma porphyrophaeum* (DC).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla beitemarker med fleire raudlisteartar, blant desse ein i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

88 Hestøya v/Kuli

Lokalitetsnummer:	1573-088
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 542 200
Høgde over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	22.10.199 (Gaarder & Jordal 1996 Jordal & Gaarder 1997), 28.09.2002, GGa, JBJ m.fl.

Områdeskildring

Generelt: Hestøya er ein låg holme nord for Kuli, som no er knytt til Fast-Smøla med vegen frå Edøya til Rosvolløya. Øya er ikkje godt undersøkt. Noko er tidlegare fulldyrka og skal ikkje reknast som naturbeitemark.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: På Hestøya ligg ein gard som framleis er bebudd. Marka vert beita av sau. Det er noko dyrka mark og noko overflatedyrka og udyrka beite.

Artsfunn: Det vart funne 43 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det er funne 17 artar av beitemarkssopp. Av desse kan nemnast dei hensynskrevande artane spissvokssopp *Hygrocybe persistens* og russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea*. Begge desse er kalkkrevande. Vidare vart det funne *Entoloma lividocyanulum*, kvit køllesopp *Clavaria falcata* og gul småfingersopp *Calvulinopsis corniculata*.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det finst naturbeitemark med godt utvikla funga av beitemarkssopp, mellom desse eit par raudlisteartar i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at øya vert beita også i framtida.

89 Kuli, sørvestre del

Lokalitetsnummer:	1573-089
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 51-53, 17-18
Høgde over havet:	0-70 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark m.m.
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fremstad m. fl. (1991), 21.9.92, 06.07.1995, 12.10.1995 (Jordal & Sivertsen 1992, Gaarder & Jordal 1996, Jordal & Gaarder 1997, 1998c)

Områdeskildring

Generelt: Kuli er ei av dei største øyane i kommunen, den som har det høgaste punktet, og pga. landhevinga den staden som truleg har hatt lengst busetnad (jf. steinalderfunn, kjelde: Tore Kuløy). Dette er det einaste lynghei-området som er avgrensa i Smøla i lyngheirrapporten til Fremstad m. fl. (1991). Berggrunnen består av devonsk konglomerat.

Lokaliteten er her avgrensa omlag som foreslått i lyngheirrapporten. Inne i det avgrensa området (ca. 1, 8 km²) ligg også tre lokalitetar med grasdominert naturbeitemark undersøkt av G. Gaarder, S. Sivertsen og underteikna, nemleg Breivika, Rønningan og nord for Ørnklakken (nordvest for Ramndalshaugen). Lokaliteten Breivika består av naturbeitemarker rundt det nedlagte småbruket Breivika aust for Ramndalshaugen. Rønningan er eit gammalt engstykke i austkant av den avgrensa lokaliteten (nord for Haukarhaugen), og eit av dei høgare partia på øya, der det kan ha vore drive jordbruk i fleire tusen år. Nord for Ørnklakken: i den elles fattige lyngheia i dette området, stikk det opp fleire grøne og frodige grasklede knausar. Desse er truleg påverka av næring tilført frå fugl (særleg måsar), og prega av sure, men noko nitrofile forhold.

Vegetasjon: Lyngheitypane (Fremstad m. fl. 1991) er dels tørr og middels fuktig hei med røsslyng eller mjølbær (H1a) på bergknausar og i slakke skråningar. Røsslyng-gråmosetype (H1d) finst sparsamt på berg. I søkk mot myr finst fukthei med klokkelyng og heisiv (H3c), elles finst pyttlav-utforming (H3i) på erodert torv. Bjønnskjeggutforming av fukthei (H3f) dekkjer eit visst areal i nordvest. I bakliet finst fragment av røsslyng-bjønnekam-hei (H4). Breivika og Rønningan har frisk fattigeng (G4). Rønningan er dominert av jordnøtteng, dvs. ei kystbunden utforming av frisk

fattigeng med mykje jordnøtt (G4b). Denne typen er sterkt truga av attgroing langs heile kysten, og har her ei av sine beste intakte utformingar i fylket. Grasmarkene nord for Ørnklakken har også ei utforming av G4.

Kulturpåverknad: Truleg er dette eit av dei eldste kulturlandskapsområda i distriktet, med ein kontinuerleg beitebruk som kan strekkja seg fleire tusen år attende i tid. Jf. også jernaldergravene og Kulisteinen på øya. Områda vert beita av sau som går ute mesteparten av året, og det er også storfe på utmarksbeite i sommarhalvåret. Deler av heiane vert framleis brent, og dette er ei av dei få intakte lynghei-områda i fylket vårt med både lang kontinuitet og intakt tradisjonell hevd.

Artsfunn: Lyngheia er middels artsrik med mange oseaniske artar, m.a. heistorr og heiblåfjør, begge nær nordgrensa si. Andre sørleg-oseaniske artar er hinnebregne (raudlista), dvergsmyle og spreidde førekomstar av pelssåtemose *Campylopus atrovirens*. Raudlistearten røsslyngborksopp *Aleurodiscus lapponicus* (R=sjeldan) vart funnen mot Haukarhaugen i 1983. Ytterkystplanten sylarve har gode bestandar. Av fjellartar finst rypebær, stivstorr og dvergbjørk. Breivika: Beitemarkene er ikkje spesielt artsrike, men i alt 16 naturengplanter er funne, m.a. loppestorr på strandenga. 12 artar beitemarkssopp er funne, deriblant raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V=sårbar). Rønningan: Artsrikt område, 59 planteartar, av desse 16 naturengplanter. 15 artar beitemarkssopp påvist. Store individtal av m.a. skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, og funn av raudlisteartane raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V=sårbar), sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum* (DC=omsynskrevande), skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (DC=omsynskrevande) og grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (V=sårbar). For fleire data: sjå kjeldene. Grasmarkene nord for Ørnklakken: Floraen er ikkje særleg spesiell eller artsrik, med unntak av at ytterkystarten sylarve opptre hyppig. I alt 15 naturengplanter og 4 artar beitemarkssopp er påvist på knausane. Av spesiell interesse er første funn i Norge av ein sjeldan sopp, fagerhatt-arten *Calocybe obscurissima*. For nærare omtale av denne arten viser ein til artikkel i sopptidsskriftet *Agarica* (Jordal & Gaarder 1996). I sørberga nær Breivik har Arnfinn Skogen funne murburkne, marinøkkel og lodnefaks i 1968 (TRH), Sigmund Sivertsen har funne raudlistearten grå trompetsopp (sannsynlegvis under hassel nær Haukarhaugen) og Tor Tønsberg har funne fleire interessante lavartar (Norsk lavdatabase og Tønsberg 1992).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla og intakt kystlynghei og naturbeitemarker med tradisjonell drift (beiting og brenning). Lokaliteten har fleire truga vegetasjonstypar, ein del naturengplanter og ei rekkje beitemarkssopp, blant desse mange raudlista, dels i kategori sårbar. Datagrunnlaget for sopp er mangelfullt, og lokalitetane har truleg potensiale for fleire raudlisteartar enn det som er funne.

Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskeleg at den tradisjonelle bruken med beiting og sviing held fram. Dette er særleg viktig sidan dette området er eit av dei få gode eksempla på tradisjonell kystlynghei som er att i fylket. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

90 Kuli, nordaustre del

Lokalitetsnummer:	1573-090
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 552 194
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, havstrand/kyst
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger, strandeng og strandsump
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	06.07.1995, 19.09.1995, 13.10.1995, 21.10.1996, 29.06.1999, Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1997, 1998c), Gaarder & Jordal (2000), 27.09.2002, GGa, JBJ m.fl. (kurs beitemarkssopp)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten utgjer nordaustre del av Kuli, ein annan del av det eldgamle og tradisjonsrike kulturlandskapet på denne øya (sjå nærare omtale under Kuli sørvestre del). Det er her betydelege areal med beita strandeng som går gradvis over i beita skjelsandenger, naturbeitemark og til slutt lynghei på dei høgastliggjande knausane.

Vegetasjon: Strandenger, frisk fattigeng (G4), tørr og fuktig lynghei og grashei (H1, H2, H3), dunhavreng (G7), vekselfuktig eng på baserik grunn med blåstorr, engstorr og loppestorr (G11). Dei to sistnemnde er truga vegetasjonstypar. Mot austspissen kjem det inn noko forstrender med saftmelde (lokalt ein god del), salturt og havbendel (U3a, U3b, U3c). På nordsida av øya er det ofte nokså skarp overgang mellom beitemarka og sjøen og berre flekkvis saltenger. Både aust og vest for riksvegen på sørsida var det ein del saltenger, særleg med saltsiv (U5). Brakkvassenger (U7) er det lite av, og rustsivaks opptre berre sparsamt. Det er også vest for riksvegen (sørsida) tendensar til forstrender med artar som saltbendel og havbendel (U3c).

Kulturpåverknad: Vert beita av sau og storfe. Mange gravhaugar i området. Riksvegen passerer gjennom lokaliteten.

Artsfunn: Engene har ein rik flora av karplanter (ca. 90 artar), med heile 34 naturengplanter registrert, noko som er rekord i fylket. Det var fleire kalk-krevande eller sjeldne/uvanlege artar på kysten av Møre og Romsdal, som blåstorr, dikeminneblom, dunhavre, dvergjanne, enghumleblom, engstorr, gjeldkarve, hårsvæve, jordnøtt, karve, kattefot, kvitmaure, loppestorr, marinøkkel, markfrytle, saftstjerneblom, sauesvingel, storblåfjør, sylarve, særbustorr og vill-lin.

Floraen av beitemarkssopp er også rik, med i alt 33 artar, av desse 18 vokssoppartar. Av størst interesse er raudlisteartane praktraudskivesopp *Entoloma bloxamii* (E=direkte truga), *Entoloma sacchariolens* (E=direkte truga), grå duftraudskivesopp *Entoloma ameides* (R=sjeldan), *E. caesiocinctum* (DC=hensynskrevande), mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (DC=hensynskrevande), brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* (DC=hensynskrevande), raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V=sårbar), skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (DC=hensynskrevande), russelærvokssopp *H. russocoriacea* (DC=hensynskrevande), raudskivevokssopp *H. quieta* (DC=hensynskrevande) og beitehette *Mycena pelliculosa* (DC=hensynskrevande). I strandengene er det notert artar som bogestorr, fjøresaltgras, havbendel, saltbendel, krypkvein og strandkryp. På nordsida vart det gjort enkeltfunn av grusstorr (som er funnen få stader på Smøla og som verkar sjeldan i kommunen).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit svært variert område med fine og intakte utformingar av intakt kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger, dels strandenger, og fleire truga vegetasjonstypar. Det er eit svært artsrikt område med mange raudlisteartar av beitemarkssopp, deriblant to svært sjeldne i raudlistekategori direkte truga og ein i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

91 Kuli: eikeskogen

Lokalitetsnummer:	1573-091
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 541 188
Høgd over havet:	ca. 15 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (foreslått landskapsvernområde)
Undersøkt/kjelder:	Skogen (1971a), 12.-14.10.1983, Tor Tønsberg (NLD=Norsk lavdatabase, Tønsberg 1992), Jordal (1993)

Områdeskildding

Generelt: Det er uvisst om eika på Kuli er planta eller har kome hit for eigen maskin (Tollan 1933, Skogen 1971a). Eit manuskript til "Nordmørs beskrivelse" av opplysningsprestane E. H. Kempe (1733-1771) og H. G. Bull (1758-1833) er omtala av Hanssen (1932). Manuskriptet vart aldri publisert slik som Strøm sine skildringar av Sunnmøre. Kempe var residerande kapellan i Tingvoll 1763-1771 og har skreve følgjande ein gong i løpet av desse åra: "Eeg. Ogsaa paa Kulli Gaard." Dette er truleg den første opplysninga om at det fanst eik på Smøla (jfr. Tollan 1933). Bull er kjelde til følgjande tillegg om eika, som kan stamma frå 1820-talet (han kom til Tingvoll i 1818): "Paa Smølen. Mest paa Eikrem i Tingvold Hoved Sogn, dog forhugget og av ingen Betydenhed. Af dette Træ har Gaarden sit Navn, ligesom Nabogaardene Tve-Eikrem og Tre-Eikrem." Eika var nok eit ettertrakta treslag i seglskutetida. Det kan tenkjast at eika vart innført til Smøla i forhistorisk tid, men dette kan berre avgjerast gjennom pollenanalyse (Skogen 1971). I alle høve har eikeholdt i dag eit naturleg preg. Det biologiske mangfaldet i eikelokaliteten er skildra av Skogen (1971a) (planter, lav og mosar), Tønsberg (1992 og NLD) (skorpelav) og Jordal (1993) (sopp). Lokaliteten er avgrensa på kart av Per Halse, Smøla kommune.

Vegetasjon: Eikelunden består av ca. 20 tre. Dei største er vel 10 m høge med stammediameter opp til 45 cm (Skogen 1971a). Vegetasjonen er analysert av Skogen, og innheld treslaga sommareik, hassel, osp og rogn, i 1992 også edelgran. Feltskiktet har flekkvis blåbær og blokkebær, men og mykje urter og gras, m.a. skogstorkenebb, firkantperikum, gaukesyre, skogstjerne, tviskjeggveronika, smyle, storfrytle og kratlodgegras. I hovudsak er det lite av kravfulle planteartar. I tillegg oppgav Skogen ein meterhøg eikebusk på sørsida av Haukarhaugen, omlag 1 km VSV for hovudbestanden.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er utan vesentlege inngrep. Tidlegare har her vore slåttemark, og eika har vore nytta til ved m.m. (Skogen 1971a). I dag beiting av storfe.

Artsfunn: Jordal (1993) oppgjev 31 soppartar som er funne på eikelokaliteten på Kuli, stort sett samla og/eller bestemt av konservator Sigmund Sivertsen. Følgjande er raudlisteartar: mosehjelmsopp *Chromocyphella muscicola* (R, over mose på eik, 1. funn i Norge og nordgrense), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC, på marka under eik, eit av dei nordlegaste funna i Norge) og *Chaetoporellus curvisporus* (V, funnen på edelgran). Vidare er det funne muslingmjølsopp *Clitopilus hobsonii*, *Colpoma quercinum*, grynbevne *Myxarium nucleatum* (nordgrense), eikebarksopp *Peniophora quercina* (nordgrense), *Rimbachia arachnoidea* (1. funn i Norge, nordgrense) og myldreppe *Stigmatomma urceolatum* (sjeldan art). Tønsberg (ifølgje NLD) har funne 18 lavartar, dels på hassel, dels på eik og dels på rogn i dette området. *Opegrapha vermicellifera* (hassel) er raudlista i Sverige og ein god signalart på verdifull skog. *Anisomeridium bifforme* (hassel) og *Rinodina efflorescens* (rogn) reknast som signalartar i Sverige (Hallingbäck 1995). Skogen (1971a) noterte også m.a. lungenever, grynvrenge og borkragg.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein artsrikt edellauvskog med eik og med fleire eiketilknytte raudlisteartar og signalartar, og ein isolert utpostlokalitet av eik i Norge.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og hogst av eika. Innførte bartre bør fjernast. Ein bør følgja med om eika greier å formera seg. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

92 Sør-Smøla: Store Svelunn

Lokalitetsnummer:	1573-092
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 520 193
Høgd over havet:	0-22 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	22.10.1996, Jordal & Gaarder (1997, 1998c)

Områdeskildring

Generelt: Store Svelunn er ei øy i sundet mellom Kuli og Rosvolløya, middels stor og noko kupert.

Vegetasjon: I det brente området dominerte smyle, engkvein, kortvaksen røsslyng, tepperot og bjønnskjegg.

Kulturpåverknad: Eit parti på norddelen har vore brent for ikkje lenge sidan. Det har vore vanleg med 13 sauer (notat Per Halse).

Artsfunn: Det vart funne 54 planteartar, av desse 14 naturengplanter. Dette er middels høge tal. Mellom desse var heiblåfjør, knegras og kornstorr. Det vart funne 19 artar av beitemarkssopp, mellom desse var 12 vokssopp-arter. Den mest spesielle var raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* på sørsida. Arten er sårbar på raudlista. I tillegg fanst ein del seig vokssopp *Hygrocybe laeta* i det brente området, noko som er observert fleire stader i fylket.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakt kulturlandskap med mange naturengplanter og beitemarkssopp, blant desse ein i kategori sårbar. Datagrunnlaget for sopp er basert på eitt besøk, og lokaliteten har truleg potensiale for fleire raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

93 Sør-Smøla: Litj-Svelunn

Lokalitetsnummer:	1573-093
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 524 193
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	22.10.1996, Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Litj-Svelunn er ein liten holme som ligg på austsida av Store Svelunn.

Vegetasjon: Heile øya er gras- og mosarik beitemark med litt einer. Grasmarkene har ein del engkvein, gulaks, engrapp og kvitkløver

Kulturpåverknad: Det er steingjerde her, det har tydeleg vore rydda ein gong, og har truleg også vore gjødsla. Tidlegare har dette truleg dels vore slåtemark. Det har vore vanleg med 2 sauer på beite (notat Per Halse).

Artsfunn: Det vart funne 26 planteartar, av desse 5 naturengplanter. Det vart vidare funne 9 vanlege artar av beitemarkssopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje fyller vilkåra til B, men likevel har nokre kvalitetar knytt til langvarig beitebruk.

Skjøtsel og omsyn

Som andre beiteholmar er det ønskjeleg at også denne vert halden i hevd i framtida, særleg fordi her ikkje er noko særleg attgrodd enda. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

94 Sør-Smøla: Hoøya

Lokalitetsnummer:	1573-094
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 500 184

Høgd over havet: 0-52 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 22.10.1996, Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Hoøya er ei lyngdominert øy vest for Kuli.

Vegetasjon: Dominert av ulike lyngheitypar (H1, H3) i svak attgroing. Litt frisk fattigeng (G4) i strandsona.

Kulturpåverknad: På Hoøya og nabøya Olderøya gjekk det nokre utegangarsauer som kan gå mellom øyane på fjøre sjø. Det var likevel så få sauer i forhold til arealet at dei hadde relativt liten innverknad på vegetasjonen. Berre på den smale stripa med strandenger hadde truleg sauene ein nemneverdig påverknad. Dei beita strandengene er den einaste staden der det fanst nemnande mengder av beitemarkssopp. Tilstanden i 2004 er uviss.

Artsfunn: Det vart funne 46 planteartar, av desse 9 naturengplanter. Det vart funne 5 artar av beitemarkssopp. Dei mest interessante var lutvokssopp *Hygrocybe nitrata* og sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata*, sistnemnde reknast ikkje som beitemarkssopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla og delvis intakt lynghei med eit variert artsmangfald.

Skjøtsel og omsyn

Dersom ein ønskjer å motverka attgroinga er det truleg ønskjeleg å ha fleire sauer enn i 1996. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

95 Sør-Smøla: Olderøya

Lokalitetsnummer: 1573-095
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 494 187
Høgd over havet: 0-23 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 22.10.1996, Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Olderøya er ei kupert, lyngdominert øy vest for Kuli.

Vegetasjon: Det er røsslynghei, myr og fukthei som dominerer, og naturbeitemark var fråverande på dei partia som er undersøkte på nordaustdelen av øya.

Kulturpåverknad: På Hoøya og Olderøya gjekk i 1996 nokre utegangarsauer som kan gå mellom øyane på fjøre sjø. Det var likevel for få sauer i forhold til arealet.

Artsfunn: Det vart funne 37 planteartar, av desse 6 naturengplanter. Dette er låge tal. Det vart funne berre ein beitemarkssopp. I tillegg vart sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata* funnen blant torvmose i myr.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla og delvis intakt lynghei med eit variert artsmangfald.

Skjøtsel og omsyn

Dersom ein ønskjer å motverka attgroinga er det truleg ønskjeleg å ha fleire sauer enn i 1996. Truleg vil det også vera ein fordel å svi noko av lyngen. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

96 Sør-Smøla: Svinøya (Storsvinøya)

Lokalitetsnummer: 1573-096
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 485 191
Høgd over havet: 0-9 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 22.10.1996, Jordal & Gaarder (1997, 1998c)

Områdeskildring

Generelt: Svinøya er ei låg øy som ligg like vest for Olderøya og sørvest for Rosvolløya.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dels grasrik, dels meir lyngdominert og med innslag av fukthei.

Kulturpåverknad: På Svinøya ligg ein fråflytta gard, og holmen vart i 1996 beita av sau. 11 dyr skal vera vanleg både no og for 40 år sidan (Per Halse, notat). Beitetrykket var nokså godt.

Artsfunn: Det vart funne 37 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Det vart funne 19 artar av beitemarkssopp, av desse 16 vokssopp-artar. Dette er eit nokså høgt tal. Av interessante artar kan nemnast gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (DC) og den sårbare arten gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det var velutvikla beitemarker med mange beitemarkssopp og to raudlistearter, blant desse ein i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Dette var ein fint beita holme som det er sterkt ønskjeleg vert beita også i framtida. Lokaliteten inngår i forslaget til Rosvoll naturreservat.

97 Sør-Smøla: Arnøya

Lokalitetsnummer:	1573-097
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 48 16-49 16
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	06.10.1993, 23.04.1996, Aksdal (1994), Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1993, 1997, 1998c)

Områdeskildring

Generelt: Øy i skjergarden sør for Fast-Smøla.

Vegetasjon: Øya er dels grunnlendt, men stadvis med eit godt jordsmonn. Vegetasjonen er lyngmark, men også betydelege område med grasmark (frisk fattigeng, G4), på fulldyrka mark også sølvbunkeeng (G3).

Kulturpåverknad: Tidlegare to gardsbruk, det eine med busetnad til 1967. Dei mest sentrale, tidlegare innmarksområda vart gjødsla med kunstgjødsel i ein periode fram til 1966 (kjelde: Knut Arnøy). Vart i 1993 beita av sau og var på det tidspunktet i brukbar hevd.

Artsfunn: Det vart ved dette besøket funne 19 planteartar (ufullstendige data) og 30 grasmarkssoppar. Mellom desse var to jordtungearter, 12 vokssopp-artar og tre småkøllesopp. Det mest spesielle funnet var gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V=sårbar) som i Norge berre er funne få stader i Møre og Romsdal (Jordal & Gaarder 2002). Elles vart det funne skjeljordtunge *Geoglossum fallax* (DC), brunsvart jordtunge *G. umbratile* (DC), raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (DC), gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, skarlagenvokssopp *H. punicea* og kolmjølkehette *Mycena leucogala*.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla beitemarker med 4 raudlistearter, mellom desse ein i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida. Lokaliteten inngår i forslag til Sør-Smøla Landskapsvernområde.

98 Sør-Smøla: Store Blåsvær

Lokalitetsnummer:	1573-098
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 468 164
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	06.10.1993, Aksdal (1994), Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1993)

Områdeskildring

Generelt: Ubebudd holme i skjergarden sør for Fast-Smøla. Berggrunnen er konglomerat, og jordsmonnet har truleg eit innslag av kalk.

Vegetasjon: Vegetasjonen er grasdominert.

Kulturpåverknad: Holmen har vore gjødsla i perioden ca. 1947-1962, truleg mest med salpeter, og truleg mindre mengder (kjelde: Knut Arnøy). Holmen vart i 1993 beita av sau og var i god hevd. Det har vore vanleg med 20 sauer (notat Per Halse).

Artsfunn: Det vart funne 12 vokssopp-arter, men ingen jordtunger, vidare 3 køllesopp og 3 raudskivesopp. Det mest interessante funne var den raudlista vokssoppen *Hygrocybe quieta*, dessutan ein av artane skifervokssopp og gulfotvokssopp, som begge er raudlista. Ein kalkindikator er gul småfingersopp. Markfrytle og dvergsmyle er samla herifrå av Arnfinn Skogen i 1968 (TRH).

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det var velutvikla beitemarker med mange beitemarkssopp og to raudlistearter, begge i lågare raudlistekategori.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla naturreservat.

99 Sør-Smøla: Joøya

Lokalitetsnummer:	1573-099
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 432 173
Høgde over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	06.10.1993, GGa & JBJ, Jordal & Gaarder (1993)

Områdeskildring

Generelt: Tidlegare bebudd holme i skjergarden sør for Fast-Smøla.

Vegetasjon: Det var ein blanding av gras- og lyngvegetasjon, og lyngen er truleg på frammarsj.

Kulturpåverknad: Holmen vert beita av sau og grågås, men beitetrykket er for lågt, og det var nokså høgt gras ved vårt besøk.

Artsfunn: Det vart funne 7 vanlege vokssopp-arter og dei to vanlegaste småkøllesopp-artane.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei beitemark i attgroing som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (uvisst status i dag).

Skjøtsel og omsyn

Hvis attvekninga får fortsetta, vert lokaliteten raskt av lita interesse. Det er ønskjeleg å ta opp att beitinga. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla naturreservat.

100 Edøya: Edøyvalen

Lokalitetsnummer:	1573-100
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 593 196
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, overbeiting (foreslått naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	29.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.2)

Områdeskildring

Generelt: Havstrandmiljøa i indre del av vågen vart undersøkt. Dette er eit av dei største havstrandmiljøa på finkorna substrat på Smøla og areala med mudderfjøre er relativt store.

Vegetasjon: Indre deler av havstrandsamfunna består av svakt utvikla driftvollar i overgang mot myrsig, hei og beitemark. Utanfor desse er det mest saltenger prega av saltsiv Ytst kjem det fragmentarisk inn forstrender med salturt og havbendel. Brakkvassenger med rustsivaks, fjøresivaks og fjørestorr opptrer nokså sparsamt og hovudsakeleg på vestsida av bukta. Utanfor det indre deler av bukta går miljøet raskt over i vegetasjonsfattige strandberg langs sjøen.

Kulturpåverknad: Lokaliteten var prega av intensivt hestebeite. Vegene i og inntil området har i liten grad påverka havstrandsamfunna.

Artsfunn: Heifrytle og smårørkvein vart funne i havstrandmiljøa. Saltengene har innslag av artar som strandkjempe, strandkryp, ishavsstorr, bogestorr og fjøresaltgras.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla strandengområde på finkorna substrat. Sjølv om Edøyvalen i kommunal samanheng er eit spesielt og verdifullt naturmiljø, skiljer det seg ikkje ut i

regional eller nasjonal samanheng. Området er ikkje stort, det er ikkje påvist spesielt sjeldne artar og det har liten variasjonsbredde i vegetasjonstypar.

Skjøtsel og omsyn

Eit ekstensivt beite kan vera positivt for naturverdiane, men for hardt beitetrykk kan gje negative endringar. Artar kan verta beita så hardt ned at dei forsvinn og omfattande trakk kan føra til erosjon. Lokaliteten er foreslått som naturreservat.

101 Edøya: nordsida

Lokalitetsnummer:	1573-101
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 577 198
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump, tangvollar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.3)

Områdeskildring

Generelt: Havstrandmiljøa frå Dambukta i aust til nord for Utheim i vest vart undersøkt. Stort sett er det her eit belte med grus- og rullesteinstrand, oppbrote av litt strandberg og med eit par små flekker med havstrandmiljø på meir finkorna substrat. Ei lita bukt omtrent midtveis på strekinga skilde seg ut ved å ha ein del finkorna substrat og betre innslag av ulike havstrandmiljø. Denne er avgrensa.

Vegetasjon: Driftvollmiljøa er velutvikla til å liggja på Smøla, men elles truleg nokså typiske. Dei vert prega av ein del høgvakse gras og urter som engsoleie, engsyre, kveke, hestehavre, strandrøyr, vendelrot og innslag av litt meir interessante artar som saftstjerneblom og strandkvann. Utanfor desse er det nokså usamanhengande vegetasjon med små flekker av saltsivenger og brakkvassenger med spreidd førekomst av artar som strandkjempe, og strandkryp.

Kulturpåverknad: Utanom husdyrbeiting er området lite påverka av inngrep.

Artsfunn: Litt bogestorr og ishavsstorr, og brakkvassenger med rustsivaks, fjøresivaks og fjørestorr. Også smårøyrkvein forekom sparsamt i driftvollsonen i denne bukta. Sjå elles ovanfor.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar krava til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

102 Edøya: Kyrhaugvatna

Lokalitetsnummer:	1573-102
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 603 210
Høgde over havet:	2-3 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø, rikmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (foreslått reservat)
Undersøkt/kjelder:	29.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. nr. 4.1), Olsvik (1998, lok. 14)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit myr og sumpområde med to ferskvatn på nordaustsida av Edøya, vest for vegen ved Kyrhaug. Vatna er omgjevne av lynghei og beitemark som vert nytta ekstensivt av hest (dyra beiter også litt i myr- og sumpområda). Medan det nordre vatnet hadde belte med flytetorv bygd opp av torvmosar i kanten og ut i vatnet, var det sørlegaste vatnet mest omgjeve av fastmark og sumpvegetasjon. Begge vatna verka nokså grunne (truleg er det nordre djupast). Ein har under tvil klassifisert lokaliteten som rik kulturlandskapssjø med omgjevnader av rikmyr.

Vegetasjon: I vatna (i første rekkje nordre Kyrhaugvatnet) vart det registrert ordinær langskotvegetasjon med artar som kantnøkkerose, vanleg tjønnaks, flotgras og krypsiv. Spesielt rundt det nordre vatnet var det ein del intermediær og rik myr, både av fastmattemyr-, lausbotnmyr- og mjukmattemyr-type med tuver. Også vegetasjonen på flytetorvene ute i det nordre vatnet hadde delvis eit intermediært preg, med innslag av m.a. myrhatt, grøftesoleie og englodnegras. Særleg i sørkant av det sørlegaste vatnet var det sumpprega miljø med mykje elvesnelle, flaskestorr, bukkeblad og noko fjøresivaks.

Kulturpåverknad: Vatna synest å vera lite påverka av inngrep, og det ser t.d. korkje ut til å ha vore utført seinking eller grøfting av betydning.

Artsfunn: Forutan artar som myrsnelle, myrklegg, kornstorr, loppestorr, særbustorr og myrsaulauk, forekom det her også ein del *kjevlestorr*, som er svært sjeldan. I dag er dette den einaste intakte veksestaden som er kjent i Møre og Romsdal. Kjevlestorr er ein indikator på ekstremrike tilhøve (Fremstad 1997). Dessutan vart m.a. dikeminneblom funne. Elles er det påvist 8 augestikkaartar, mest av alle undersøkte lokalitetar på Smøla. Artane var variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, brun augestikkar *Aeshna grandis*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica* fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata* og liten torvlibelle *Leucorrhinia dubia* (Olsvik 1998).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte låglandsvatn med rikmyr rundt og ein svært sjeldan plantart. Det kan også argumenterast for lågare verdi når det gjeld sjølve vatna, men eit regionalt perspektiv på heile lokaliteten inkludert rikmyr tilseier A. Lokaliteten verkar også lite påverka av næringstilførsel frå landbruket. Området er veksestad for ein regionalt svært sjeldan art som her har sin einaste kjente, noverande førekomst i fylket.

Skjøtsel og omsyn

Vatna bør liggja mest muleg urørt. Lokaliteten er foreslått som naturreservat.

103 Haverøya

Lokalitetsnummer:	1573-103
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 570-585, 208-219
Høgde over havet:	0-22 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, myr
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark, høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Beiteopphøyr, attgroing
Undersøkt/kjelder:	23.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997, 1998c) 29.09.2002, GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)

Områdeskildring

Generelt: Haverøya er ei låg øy på knapt 600 dekar mellom Edøya og Straumen. Namnet kjem av gamalnorsk hafr som tyder bukk. Dette er truleg ei svært gammal og mykje nytta beiteøy.

Vegetasjon: Vegetasjonen i dag består av godt beita røsslynghei, noko grasrike naturbeitemarkar, mest langs strendene, og ein del myr og fukthei. På søraustre del finst eit større parti med sannsynlegvis høgmyr (berre undersøkt med kikkert). Vidare finst beita strandberg og grunnlendte berg elles.

Kulturpåverknad: Øya har truleg vore nytta til beiting meir eller mindre samanhengande i lang tid, men beitetrykket kan ha vore noko varierende. Statens Saueavlsgard hadde Edøygarden, som Haverøya tilhøyrrer, frå 1908 til 1972. Ein kan vel rekna med at øya vart brukt til beite i heile denne perioden. Etter at Sauavlsgarden flytta i 1972 vart øya bruka til sauebeite om somrane av Nikolai Steinnes fram til 1979. Øya vart brent ein gong midt på 1970-talet, og dette gjorde noko skade på jordsmonnet. I 1980 vart det sett ut 10 utegangarsau her, og bestanden vaks etter kvart til rundt 100 dyr. Stor etterspurnad etter livdyr har medført ein reduksjon til rundt 60 vinterdyr, og det ser ut som øya har god kapasitet for dette dyretalet, dvs. ca. 10 dekar pr. vinterdyr (kjelde: Per Halse). Inntrykket av utegangarsauen er at den ved såpass godt beitetrykk som her skjøttar landskapet på ein god måte med tanke på bevaring av beiteavhengige artar. Røsslyngen er godt beita, og grasdominerte vegetasjonstypar vert også godt beita. Korvidt den grasrike vegetasjonen har auka i areal sidan 1980 er noko uvisst, men det er synest som at grasbeltet langs stranda har utvida seg, og særleg der ein har mineraljord under (Per Halse).

Artsfunn: Det vart funne 36 plantearter, av desse 11 naturengplanter. Plantelista er ikkje fullstendig, og basert på ei rask befarung på ca. ein fjerdedel av øya. Det vart funne 39 artar av beitemarkssopp, av desse 19 vokssoppartar. Dette er uvanleg mykje, berre få lokalitetar i fylket har meir enn dette. I tillegg var fleire av artane svært sjeldne og interessante. Fingersoppen *Clavulinopsis cineroides* (V=sårbar) vart her funnen som tredje funn i Norge, gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* (V=sårbar) var også tredje funn i Norge, begge på beita strandeng. Her vart det elles funne tre jordtungeartar: skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum* og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*, vidare russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea*, sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata*, raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* og gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*. I 2002 vart det i tillegg funne ei rekkje *Entoloma*-artar, m. a. dei raudlista *E. atrocoeruleum*, *E. caesiocinctum*, *E. corvinum*, *E. formosum*, *E. griseocyaneum*, *E. pratulense*, og dessutan dei raudlista vokssoppene *Hygrocybe mucronella* og *H. phaeococcinea*.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av lang kontinuitet, stor og velutvikla, intakt kystlynghei og naturbeitemark i god hevd, stort arts mangfald og mange raudlisteartar, dels i kategori sårbar. Sauen har her bevart ein sjeldan artsrikdom.

Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig at beitinga held fram. Bruken av utegangarsau med eit dyretal som står i høve til arealet (grovt ca. 10 dekar pr. sau) synest å vera godt egna til å bevare artsmangfald, vegetasjon og landskap der det ikkje har vore for langt opphald i beitebruken. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

104 Søre Krongelholmen

Lokalitetsnummer: 1573-104
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 581 220
Høgde over havet: 0-9 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 01.10.1997, Jordal & Gaarder (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein grasdominert holme nord for Haverøya mellom Edøya og Straumen.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av sølvbunkeeng (G3), ein del engkveindominert eng (G4), litt tørrberg med kystbergknapp (F3) og noko kreklingdominert hei, men omtrent ikkje røsslynghei.

Kulturpåverknad: Holmen har hatt busetnad og vore husmannsplass under Edøy. Plassen hadde busetnad til ut på 1900-talet. I 1865 hadde dei på Krongelholmen 6 storfe, 16 sauer og 1 gris. Dei sådde 1½ tønne havre og sette ½ tønne poteter (kjelde: Per Halse). Dette inneber at noko av grasmarkene her nok har vore utsett for jordarbeiding (åker) til byrjinga av 1900-talet. I seinare tid har holmen vore beite for sau.

Artsfunn: Det vart funne 39 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (t.d. blåklokke, jonsokkoll og smalkjempe). Det vart funne 18 artar av grasmarkssopp, av desse 4 beitemarkssopp. Mellom desse var liten vokssopp *Hygrocybe insipida*, og skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*. Holmen hadde før besøket vore utsett for ein periode med sol og vind, og har truleg eit større artsutval av beitemarkssopp enn det som vart påvist ved dette besøket.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det var velutvikla beitemarker med mange indikatorartar, men ingen raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Denne grasdominerte holmen bør beitast også i framtida. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.

105 Hestøya v/Leirvik

Lokalitetsnummer: 1573-105
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 563 230
Høgde over havet: 0-20 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 29.09.1997, Jordal & Gaarder (1998a, 1998c)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein holme beita av sau. Holmen er hovudsakeleg lyngdominert.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av tørr kystlynghei, fukthei og kalkpåverka, mosarike engsamfunn.

Kulturpåverknad: I 1997 gjekk nokre bukkar av utegangarsau her. Beitetrykket var moderat med visse teikn til attgroing, som høg vegetasjon somme stader.

Artsfunn: Det vart funne 80 planteartar, mellom desse 17 naturengplanter. Mellom desse var blåklokke, gjeldkarve, kattedot, knegras, kvitmaure, loppestorr, smalkjempe og småengkall. Det vart funne 26 artar av grasmarkssopp, av desse 11 beitemarkssopp. Blant desse kan nemnast semska raudskivesopp *Entoloma jubatum*, rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum* (kalkkrevande), russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (kalkkrevande) og gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V=sårbar). Sistnemnde er ein oseanisk beitemarkssopp (tilknytt ytterkysten), sjå omtale og bilete frå Hestøya i Blyttia (Jordal & Gaarder 2002).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla beitemarker med fleire raudlisteartar, mellom desse ein i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er verdfull og bør beitast også i framtida.

106 Vikjelsøya (Fugløya)

Lokalitetsnummer:	1573-106
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 568 233
Høgd over havet:	0-18 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, havstrand/kyst, myr
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger, kalkrike strandberg, høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	29.09.1997, Jordal & Gaarder (1998a, 1998c), 26.09.2002, JBJ m. fl.

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein holme ved Leirvika på den søraustlege delen av Smøla. På sørsida finst det to stader kalksteinshaldig berg, jf. geologisk kartblad 1321 I. Desse vert klassifisert som kalkrike strandberg, ein elles sjeldan naturtype i fylket.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av stadvis grasdominerte engsamfunn, særleg på nordsida og langs strendene. Deler av grasmarkene er kalkrike, dette kjem særleg fram i sopploraen. Elles dominerer tørr kystlynghei med litt rogn, og nedbørsmyr av typen atlantisk høgmyr. Deler av lyngheia har vore brent.

Kulturpåverknad: Ved besøket i 1997 gjekk ein bukk av utegangarsau her, øya har og vore bruka til ungdyr (kjelde: Olav Leirvik). Beitetrykket var svakt med visse teikn til attgroing.

Artsfunn: Det vart funne 70 planteartar, mellom desse 22 naturengplanter. Dette er nokså høge tal. Verdt å nemna er harerug, hårsvæve, jonsokkoll, smalkjempe og småengkall. På dei kalkrike strandberga var det mykje vill-lin, og elles enghumleblom, jåblom, gjeldkarve, loppestorr, knegras og einskilde kalkkrevande beitemarkssopp. Det vart funne 38 artar av grasmarkssopp, av desse 19 beitemarkssopp. Blant desse kan nemnast rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum* (kalkkrevande), brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (kalkkrevande), spissvokssopp *Hygrocybe persistens* (kalkkrevande), raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* og brunaugevokssopp *Hygrocybe virginea* var. *fuscescens* (kalkkrevande). Eit uventa funn i grasmark i nærleiken av einer var duftkorallsopp *Ramaria gracilis*, som - lik fleire av dei artane som er nemnt ovanfor - synest å vera kalkkrevande.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla beitemarker og kalkrike enger med fleire raudlisteartar, blant desse to i kategori sårbar. Elles finst høgmyr.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er verdifull og bør beitast også i framtida.

107 Nordre Vikjelsholmen

Lokalitetsnummer:	1573-107
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 573 228
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	29.09.1997, Jordal & Gaarder (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein mindre holme på utsida av Vikjelsøya (Fugløya).

Vegetasjon: Mest attgroande lynghei. Berre langs stranda finst litt gras- og urterik vegetasjon.

Kulturpåverknad: Det har tidlegare vore sau her, men holmen er no nokså attgrodd av einer, røsslyng og storfrytle.

Artsfunn: Det vart funne 39 planteartar, mellom desse berre 5 naturengplanter. Det vart funne 5 artar av grasmarkssopp, av desse berre 1 beitemarkssopp, *Entoloma fuscotomentosum*.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B, men likevel har nokre kvalitetar som kystlynghei/naturbeitemark.

Skjøtsel og omsyn

Holmen har små verdiar knytt til beitebruk, men kan godt takast i bruk att.

108 Lauvøya

Lokalitetsnummer:	1573-108
Kartblad:	1321 I Smøla, 1421 IV Skardsøy
UTM (EUREF 89):	MR 605 233

Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	23.10.1996, Jordal & Gaarder (1997)

Områdeskildring

Generelt: Lauvøya er ei langstrekt øy som ligg sør for Glassøya, aust for Nerdvika og nord for Edøya.

Vegetasjon: Øya er dominert av røsslyng i mosaikk med gras- og urterik vegetasjon. Flekkar med grasdominert vegetasjon ved sørenden og midt på øya er likevel tydeleg beita, og her vart dei fleste funn av beitemarkssopp gjort. Elles finst strandberg og andre grunnlendte berg, tangvollvegetasjon og noko einerdominert mark.

Kulturpåverknad: Her har det tidlegare vore krøtterbeite. Øya har restar etter to sommarfjøs. Det har vore brent her på 1950-talet (kjelde: Kjell Karstensen). Det gjekk vinteren 1996/97 rundt 20 utegangarsauer på øya, men førebels er desse noko for få til å få eit godt beitetrykk.

Artsfunn: Det vart funne 44 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp. Av desse kan nemnast raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* og gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*. Det vart elles funne sumpraudskivesopp *Entoloma turbidum* og sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata*, som ikkje reknast som beitemarkssopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det var velutvikla kystlynghei og beitemarker med mange indikatorartar, og fleire raudlisteartar i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Beiting av utegangarsau er positivt, og med noko større sauebestand vil beitetrykket bli stort nok til å skapa meir grasmark og halda røsslyngheia ved like.

109 Glasøya

Lokalitetsnummer:	1573-109
Kartblad:	1321 I Smøla, 1421 IV Skardsøy
UTM (EUREF 89):	MR 615 245
Høgd over havet:	0-34 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	23.10.1996, Jordal & Gaarder (1997, 1998c)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei øy aust for Nerdvika med tre nedlagte gardar, noko dyrkamark, og ein god del udyrka, grasrik beitemark og lynghei. Heile øya er avgrensa, men dyrka mark inngår ikkje i det verdifulle området.

Vegetasjon: Lengst aust er det noko bjørkeskog, og lenger vest veks det skog av planta bergfuru. Elles finst noko røsslynghei med einerdominerte parti innimellom, litt fukthei, og ein del grunnlendte, beita berg med gras- og urterik vegetasjon. Langs stranda finst for det meste strandberg med usamanhengande vegetasjon.

Kulturpåverknad: Fram til sist på 1960-talet var det storfe på øya, men siste tida før fråflyttinga på 1970-talet var det berre sauer. Etter den tid budde ein svensk kunstmålar her til ca. 1983. Sygarden er gjerdt frå, og her går 40-50 sauer og lam om sommaren. Resten av øya vart i 1996 beita av sau heile året. Det gjekk vel 30 vintersau som hadde livd i eit av fjøsa, og som vart föra vinters tid av fôr som var hausta på innmarka. Det har ikkje vore opphald i beitinga etter at gardsdrifta opphørde (kjelde: Kjell Karstensen).

Artsfunn: Det vart funne 58 planteartar, av desse 18 naturengplanter. Dette er eit middels høgt tal for naturengplanter. På grunnlendte, beita berg vart det funne gjeldkarve og hårsvæve. Ved nausta vart det funne skogbjønnebær, som er ny norsk nordgrense. Det vart funne 19 artar av beitemarkssopp (31 poeng), av desse 15 artar vokssopp. Dette er relativt mykje, og fleire av artane var interessante. Skifervokssopp *Hygrocybe lacmus*, raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V=sårbar) og brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* står alle på den norske raudlista. Elles vart det funne sumpraudskivesopp *Entoloma turbidum*.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla kystlynghei og beitemarker med fleire raudlisteartar, blant desse ein i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting. Det krev ein betydeleg innsats å driva heilårsdrift med sau på ein såpass avsides stad som dette.

110 Innerremmingen

Lokalitetsnummer:	1573-110
Kartblad:	1421 IV Skardsøy
UTM (EUREF 89):	MR 629 246
Høgd over havet:	0-19 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	01.10.1997, Jordal & Gaarder (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Innerremmingen er 6-700 meter lang og rundt 200 m brei, og ligg nord for Edøya, lengst i aust mot Trondheimsleia eit godt stykke frå Fast-Smøla.

Vegetasjon: Vegetasjonen var i stor grad lyngdominert, med tørr og fuktig røsslynghei og fukthei, men med innslag av grasdominert vegetasjon nær stranda og på middels fuktige stader elles.

Kulturpåverknad: Holmen vart beita av sau. Beitetrykket var noko lågt.

Artsfunn: Det vart funne 54 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (m.a. blåklokke, hårsvæve, kornstorr og smalkjempe). Det vart funne 20 artar av grasmarkssopp, av desse berre 3 beitemarkssopp (7 artspoeng). Soppfloraen er typisk for heidominerte område på Smøla.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det var velutvikla kystlynghei og beitemarker med mange indikatorartar, men ingen raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Holmen bør beitast også i framtida. Beitet kunne vore betra med sviing.

111 Helldalsvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-111
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 563 245
Høgd over havet:	6 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.8b)

Områdeskildring

Generelt: Dette vatnet drenerer ned i Sjøvågen (sjå denne).

Vegetasjon: Vatnet vert prega av store belte med sjøsivaks. I tillegg er det noko flytebladvegetasjon med vanleg tjønnaks, kantnøkkerose og i kantsonene også litt vanleg andmat. Ved bekken som kjem frå dyrkingsfeltet er det høgvaksten, frodig vegetasjon av m.a. mjørdurt, myrhatt, amerikamjølke, grøftesoleie og dikeminneblom.

Kulturpåverknad: Vatnet med øvre deler av utløpsbekken har vorte seinka ein del for nokre år sidan, og vegetasjonen ber tydeleg preg av dette. I tillegg mottek vatnet noko tilsig av næringsstoff frå eit dyrkingsfelt på sørsida.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller krava til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

112 Nerdvika: Sjøvågen

Lokalitetsnummer:	1573-112
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 575 244
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Evt. forureining frå vassdraget ovanfor.
Undersøkt/kjelder:	Holten m.fl. (1986b), Folkestad (1976a, 1998a), 27.06. og 06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.7), Langangen m. fl. (2001)

Områdeskildring

Generelt: Sjøvågen er ein større brakkvasspoll på søraustsida av Smøla. Vågen er hovudsakeleg omgjeven av attgroande lynghei (mest spreidde småbusker). I søraust ligg eit eldre plantefelt med bartre som er viktig for ein del fugleartar (sjå Folkestad 1998a). Sjøvågen og strandengene i Nerdvikvågen utanfor, er tidlegare også undersøkt av Holten m.fl. (1986b). Strandengsamfunn i vestre deler av vågen og i utoset vart undersøkt til fots ved besøket i juni 1999, medan det ved begge besøk i 1999 vart nytta båt og dregg for å studere vassplanter. I avgrensinga er det og teke med strender på sørsida av Nerdvikvågen, undersøkt av Holten m. fl. (1986b).

Vegetasjon: Sjøvågen har velutvikla undervassenger av tjønnakstype og kransalgetype (U2d, U2f), særleg i den grunne, vestre halvdel av vågen. eit rundt 20 meter breidt belte langs stranda er dominert av trådtjønna, busttjønna og grønkran (*Chara baltica*). Artane veks dels blanda, men det er ein tendens til at busttjønna dominerer ytst (ned mot 2,5 meters djup). Trådtjønna kjem inn på grunne parti, i første rekkje inst i vågen. Grønkran førekjem frå 0,2 m til vel 1 meters djup, mest rundt 0,5 meter, og ved haustbesøket hadde algane lengder på opptil 0,7 m. Elles vart det registrert havgras (småhavgras eller skruehavgras) sparsamt nær utoset av vågen og fann gamle østersskjel. Siktedjupet i vågen er relativt godt og ligg på over 2 meter. I strandsona i vestre del av vågen og nær utoset er det strandengbelte.

Kulturpåverknad: Truleg beita tidlegare. Forutan vegen på sørsida av vågen avgrensar inngrepa seg til litt skjelsanduttak inntil vegen og mindre, eldre oppreinskingsarbeid i utosen. På sørsida av Nerdvikvågen eit par steingjerde.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. I utoset er det delvis brakkvassenger med artar som rustsivaks, taresaltgras, saltsiv, strandstjerne, strandkjempe og gåsemure, medan strandengene i vestre deler har sparsamt innslag av typiske havstrandplanter (litt strandkryp førekjem). Her er det godt innslag av artar knytt til kalkrik myr, som vill-lin (dels mykje), hårstorr, småsivaks, svarttopp, dvergjamne og jåblom. I tillegg vart m.a. bogestorr funne. På sørsida av Nerdvikvågen vart det funne fleire sjeldne artar, særleg ishavsmelde og ishavstorr. I bekken ved vegen (ca. 1 km sør for Nerdvika, truleg her) fann A. Skogen og E. Fremstad i 1971 pollisivaks.

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein brakkvasspoll med gode bestandar av av kransalga grønkran, ein art som inntil nyleg var rekna for utrydda i Norge, og som no berre er kjent frå ein lokalitet ved Kristiansand utanfor Smøla (Langangen m. fl. 2001). Sjøvågen har, saman med Fløtjønna, dei største og mest velutvikla undervassengene av tjønnakstypen, og den einaste av kransalgetypen som vart funne på Smøla. Bestandene av både trådtjønna og spesielt busttjønna er gode medan havgras førekjem meir sparsamt. Dette gjer området unikt i regional samanheng og som god representant for ein nasjonalt sett sjeldan og truga naturtype.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå påverknad på dei hydrologiske tilhøva. Området er foreslått verna som naturreservat.

113 Gjernes

Lokalitetsnummer:	1573-113
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 582 242
Høgd over havet:	ca. 0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, havstrand/kyst, rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Naturbeitemark, brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump, sørvendt berg og rasmark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.8a)

Områdeskildring

Generelt: Aust og nordaust for garden Gjernes ligg eit kombinert kulturlandskap- og havstrandsområde som i 1999 vart halde nokså godt i hevd av storfe. Interessant er nokre mindre sørvendte bergknauser ned mot sjøen. Dette er det næraste ein kjem naturtypen "sørvendt berg og rasmark" i Smøla.

Vegetasjon: Naturbeitemark av typen frisk fattigeng, men overgangar mot meir baserike enger. I den vesle vågen vaks det noko småhavgras (U2a), medan det var små parti med brakkvassenger (U7) inntil, med innslag av m.a. fjøresivaks og skjørbuksurt. I ein dam (MR 580 243 ikkje avgrensa) mellom vågen og Sjøvågen vaks tusenblad, kysttjønna og hesterumpe (P1, P2). Lokalt var det tendensar til tørrbakkesamfunn i overgang mot bergknaussamfunn (F3) med artar som svartburkne, olavsskjegg og skrukkelav.

Kulturpåverknad: Mykje av beitemarka har utvilsamt vore gjødsla.

Artsfunn: Det var parti med godt innslag av naturengplanter og i alt vart 17 slike artar påvist, deriblant noko uvanlege artar som lodnerubloom, gjeldkarve, vill-lin og rundbelg knytt til tørreng/sørberg. Av beitemarkssopp vart det berre funne beiteraudskivesopp *Entoloma sericeum*. I brakkvasspollen vart del funne østers og småhavgras. Oteren har tilhald i området.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla naturbeitemark m.m. med nokre interessante artar, men ingen raudlisteartar. Lokaliteten har likevel potensiale for raudlisteartar av beitemarkssopp (ikkje undersøkt).

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram. Ein bør unngå fysiske inngrep i strandsamfunna.

114 Lebergstjønna (Lebestjønna)

Lokalitetsnummer:	1573-114
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 562 267
Høgd over havet:	22,5 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Forureining og fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	14.07.1969 (Økland & Økland 1989, 1991, 1996a, 1996b), 28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.23d)

Områdeskildring

Generelt: Lebergstjønna (Lebestjønna på M711-kart) ligg ved vegen mellom Nerdvika og Frostadheia, ca. 2 km frå Nerdvika, i eit vassdrag som drenerer til Kongsmyra og Aurebekken. Gaarder & Jordal (2000) undersøkte berre nordvestre del av vatnet frå land.

Vegetasjon: M. a. store belte med sjøsivaks (O5d). Elles flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2).

Kulturpåverknad: Vatnet er grunt og humusrikt og noko påverka av inngrep (truleg senka). Det var også tydelegvis noko påverka av næringstilsig frå landbruket.

Artsfunn: Mest spesielt var funn av ein internasjonalt sjeldan ferskvassvamp her. Dette er rydersvamp (*Anheteromeyenia ryderi*), som berre er kjent frå 4 lokaliteter i Norge (Sørlandet, Sørehamni utanfor Bergen, Lebergstjønna på Smøla, Kjørstadvatnet på Hitra) og står på raudlista som sjeldan. Arten har ei amfiatlantisk utbreiing (Vest-Europa + austlege Nord-Amerika) og er utprega kystbunden (vestleg) i Europa (Økland & Økland 1989, 1991).

Verdsetting: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at vatnet er levestad for ein raudlisteart med berre 4 funn i Norge. Raudlistestatusen er basert på undersøking av 600 lokalitetar over heile landet, og arten er truleg reelt sjeldan både i Norge og internasjonalt. Verdsettinga kan revurderast viss dette skulle visa seg å vera feil.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå for mykje forureining, og alt som forstyrrar dei hydrologiske tilhøva.

115 Åstøya

Lokalitetsnummer:	1573-115
Kartblad:	1321 I Smøla, 1421 IV Skardsøy
UTM (EUREF 89):	MR 608 275
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	01.10.1997, Jordal & Gaarder (1998a), Folkestad (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Åstøya ligg søraust for Vikan på Aust-Smøla. Øya er sterkt kupert med knausar og hamrar. Strandsona er dominert av strandberg med fleire skjerna bukter.

Vegetasjon: Dominert av tørr og fuktig røsslynghei i tidleg attgroing. Den tørre heia er mest på grunnlendt berg med innslag av einer. Det finst og grasmarker av typen frisk fattigeng (G4). Litt oppslag av rogn. Langs stranda finst strandberg og strandengsamfunn. Strandengene er ein del beita, og engsamfunna utbreier seg no litt innover frå stranda.

Kulturpåverknad: Holmen har vore beita av utegangarsau dei siste 4-5 åra (1997) etter lengre tid med beiteopphøyr.

Artsfunn: Det vart funne 55 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter. Det vart funne 13 artar av grasmarkssopp, av desse 1 beitemarkssopp (engvokssopp). Øya har vore hekkeplass for hegge.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt kystlynghei og naturbeitemark med nokre registrerte verdjar.

Skjøtsel og omsyn

Beiting er naudsynt for både naturtypen og artsmangfaldet.

116 Åndalsvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-116
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 589 285
Høgd over havet:	ca. 7 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep og forureining
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (1998a), 13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Åndalsvatnet ligg i eit lite dalføre mellom Vikan og Indre Roksvåg på Aust-Smøla. Landskapet rundt er kupert med høgder på rundt 20 m medan sjølve vatnet ligg på 7 moh. Austre deler av vatnet vart undersøkte frå land. Vatnet er truleg mesotroft.

Vegetasjon: Vatnet har store sjøsvaks-belte (O5d). Fleire stader i vatnet er det mykje kantnøkkerose (flytebladvegetasjon, P2). Stadvis er det også ein del langskotvegetasjon (P1) med m.a. grastjønna (dårleg undersøkt).

Kulturpåverknad: Vatnet har vore nytta som regulert vassmagasin med kanalisert utlaup og vassinntak. Dessutan har det vore teke ut ein del skjelsandhaldig lausmasse i austenden, og i den samanheng er det bygd tilkomstveg til vatnet. Nokre nærliggjande myrparti er grøfta. Riksvegen passerer inntil på nordsida.

Artsfunn: Sjå ovanfor. I tillegg er vatnet hekkeplass for grågåås og grasender.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er næringsrikt og truleg har potensiale for eit meir variert arts mangfald enn det som er registrert.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep.

117 Bremnesskaget

Lokalitetsnummer:	1573-117
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 598-601, 294-295
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende.
Undersøkt/kjelder:	13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på Bremnesskaget nordaust for den fråflytta garden Bremnes på Aust-Smøla. Det finst både ein brakkvasspoll (ganske salt, med to smale men relativt djupe tersklar, med ein del tang og truleg utan havgras), ein mindre brakkvassputt i vest, strandenger og eit nokså ferskt vatn i nordaust.

Vegetasjon: I vestre del (MR 5984 2942) ligg ein brakkvassputt med undervassenger med småhavgras (U2a). Den største pollen er truleg for salt for havgras, men er omgjeven av strandenger fleire stader. Inst (austlegast) i pollen er det saltgrasenger (U4), saltenger med saltsiv (U5) og forstrender med havbendel og saftmelde (U3). Heilt nordaust på Bremnesskaget ligg eit nokså ferskt vatn (MR 6012 2952) med mykje trådtjønna og tusenblad.

Kulturpåverknad: Liten, litt søppel.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Mykje oterstigar.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein brakkvasspoll med litt småhavgras, og små areal av varierte strandmiljø.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå fysiske inngrep.

118 Bremnes: Kobbvågen (Vassdya)

Lokalitetsnummer:	1573-118
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 596 233
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst

Naturtype: Brakkvasspollar, undervassenger, strandeng og strandsump
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende.
Undersøkt/kjelder: 13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Kobbvågen (Vassdya på M711-kart) er ein liten brakkvasspoll nord for den fråflytta garden Bremnes på Aust-Smøla. Pollen ligg i eit grunnlendt og knauset skjergardslandskap med tørr lynghei i attgroing. Utløpet er trongt og grunt.

Vegetasjon: Inst (sørlegast) i pollen er det litt brakkvassenger (U5) med rustsivaks, jåblom, fjøresivaks, småsivaks og fjøresauløk, saltgrasenger (U4), og på vestsida over 1 dekar med brakkvasseng. I vågen er det ein god del undervassenger med småhavgras (U2a).

Kulturpåverknad: Liten, litt søppel.

Artsfunn: Sjå under vegetasjon. Elles ilanddreven pollpryd (grønalge). Litt våtmarksfugl.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein brakkvasspoll med litt småhavgras, og noko areal av varierte strandmiljø.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå fysiske inngrep.

119 Vollskaget, Vasslimyra

Lokalitetsnummer: 1573-119
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 592 296
Høgd over havet: ca. 2-4 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Rike kulturlandskapssjøar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep og forureining
Undersøkt/kjelder: 13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av to vatn som ligg på ei myr (Vasslimyra) sørvest for Vollskaget på Aust-Smøla. Landskapet rundt er kupert med grunnlendte småknauar med tørr lynghei. Vatna er truleg mesotrofe.

Vegetasjon: Begge vatna har store sjøsivaks-belte (O5d), og verkar å vera i attgroing. Fleire stader er det mykje kantnøkkerose, flotgras, vanleg tjønnaks og andemat (flytebladvegetasjon, P2). Stadvis er det også ein del langskotvegetasjon (P1) med m.a. grastjønna (dårleg undersøkt). Vidare er det mykje sumpvegetasjon med flaskestorr, bukkeblad, myrhatt m.m. Sjølve Vasslimyra vart ikkje undersøkt, men er ein naturleg del av lokaliteten.

Kulturpåverknad: Vatna er truleg påverka av avrenning frå jordbruksområde ovanfor.

Artsfunn: Sjå ovanfor. Elles vart det notert elvemose i utløpsbekken mot sjøen.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit system av rike kulturlandskapssjøar og sumpar med eit variert artsmangfald, og truleg potensiale for eit meir enn det som er registrert.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fysiske inngrep. Ein bør unngå for mykje forureining.

120 Aurebekken

Lokalitetsnummer: 1573-120
Kartblad: 1321 I Smøla
UTM (EUREF 89): MR 57-58 28-29
Høgd over havet: ca. 0-20 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Viktig bekkedrag
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep og forureining
Undersøkt/kjelder: 13.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Aurebekken renn frå Auretjønna ned i indre Roksvågen. Der bekken kryssar riksvegen lagar han ei av dei djupaste bekkekløftene på Smøla. Området som vart undersøkt ligg frå utløpet opp til nokre hundre meter vest for riksvegen. Ein har likevel avgrensa opp til Aurevatnet da ein går ut frå at bekken ikkje forandrar seg svært mykje på

denne strekninga. Bekken er påverka av varierende vassgjennomstrøyming, og tidvis tilnærma uttørking. Ved undersøkinga var det lite vatn og mange relativt stilleståande vass-strekningar med artsrik vass- og sumpvegetasjon. *Vegetasjon:* Bekken renn ut i ein trong våg med ålegrasenger (U1, Indre Roksvåg). Elles var det ein variert vegetasjon av vass- og sumpplanter både ovanfor og nedanfor vegen. Langskotvegetasjon (P1), flytebladvegetasjon (P2), elvesnelle-starr-sump (O3) og engprega bekkkant med frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Bekken er truleg påverka av næringsstilsig frå dyrkingsfelt lenger opp i vassdraget.

Næringsindikatorane (sjå nedanfor) tyder på dette.

Artsfunn: I nedre deler var det store bestandar av sverdlilje langs bekken. Næringsindikatorar som amerikamjølke, andemat, småtjønnaks og strandrør vaks i nedre deler. Elles kysttjønnaks, veikveronika, grøftesoleie, dikeminneblom, bekkeblom, tusenblad, myrmaure, myrhatt, elvesnelle, kjeldeurt, sumpkarse, bukkeblad, ryllsiv, hesterumpe, bekkestjerneblom m.m.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein bekk med artsrik vegetasjon av vass- og sumpplanter.

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fysiske inngrep, og noko mindre næringsstilførsel.

121 Kjeøya

Lokalitetsnummer:	1573-121
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 588 326
Høgd over havet:	0-16 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	30.09.1997, Jordal & Gaarder (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Kjeøya ligg aust for Rokstad på Aust-Smøla. Den er rundt 600 meter lang og 300 meter brei. Berre sørlege del av øya er undersøkt.

Vegetasjon: Vegetasjonen er lyngdominert, med tørr røsslynghei som den viktigaste typen. Elles finst fukthei og grasdominerte strandenger.

Kulturpåverknad: Øya har tidlegare vore beita av opptil 16-17 sauer, men er no i attgroing. Bestefar til Albert Rokstad (pers. medd.) slo her.

Artsfunn: Det vart funne 62 planteartar, mellom desse 14 naturengplanter (t.d. blåklokke, småengkall, tepperot og tiriltunge). Det vart funne 6 artar av grasmarkssopp, av desse ingen beitemarkssopp.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit tidlegare slått- og beitelandskap som no er i attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Beiting vil også her vera positivt.

122 Store Føllingen

Lokalitetsnummer:	1573-122
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 588 334
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	30.09.1997, Jordal & Gaarder (1998a)

Områdeskildring

Generelt: Store Føllingen ligg aust for Rokstad på Aust-Smøla. Den er rundt 300 meter lang og 200 meter brei. Det vart også funne skit og far som truleg stamma frå hjort. Det skal vera litt kalkstein på øya, men dette var ein ikkje klar over ved besøket, og basekrevande vegetasjon vart ikkje påvist.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av noko tørr røsslynghei og ein del frodig og nitrofil gras/urterik vegetasjon med vendelrot, sløkje, mjødukt, krattlodnegras, hanekam, engsyre og engrapp som kan skuldast fuglegjødsling eller tidlegare gjødsling utført av folk. Elles finst fukthei, grunnlendte strandberg og tarevollsamfunn.

Kulturpåverknad: Øya er no i attgroing, men vert mykje beita av grågås. Tidlegare har det gjerne vore 6 sauer her (notat Per Halse).

Artsfunn: Det vart funne 42 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter. Det vart funne 4 artar av grasmarkssopp, av desse ingen beitemarkssopp. På "Storfyllingen" vart det funne både marinøkkel og den regionalt sjeldne ormetunge (kalkkrevande) i 1898 (R. T. Nissen, herbariet i Oslo).

Verdsetting: Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystlynghei i tidleg attgroing, med nokre registrerte verdjar.

Skjøtsel og omsyn

Beiting vil også her vera positivt.

124 Frostadheia: Gåsvatnet

Lokalitetsnummer:	1573-124
Kartblad:	1321 I Smøla
UTM (EUREF 89):	MR 528 327
Høgd over havet:	26,5 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep og forureining
Undersøkt/kjelder:	28.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.23c)

Områdeskildring

Generelt: Sentrale og austre deler av vatnet vart undersøkte i 1999 ved bruk av båt og dregg. Vatnet verkar svært grunt og med siktedjup på berre rundt 0,5 m.

Vegetasjon: Fleire stader i vatnet er det mykje kantnøkkerose og noko vanleg tjønnaks (flytebladvegetasjon, P2). Stadvis er det også ein del langskotvegetasjon (P1) med tusenblad og rusttjønnaks og meir sparsamt småtjønnaks, hesterumpe og klovasshår.

Kulturpåverknad: Vatnet er betydeleg påverka av næringstilsig frå landbruket, samtidig som det er tatt ut mykje lausmassar frå vatnet. Før inngrepa, som hovudsakeleg vart utført for ca 20 år sidan, var vatnet svært vegetasjonsrikt med meir naturlege plantesamfunn (A.O. Folkestad pers. medd.).

Artsfunn: Sjå ovanfor. Småtjønnaks er ein regionalt uvanleg planteart. Elles fann ein litt andemat, vanleg høymol, sumpkarse, mjuksivaks, grøftesoleie, amerikamjølke og bekkestjerneblom i sumpparti tilknytt vatnet.

Verdsetting: Området vert verdsett til C (viktig) på grunn av at det truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B. I tillegg til mindre vanlege vassplanter som småtjønnaks, andemar og mjuksivaks har tjønna og ein viktig viltfunksjon (fugl).

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen vert best teke vare på utan fleire fysiske inngrep.

Område med dårlege data eller usikker status

Dette prosjektet har gjeve rom for 2 feltdagar. Tidlegare undersøkingar har dekt deler av kommunen, medan andre deler er dårleg undersøkt. Ein del tidlegare undersøkingar har produsert mangelfulle data eller mangelfull avgrensing. Av ulike årsaker vert det nedanfor presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. I fleire tilfelle av at lokalitetar har vore undersøkte og data finst har ein vore i tvil om lokalitetane fortener å bli avgrensa og prioritert i rapporten. Det finst ingen tydelege retningslinjer for slike grenseoppgangar.

Tabell 7. Område i Smøla kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Flatøya ved Veiholmen	MR 500 395	Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000). Usikkert om lokaliteten fortener verdi C.
Hammarøya ved Veiholmen	MR 495 405	Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000). Usikkert om lokaliteten fortener verdi C.
Aunvågen	MR494 359	Skjelsand med m.a. bittersøte, undersøkt av Gaarder & Jordal (2000). Pga. gammalt ØK vanskeleg å plassera rett i høve til oppdrettsanlegg med driftsveg.
Daudmannshaugen-Dyrnestua	MR 42-43, 28-32	Ca. 8 km ² stort lyngheiområde mellom Gjelberg og Dyrnes med mykje hei av gråmosetype (H1c), men ikkje nærare skildra (Fremstad m. fl.1991). Vert truleg noko berørt av vindmølleutbygginga.
Vestsmøla: Skomsøya	MR 404 297	Lyngheiområde skildra av Jordal & Gaarder (1998a). Usikkert om lokaliteten fortener verdi C, truleg i attgroing.
Gjelbergvatnet	MR 42, 27-28	Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000). Usikkert om lokaliteten fortener verdi C.
Gjelberg	MR 411 274	Brakkvasspoll undersøkt av Gaarder & Jordal (2000, lok. 4.16b). Ein er noko usikker på kvar undersøkingane vart gjort, og lokaliteten er derfor ikkje avgrensa.
Jøa: Vambuen	MR 435 255	Mindre holme på nordsida av Jøa, eit par sauer beita også i 2003. Truleg interessant naturbeitemark. Det har vore vanleg med 4-5 sauer (notat Per Halse).
Jøa, sørlegaste delen sør for Møtua	MR 42-43, 22-23	Ikkje undersøkt, men ser interessant ut på kartet med tanke på brakkvassmiljø. Inngår i forslaget til Jøa naturreservat.
Halvøya nordvest for Rangnes + store Bøverøya	MR 46-48, 22-24	Ikkje undersøkt, men ser interessant ut på kartet med tanke på brakkvassmiljø. Inngår i forslaget til Jøa naturreservat.
Myrer sør og søraust for Singsvatnet	MR 46, 29-30	Myrene skal vera undersøkt av Arnfinn Skogen og prioritert i rapport til Miljøverndepartementet tidleg på 1970-talet, men dokumentasjonen synest å vera forsvunnen. Muleg atlantisk høgmyr. Funn av dikesoldogg er truleg gjort her. Vert noko berørt av vindmølleutbygginga.
Myrer vest og nordvest for Holsvatnet	MR 46-47, 30-31	Myrene skal vera undersøkt av Arnfinn Skogen og prioritert i rapport til Miljøverndepartementet tidleg på 1970-talet, men dokumentasjonen synest å vera forsvunnen. Muleg atlantisk høgmyr. Vert noko berørt av vindmølleutbygginga.
Storvatnet	MR 53-55, 29-30	Lokaliteten er drikkevasskjelde for Smøla. Inngår i det varig verna Fuggelvågvasdraget. Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000, lok. 14d). Det er usikkert om lokaliteten fortener verdi C. Bør undersøkast betre. Inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.
Fuggelvågvatna	MR 47-48, 28	Vatn som inngår i det varig verna Fuggelvågvasdraget. Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000, del av lok. 14b). Det er usikkert om lokaliteten bør avgrensast som naturtype. Inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.
Sandvatnet	MR 50 28	Vatn som inngår i det varig verna Fuggelvågvasdraget. Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000, del av lok. 14b). Det er usikkert om lokaliteten bør avgrensast som naturtype. Inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.
Kjysvatnet	MR 51-52, 28	Vatn som inngår i det varig verna Fuggelvågvasdraget. Undersøkt av Gaarder & Jordal (2000, del av lok. 14b). Det er usikkert om lokaliteten bør avgrensast som naturtype. Inngår i forslaget til Midt-Smøla naturreservat.
Sør for Fuggelvågvatna-Sandvatnet	MR 47-51, 28	Eit lyngheiområde i Fuggelvågvasdraget med mykje hei av gråmosetype (H1c) m.m., lite prega av inngrep, men ikkje nærare skildra (Fremstad m. fl.1991). Inngår i det varig verna Fuggelvågvasdraget og forslaget til Midt-Smøla naturreservat.
Rosvolløya: beite ved Rosvoll prestegard	MR 507 203	Undersøkt av Jordal & Sivertsen (1992). Det er usikkert om lokaliteten fortener verdi C.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Rosvolløya: kristtornførekomst ved Rosvoll prestegard	MR 50 20	Undersøkt av Lindmo m. fl. (1991). Punktførekomst av kristtorn (3,5 m høgt hanntre) som i rapporten ikkje er stadfesta betre enn km-rute. Sørhelling 5 m o.h. inntil berg, med planta sitkagran rundt. Ingen naturtype etter DN (1999a), men kunne vore avgrensa som "Andre viktige førekomstar" ved betre stadfesting. Inngår truleg i forslaget til Rosvoll naturreservat.
Sør-Smøla: Ellerholmen (Kuliøya)	MR 511 194	Undersøkt av Jordal & Gaarder (1997). Det er usikkert om lokaliteten fortener verdi C. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla landskapsvernområde.
Kulisvaet	MR 53-56, 17-19	Tilhøyrer den marine naturtypen grunne straumar (+ viltområde), reint marine område er ikkje prioritert i rapporten (kjem inn under marin kartlegging).
Sør-Smøla: Buarnøya	MR 482 168	Kystlynghei undersøkt av Jordal & Gaarder (1993). Det er usikkert om lokaliteten fortener verdi C. Havsivaks i stranda. Lokaliteten inngår i forslaget til Sør-Smøla naturreservat. Bør undersøkast betre.
Edøya, sørvestenden (Edøyskaget m.m.)	MR 55-56, 17	Kulturlandskap/naturbeitemark som vert beita av storfe. Såvidt nemnt av Aksdal (1994) og Jordal & Gaarder (1993), men for dårleg undersøkt.
Oterholman	MR 61 22	Beiteholmar med sau som berre er observerte med kikkert. Ingen biologiske data ut over at dei ser lovande ut som naturbeitemark.
Nerdvika: kristtornførekomst	MR 57 25	Undersøkt av Lindmo m. fl. (1991). Punktførekomst av kristtorn (hanntre med fleire stammar) som i rapporten ikkje er stadfesta betre enn km-rute. Svak sørhelling 20 m o.h. inntil hage, med planta buskfuru og raudhyll rundt. Ingen naturtype etter DN (1999a), men kunne vore avgrensa som "Andre viktige førekomstar" ved betre stadfesting.
Aust-Smøla: Kongsmyra- Lomsøymyra	MR 54-58, 26-28	Stort område med myr, vatn og bekker mellom Kongsvatnet, Nerdvika og indre Roksvåg. Dårlege data om naturtypar og botanikk. Einskildfunn i herbaria viser at det finst rikmyr m.a. ved Kongsvatnet, men dårleg stadfesta. I austlege deler nemner Fremstad m. fl. (1991) at det finst lynghei.
Aust-Smøla: Indre Roksvåg	MR 58 30	Det skal finnast interessant havstrandvegetasjon her, men data er mangelfulle (eldre utgåve av Naturbasen).
Aust-Smøla: Breivika i Hellesfjorden	MR 59 26	Det skal finnast interessant havstrandvegetasjon her, men data er mangelfulle (eldre utgåve av Naturbasen).
Aust-Smøla: Åndhaugen- Lyngheia	MR 54-57, 28-31	Stort område med myr, heiar, vatn og bekker mellom Aurebekken og Rokstadelva. Dårlege data om naturtypar og botanikk.
Aust-Smøla: Rokstadelva- Nordvika	MR 54-56, 31-34	Stort område med myr, småvatn og bekker mellom Rokstadelva og vegen Frostadheia-Nordvika. Dårlege data om naturtypar og botanikk.
Nord-Smøla: myrområde sørvest for Steinsøysund	MR 53-56, 34-36	Stort område med myr, småvatn og bekker mellom vegen Frostadheia-Nordvika og vegen Frostadheia-Hopen. Dårlege data om naturtypar og botanikk.

I tillegg til områda som er nemnt i tabell 7 ovanfor kjem ei rekkje vågar og gruntvassområde med ålegras. Slike lokalitetar skal kartleggast som undervassenger etter DN (1999a). På grunn av tronge rammer i prosjektet har ein sett ei grense ved brakkvatn (jfr. metodekapitlet). Smøla har også svært mange og store lokalitetar med ålegras, og ei god kartlegging her vil medføra omfattande spørjeundersøkingar og feltbefaringar. Ålegrasenger er derfor ikkje prioriterte i prosjektet. Dette vert overlett til ei seinare evt. kartlegging av marine område etter DN-handboka om marin kartlegging. Ein del av lokalitetane er og registrerte som overvintringsområde for sjøfugl (viltkartlegging) fordi ålegraset er vinterføde for mange artar.

Som nemnt i metoden er heller ikkje kartlegging etter handbok i ferskvasskartlegging inkludert, m.a. er lakse- og aureførande vassdrag ikkje registrerte.

Til slutt er det grunn til enda ein gong å minna om at prosjektet heller ikkje inkluderer kartlegging av virveldyr (pattedyr, fugl m.m.) etter handbok i viltkartlegging (DN 1996). Smøla har eit viltkart med tilhøyrande database som bør oppdaterast i eit eige prosjekt.

RAUDLISTEARTAR

Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Smøla. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Sopp

Det er kjent godt over 7000 soppartar i Norge, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). I vårt fylke er det kjent 225 av desse (pr. 01.02.2004). I Smøla er det kjent 35 raudlista soppartar, av desse 2 direkte truga (kategori E), 8 sårbare artar (kategori V), 5 sjeldan (kategori R) og 20 i kategori omsynskrevande (DC). Dei aller fleste av raudlisteartane som er funne i Smøla av sopp er knytt til kulturlandskapet, da særleg naturbeitemarkar (30 artar), men og lynghei (røssllyngbarksopp). I tillegg er det 4 soppartar som er funne i eikeholtet på Kuli, og som er knytt til skog.

Lav

Det er kjent 15 busk- og bladlav-artar i Møre og Romsdal som står på raudlista. Det er ikkje kjent raudlista lavartar frå Smøla, men skorpelavar er ikkje vurdert i samband med den norske raudlista. *Opegrapha vermicellifera* er ein skorpelavart som er raudlista i Sverige og kandidat til raudlista også her i landet. Arten vart funnen på hassel på Kuli av Tor Tønberg 14.10.1983, truleg i eikeholtet (Norsk lavdatabase på Internett).

Planter

Det er i Møre og Romsdal kjent 26 planteartar som står på raudlista. I Smøla er det kjent 4 raudlista planteartar (1 V, 2 DC og 1 DM). Tre av desse (handmarinøkkel, svenskesvæve og kvitkurle) er knytt til kulturlandskapet. Handmarinøkkel er ettersøkt på 1990-talet men ikkje attfunnen, og kan vera forsvunnen. Den fjerde, purpurmarihand, er funnen i rikmyr eller kalkrike heiar ved Skjølberg, men arten er ikkje attfunnen i seinare undersøkingar, så status er difor usikker også for denne.

Mosar

Kuleknollvrangmose *Bryum microerythrocarpum* (kategori DM), er funnen ”paa Sydostsiden i Torfausstich, auf Sandsboden” 09.08.1880 av ein moseforskar som heitte Geheeb. Staden er så dårleg skildra at opplysninga slik sett er bortimot verdiløus, men det kan ikkje utelukkast at arten kan finnast framleis. I så fall må ein ha med seg ein moseekspert, for dette er småtteri og krevande å bestemma sikkert.

Kransalgar

Grønkrans *Chara baltica* vart funnen i Sjøvågen av Alv Ottar Folkestad, seinare innsamla av Geir Gaarder og underteikna og innsendt til Anders Langangen. Han bestemte arten, som står som utrydda på raudlista. Etter at raudlista vart trykt er arten attfunnen ved Kristiansand, og funnet i Sjøvågen er det andre intakte staden der arten er kjend i Norge (Langangen et al. 2001).

Virvellause dyr

Det er kjent to virvellause dyr frå raudlista som er funne i Smøla. Den eine er eit insekt, grøn orebladbill *Linnaeidea aenea* med ukjent funnstad og funntidspunkt (truleg over 100 år gammalt, frå database utarbeidd av NINA). Den andre er ein svamp som lever i ferskvatn, rydersvamp *Anheteromeyenia ryderi*. Denne vart funnen i Lebergstjønnå i 1969, som er ein av få stader i landet der arten er kjent (Økland & Økland 1989, 1991, 1996a, Dolmen 1995).

Funnoversikt

Tabell 8. Oversikt over funn av raudlistearter av ein del grupper i Smøla. 125 funn. Oppdatert pr. 15.02.04.

Finnarar		Raudlistekategoriar		Grupper	
GGa	Geir Gaarder	Ex	utdøydd	Col	biller
JBj	John Bjarne Jordal	E	direkte truga	K	kransalgar
SS	Sigmund Sivertsen	V	sårbar	M	mosar
		R	sjeldan	P	planter
		DC	omsynskrevande	S	sopp
		DM	bør overvakast	Spo	ferskvass-svampar

Gr.	Latinsk namn	Nynorsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
Col	<i>Linnaea aenea</i>	grøn orebladville	V	Smøla	?	ukjent	uplasserbar
K	<i>Chara baltica</i>	grønkrans	Ex	Sjøvågen	27.06.1999	JBj, GGa	MR 576 243
M	<i>Bryum microerythrocarpum</i>	kuleknollvrangmose	DM	Paa Sydostsiden i Torfausstich, auf Sandsboden	09.08.1880	Geheeb	MR 4-5, 2-3
P	<i>Botrychium lanceolatum</i>	handmarinøkkel	DC	nær Roksvåg, ikkje attfunnen 1995, GGa.	03.07.1969	Rasmus Rangnes	MR 58, 29-30
P	<i>Dactylorhiza purpurella</i>	purpurmarihand	V	Skjølberg: kalkmyr nord for Skjølberg	25.07.1898	R.T.Nissen	MR 50 25
P	<i>Dactylorhiza purpurella</i>	purpurmarihand	V	Skjølberg: kalkmyr nord for Skjølberg	28.07.1971	A Skogen & E. Fremstad	MR 50 25
P	<i>Hieracium suecicum*</i>	svenskesvæve	DC	Litlneset	28.06.1999	GGa, JBj	MR 457 342
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Elvegarden, kubeite på kalkstein v. vegen	06.07.1995	JBj	MR 515 245
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Elvegarden, kubeite på kalkstein v. vegen	27.06.1999	GGa & JBj	MR 515 245
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Skilberg [truleg Skjølberg]	28.07.1898	R. T. Nissen	MR 50-51, 25
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Skjølberg	06.07.1951	O. Gjærevoll	MR 56 17
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Skjølberg, tidl. beita kalkrik hei v. varde Valmyrrabben 15 m o.h.	06.07.1995	JBj	MR 503 252
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Sør-Smøla: ved Bollvatnet	01.07.1999	GGa & JBj	MR 500 257
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Sør-Smøla: ved Svartvatnet	01.07.1999	GGa & JBj	MR 53 27
S	<i>Aleurodiscus norvegicus</i>	røsslyngborksopp	R	Kuli mot Haukarhaugen	12.10.1983	SS	MR 53 18
S	<i>Chaetoporellus curvisporus</i>	-	V	Kuli, på edelgran ved eikelokaliteten.	21.09.1992	SS	MR 54 19

Gr.	Latinsk namn	Nynorsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
S	<i>Chromocyphella muscicola</i>	mosehjelm	R	Kuli, over mosar (<i>Hypnum cupressiforme</i> , <i>Illota phyllantha</i>) på sommareik.	12.10.1983	Tor Tønsberg	MR 54 19
S	<i>Clavaria fumosa</i>	røykkøllesopp	V	Jøa, NV for gardene	23.10.1996	GGa & JBJ	MR 440 253
S	<i>Clavulinopsis cinereoides</i>	-	V	Haverøya	23.10.1996	GGa & JBJ	MR 581 218
S	<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudskivesopp	R	Elvegarden	30.09.1997	GGa & JBJ	MR 513-515, 247
S	<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudskivesopp	R	Elvegarden	28.09.2002	GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 513-515, 247
S	<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudskivesopp	R	Kuli: v. Kulihaugen	28.09.2002	GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 552 194
S	<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	-	DC	Haverøya	29.09.2002	GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-021
S	<i>Entoloma bloxamii</i>	praktraudskivesopp	E	Kuli: v. Kulihaugen	28.09.2002	GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 552 194
S	<i>Entoloma caesiocinctum</i>	-	DC	Haverøya	29.09.2002	GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-21
S	<i>Entoloma caesiocinctum</i>	-	DC	Kuli: v. Kulihaugen	28.09.2002	GGa, JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 552 194
S	<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	DC	Elvegarden	30.09.1997	GGa & JBJ	MR 513 247-515 247
S	<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	DC	Elvegarden	29.09.2002	GGa m. fl.	MR 513 247-515 247
S	<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	DC	Haverøya	29.09.2002	JBj m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-21
S	<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	DC	Kuli	28.09.2002	GGa m. fl.	MR 513 247-515 247
S	<i>Entoloma exile</i>	-	DC	Rangnes	07.09.1999	JBj	MR 504 226
S	<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	R	Elvegarden	30.09.1997	GGa & JBJ	MR 514 247
S	<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	R	Haverøya	29.09.2002	JBj m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-21
S	<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	R	Skarpnes v/Brattvær kyrkje	01.10.1997	GGa & JBJ	MR 400 314
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Elvegarden	28.09.2002	JBj m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 513 247-515 247
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Haverøya	29.09.2002	JBj m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-21
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Kuli	28.09.2002	GGa m. fl.	MR 513 247-515 247

Gr.	Latinsk namn	Nynorsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
S	<i>Entoloma mougeotii</i>	fiolett raudskivesopp	DC	Haverøya	29.09.2002	JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-21
S	<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	lillabrun raudskivesopp	DC	Furøya v. Rosvoll	27.09.2002	Per Fadnes, Ellen Ofstad, JBJ	MR 515 204
S	<i>Entoloma pratulense</i>	-	R	Haverøya	29.09.2002	JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 57-58, 20-21
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Elvegarden	06.10.1993	GGa & JBJ	MR 513 247-515 247
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Elvegarden	28.09.2002	JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 513 247-515 247
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Elvegarden	30.09.1997	GGa & JBJ	MR 513 245
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Jøa, NV f. gardene	20.09.1995	GGa	MR 440 253
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Kuli: v. Kulihaugen	21.10.1996	GGa & JBJ	MR 552 194
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Kuli: v. Kulihaugen	28.09.2002	JBJ m. fl. (kurs beitemarkssopp)	MR 552 194
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjøltraudskivesopp	DC	Kuli: v. Kulihaugen	13.10.1995	GGa & JBJ	MR 552 194
